

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 29.01.2015
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 22.01.2015

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 2/15	Protokoll frå førre møte.
PS 3/15	Delegerte saker
PS 4/15	Referatsaker
PS 5/15	Vågsholmen Utvikling AS - søknad om tilskot/økonomisk støtte til utbygging av tekniske anlegg
PS 6/15	Områdereguleringsplan for indre Bergsøy Klage på kommunestyret sitt vedtak
PS 7/15	Oppretting av 100 % stilling for fast vikar i pleie- og osmrogsavdeling
PS 8/15	Strategi for skuleutvikling
PS 9/15	Val av fleire meddommarar til tingretten
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 1/15	Mellombels bruksløyve - 83/108
DS 2/15	Sverre Holding AS 37/130 - Løyve til fasadeendring
DS 3/15	Geir Knotten 45/166 - Ferdigattest
DS 4/15	Olav Kjellstadli - 16/91 - Endring kotehøgd
DS 5/15	Herøy kyrkje 37/15 - Mellombels bruksløyve for deler av kjeller
DS 6/15	Karl Anton Voldnes 79/55 - Bruksløyve
DS 7/15	Bente Larsen Nerland/Magnus Nerland 16/131 - Endring av gitt løyve
DS 8/15	Tømrer prosjekt as - 31/4 - Endra plassering hus 1 og 2
DS 9/15	Ferdigattest 40/22
DS 10/15	Mellombels bruksløyve - 45/170
DS 11/15	Villy Kvalsund 63/1 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein
DS 12/15	Herøy kyrkje 37/15 - Ferdigattest for installasjon av løfteplattform/heis
DS 13/15	Trond Kleppe - 76/39 - Rammeløyve bruksendring
DS 14/15	Bjørn Leikanger - motorisert ferdsel i utmark for transport av byggevarer til sel.
DS 15/15	Nils Gunnar Valde - 45/159 - Endring av ansvarsrett

- DS 16/15 Anne Ma Solheim og Arthur Almestad 33/116 - Ferdigattest
- DS 17/15 Anders Vold Enerhaug - 58/34 - Endring garasje/verkstad
- DS 18/15 Aurvoll og Furesund AS 29/6,8,9,332 - Løyve til å legge ny vassleidning
- DS 19/15 Herøy Kommune - 29/151 - Tribuneoverbygg
- DS 20/15 Ferdigattest for parkeringshus i Gerhard Voldnes veg
- DS 21/15 Søknad om serveringsløyve - PEN THORSETH THAI-GODSAKER
- DS 22/15 Herøy Vasslag 29/313 - Ferdigattest oppsetjing av pumpestasjon
- DS 23/15 Ferdigattest - 37/101 - tilbygg
- DS 24/15 Jan-Lennart Berge 13/90 - Ferdigattest
- DS 25/15 Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Mellombels bruksløyve seksjon 2
- DS 26/15 Ferdigattest - drivhus
- DS 27/15 Herøy kommune - 46/25 - Pipe
- DS 28/15 Mellombels bruksløyve - 80/14
- DS 29/15 Ferdigattest pipe - 16/76
- DS 30/15 Ferdigattest seksjon nr 5 - 5/65
- DS 31/15 Geir Tjervåg 53/1 - Løyve til oppføring av driftsbygning
- DS 32/15 Grethe Halleråker - 60/277 og 446 - Garasjebygg
- DS 33/15 Alf-Sigmund Hjelmeseth 29/32 - Ferdigattest for riving av brannskada hus
- DS 34/15 Endre Notø - 32/2 - Riving av naust

Referatsaker

- RS 1/15 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Herøy kommune. Kostnadsdeling finansiering uteområdet
- RS 2/15 HE 04-14 Møteprotokollen – Utskrift til kommunestyret

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 2/15 Protokoll frå førre møte.

PS 3/15 Delegerede saker

PS 4/15 Referatsaker



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/866
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/15	Formannskapet	20.01.2015
5/15	Kommunestyret	29.01.2015

VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SØKNAD OM TILSKOT/ØKONOMISK STØTTE TIL UTBYGGING AV TEKNISKE ANLEGG

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge møtte i saka.

Olaug Andreassen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er medlem i styret i Herøy Vasslag. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil jf. Kl §40, Fvl §6 e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.01.2015

Med bakgrunn i vedteken utbyggingsavtale for Vågsholmen vert det gjort følgjande vedtak:

1. Herøy kommunen gir Vågsholmen Utvikling AS tilskot til oppdimensjonering av pumpestasjon og pumpeleidning på land og 1/2-parten av pumpestasjonskostnaden i flg. punkt 1a, 1b og 3a i søknaden. Tilskotet vert sett til 723.000 kroner inkl.mva.
2. Tilskotet under punkt 1 ovanfor vert finansiert ved bruk av driftsmidlar frå teneste 5131 Avløp. Tilskotet vert ved utbetaling justert i samsvar med konsumprisindeksen. Tilskotet vert utbetalt når opparbeidinga er ferdig og overteke av kommunen for framtidig drift og vedlikehald.

3. Kommunen tek ansvaret for og kostnaden med **ekstern infrastruktur** som omfattar pumpeledning for avlaup/kloakk frå Vågsholmen til Allmenningen i felles grøft med vassledning i samarbeid med Herøy Vasslag BA(punkt 2a i søknaden). Det er føresett kostnadsdeling med 1/3 på kommunen og 2/3 på Herøy Vasslag BA. For kommunen er berekna kostnad 1.279.000 kroner inkl.mva. Ein føreset at det vert inngått samarbeidsavtale med Herøy Vasslag BA for gjennomføring av tiltaket.
4. Kostnaden med gjennomføring av punkt 3 ovanfor vert finansiert ved bruk av avsette løyvingar til gjennomføring av Kloakkrammeplanen.
5. Søknaden om tilskot/økonomisk bidrag til oppgradering av eksisterande veg på Vågsholmen, kostnaden med gatelys og bygging av trapp frå kommunal veg til offentlig friområde vert ikkje imøtekomen.

Tilråding frå rådmannen:

Med bakgrunn i vedteken utbyggingsavtale for Vågsholmen vert det gjort følgjande vedtak:

6. Herøy kommunen gir Vågsholmen Utvikling AS tilskot til oppdimensjonering av pumpestasjon og pumpeledning på land og 1/2-parten av pumpestasjonskostnaden i flg. punkt 1a, 1b og 3a i søknaden. Tilskotet vert sett til 723.000 kroner inkl.mva.
7. Tilskotet under punkt 1 ovanfor vert finansiert ved bruk av driftsmidlar frå teneste 5131 Avløp. Tilskotet vert ved utbetaling justert i samsvar med konsumprisindeksen. Tilskotet vert utbetalt når opparbeidinga er ferdig og overteke av kommunen for framtidig drift og vedlikehald.
8. Kommunen tek ansvaret for og kostnaden med **ekstern infrastruktur** som omfattar pumpeledning for avlaup/kloakk frå Vågsholmen til Allmenningen i felles grøft med vassledning i samarbeid med Herøy Vasslag BA(punkt 2a i søknaden). Det er føresett kostnadsdeling med 1/3 på kommunen og 2/3 på Herøy Vasslag BA. For kommunen er berekna kostnad 1.279.000 kroner inkl.mva. Ein føreset at det vert inngått samarbeidsavtale med Herøy Vasslag BA for gjennomføring av tiltaket.
9. Kostnaden med gjennomføring av punkt 3 ovanfor vert finansiert ved bruk av avsette løyvingar til gjennomføring av Kloakkrammeplanen.

10. Søknaden om tilskot/økonomisk bidrag til oppgradering av eksisterande veg på Vågsholmen, kostnaden med gatelys og bygging av trapp frå kommunal veg til offentleg friområde vert ikkje imøtekomen.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Vågsholmen Utvikling AS, c/o Arthur Almestad, Vågsholmvegen, 6091 Fosnavåg

Vedlegg

1. Søknad om tilskot/økonomisk støtte til utbygging av tekniske anlegg Vågsholmen datert 16.11.2014
2. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Vågsholmen Utvikling AS
3. Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtaler i Herøy kommune vedtekne i K-sak 25/07 den 15.02.2007

Bakgrunn

Vågsholmen Utvikling AS(VU) søker, med bakgrunn i reguleringsplan med tilhørende føresegner og utbyggingsavtale med kommunen, om tilskot/økonomisk støtte til utbygging av interne og eksterne tekniske anlegg på Vågsholmen. Total omsøkt sum er 5.198.000 kroner inkl.mva.

Saksopplysningar

Det vert vist til vedlagt søknad om tilskot til utbygging av tekniske anlegg Vågsholmen, utbyggingsavtale og Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtaler i Herøy kommune.

Innleiing:

Ved gjennomføring av forhandlingane om utbyggingsavtale med VU la administrasjonen vekt på å følgje vedtekne retningslinjer og praksis ved tidlegare vedtekne utbyggingsavtaler.

Etter punkt 8 i retningslinjene for utbyggingsavtaler er prosjektet eit mellomstort prosjekt. Iflg. retningslinjene vert det då stilt følgjande krav til ytingar frå utbygger. Sitat: **«Der det er naudsynt kan utbyggjar bli pålagt å yte bidrag til, eller opparbeide, ekstern teknisk infrastruktur ut frå den belastning utbygginga påfører kommunen. Intern infrastruktur skal kostast av utbyggjar.»**

Området som skal utbyggast er avgrensa av reguleringsgrensene for reguleringsplanen for Vågsholmen. Eksisterande bygningar innafor regulert område består i dag av 6 bustadar, industribygg og sjøhus/garasjer.

Søknaden er handsama med bakgrunn i m.a. vedtekne retningslinjer for utbyggingsavtaler. Søknaden er elles vurdert i forhold til praksis med kommunal tilrettelegging for privat utbygging og tildeling av tilskot/økonomisk støtte til private utbyggingar **etter** at gjeldande retningslinjer for utbyggingsavtaler vart vedtekne 15.02.2007.

Tilskot til private utbyggingar:

Tidlegare kommunale tilskot til **intern** infrastruktur har i hovudsak vore knytt til oppdimensjonering av leidningsanlegg og pumpestasjonar som har vore ønskjeleg for kommunen. Dette for å dekke framtidig behov for eigedomar/potensielle utbyggingsområde utanfor område omfatta av utbyggingsavtale.

I enkelte tilfelle har kommunen kosta og opparbeidd ulik **ekstern** infrastruktur i samband med privat utbygging av bustadområde t.d. i samband med bygging av konserthus og hotell i Fosnavåg og Kvalsund og Teige bustadfelt. Det har vore lagt vekt på kven infrastrukturen skal tene/vere til nytte for.

Tekniske planar:

Utbygger har levert komplette tekniske planar for utbygging av tekniske anlegg for både intern og naudsynt ekstern infrastruktur. I planane er, etter ønske frå kommunen, pumpestasjon på Vågsholmen og pumpeleidning til Allmenningen oppdimensjonert. Dette for å dekke opp framtidig behov for avlaupsløysing for Nørvågen/Fosnavåg Aust. På dette viset vil det vere tilstrekkeleg med ei pumpeleidning over Vågen.

Planane er ikkje endeleg godkjende og mindre justeringar kan vere aktuelle. Endeleg godkjenning av tekniske planar må gjerast av kommunen før utbygginga startar.

Søknaden:

Utbygger signaliserte i samband med forhandlingane om utbyggingsavtale at det ville bli søkt om tilskot frå kommunen. I forhandlingane vart det frå kommunen si side opplyst om tidlegare praksis og at det var mogleg å søkje om tilskot.

I søknaden frå utbygger vert det søkt om tilskot til både intern og ekstern infrastruktur etter følgjande opplisting:

Punkt	Anleggsdel	Samla kostnad i heile 1000 kr. inkl.mva	Omsøkt sum i heile 1000 kr. inkl.mva
1a	Oppdimensjonering av pumpestasjon	33	33
1b	Oppdimensjonering av pumpeleidning «på land» frå PE110 til PE125	8	8
1c	Oppgradering av eksisterande veg på Vågsholmen		
	- oppbygging av eksisterande veg	1 204	1 204
	- ½ del av nytt dreosanlegg	802	802
	- Nytt rekkverk ved bru venstre side(mot køyrebane)	473	473
2a	Dekning av kostnaden med pumpeleidning (i grøft i sjø) frå Vågsholmen(brua) til eksisterande leidningsnett på Allmenningen		
	Grøftkostnader	3 536	1179
	Materialkostander(leidning og lodd)	100	100
3a	Dekning av ½ del av kostnaden med pumpestasjon	1 363	682
3b	Dekning av kostnaden med bygging av gatelys	661	661
3c	Bygging av trapp frå kommunal veg til offentleg friområde	257	257
Summar inkl.mva		8 438	5 198

Utbyggars argumentasjon for søknad om tilskot frå kommunen i tilknytning til dei ulike punkta ovanfor framgår av vedlagt kopi av søknad.

Økonomi/finansiering:

Tilskot må finansierast ved bruk av driftsmidlar. For den delen av søknaden som gjeld avlaupsanlegg kan desse tiltaka til ei viss grad finansierast ved bruk av driftsmidlar. For dei andre tiltaka vil dei måtte finansierast ved bruk av andre driftsmidlar eller evt. at kommunen tek på seg ansvaret og kostar delar av

utbygginga. Evt. ved økonomisk deltaking i samarbeid med andre. I såfall kan dette finansierast ved låneopptak.

Ved tilknytning av nye abonnentar til kommunalt avlaup vil kommunen få inntekter frå tilknytingsgebyr samt årleg avlaupsgebyr.

Anna kommunal tilrettelegging:

I samband med opparbeiding av eksternt avlaupsanlegg for hotell, konserthus og Strandteigen har kommunen alt tilrettelagt for tilkopling av pumpeleidning for avlaup frå Vågsholmen på Allmenningen.

I økonomiplanen for 2016 er det budsjettert med 1,6 mill. kroner til ny bru og utviding av steinfylling til Vågsholmen frå Nørvågsida.

Vurderingar/konklusjon:

Rådmannen ser det som viktig at søknader om tilskot til utbyggingar der det ligg føre utbyggingsavtale vert handsama i samsvar med Retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar og tidlegare praksis. Dette med bakgrunn i korrekt handsaming i forhold til vedtekne retningsliner og prinsippet om likebehandling.

Det ligg føre lite praksis i forhold til søknader om tilskot sidan retningslinene for utbyggingsavtalar vart vedtekne i januar 2007. Praksis er i hovudsak knytt til Kvalsund og Teige bustadfelt og det nyleg bygde hotellet og konserthuset i Fosnavåg. Ein vurderer Kvalsund og Teige bustadfelt som mest relevant i forhold til søknaden om tilskot frå VU.

Utbygginga av tekniske anlegg på Vågsholmen vil i all hovudsak berre tene eksisterande busetnad, verksemd og nyetablering innafør området som er omfatta av utbyggingsavtalen med VU. Etter gjeldande lovverk kan utbyggjar etter visse reglar krevje refusjon frå dei ulike eigedomane innafør det regulerte området. Ein har imidlertid forstått det slik at refusjon/bidrag frå eigedomane skal gjerast gjennom friviljuge avtalar. Dette er uansett kommunen uvedkomande.

For å oppretthalde praksis med tilskot eller kommunal opparbeiding i samband med utbyggingsavtalar er det **viktig å skilje mellom intern og ekstern infrastruktur**. Med bakgrunn i retningslinene for utbyggingsavtalar punkt 8 og tidlegare praksis vil ein tilrå at kommunen bidreg med følgjande:

- A) Tilskot til **intern infrastruktur** vert avgrensa til pålagt/ønska anlegg og oppdimensjonering frå kommunen si side. I dette tilfelle vil det dreie seg om oppdimensjonering av pumpestasjon og pumpeleidning på land og ½-parten av pumpestasjonskostnaden (punkt 1a, 1b og 3a). Totalt 723.000 kroner inkl.mva.
- B) Kommunen tek ansvaret og kostnaden med **ekstern infrastruktur** som omfattar pumpeleidning for avlaup/kloakk frå Vågsholmen til Allmenningen i felles grøft med vassleidning i samarbeid med Herøy Vasslag BA (punkt 2a). Det er føreset kostnadsdeling med 1/3 på kommunen og 2/3 på Herøy Vasslag BA. For kommunen er berekna kostnad 1.279.000 kroner inkl.mva. Ein føreset at det vert inngått samarbeidsavtale med Herøy Vasslag BA for gjennomføring av tiltaket.

Ein har elles gjort følgjande vurderingar av dei andre anleggsdelande det vert søkt tilskot/økonomisk bidrag til:

Punkt 1c) Oppgradering av eksisterande veg på Vågsholmen(total søknadssum 2.479.000 kroner inkl.mva.)

Bakgrunnen for at det er naudsynt med oppgradering av eksisterande veg er i all hovudsak pga. den auka trafikkmengda som utbygginga på Vågsholmen vil medføre. Tiltaka skal tene dei som skal bu og ha verksemd innafor det regulerte området og ein vurderer såleis at kostnaden ligg til utbygger fullt ut.

Punkt 3b) Dekning av kostnaden med bygging av gatelys(total søknadssum 661.000 kroner inkl.mva.)

Eksisterande gatelysanlegg går til enden av kommunal veg på Vågsholmen. Anlegget er av eldre dato, men fungerer og har ikkje vore vurdert mode for utskifting. Bakgrunnen for at det er naudsynt med nytt og utvida gatelysanlegg har bakgrunn i utbygginga av området. Anlegget vil i all hovudsak tene dei som skal bu og ha verksemd innafor det regulerte området og ein vurderer såleis at kostnaden ligg til utbygger fullt ut.

Punkt 3c) Bygging av trapp frå kommunal veg til offentleg friområde(total søknadssum 257.000 kroner inkl.mva.)

Gjeld bygging av gangveg/trappesti fastsett i reguleringsplan/reguleringsføresegner i enden av innregulert kommunal veg. Sidan anlegget i all hovudsak vil tene dei som skal bu og ha verksemd på området vurderer ein kostnaden ligg til utbygger.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen særskilde.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særskilde.

Konsekvensar for drift:

Ved kommunal overtaking av dei tekniske anlegga vil arbeidsmengda og kostnaden med drift og vedlikehald av veg, avlaup og gatelys auke. Det finst ikkje gode erfaringstal på kor mykje dette vil utgjere.

Konsekvensar for økonomi:

Driftsutgiftene vil auke. Ved tilknytning av nye abonnentar til kommunalt avlaupsanlegg vil kommunen få driftsinntekter frå tilknytingsgebyr samt årleg avlaupsgebyr.

Fosnavåg, 11.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

Vågsholmen Utvikling AS

Fosnavåg, 16. 11.2014

Herøy kommune
6090 Fosnavåg

Søknad om tilskot/økonomisk støtte til utbygging av tekniske anlegg Vågsholmen

Innleiing:

Vågsholmen Utvikling AS er eit selskap skipa for å bygge ut tekniske anlegg (nødvendige vegar, leidnings- og kabelanlegg, pumpestasjon og gatelys) i følgje dei krav og vilkår som kommunen gjennom reguleringsplan og utbyggingsavtale fastset/har fastsett.

Vågsholmen Utvikling AS (VU) si oppgåve er å syte for det praktiske arbeidet med å legge til rette for den utbygginga kommunen har fastsett i reguleringa – dette i samarbeid med grunneigarar. Det vert teke sikte på snarleg oppstart av byggearbeidet og VU arbeider no med finansieringa av prosjektet.

Det har heile vegen vore klart at VU vil søkje om tilskot til utbygginga av dei tekniske anlegga. Vi ville også ha med ei formulering om dette i kap. 5 i utbyggingsavtala, men kommunen ville ikkje at dette skulle stå i avtala.

Kostnader:

Oppgitte kalkylesummar i søknaden gjeld berre dei anleggsdelane det vert søkt om tilskot til. Dei andre interne kostnadene som er knytt til veg- og leidningsanlegg mv. er ikkje teke med her, men utgjør ein vesentleg del ut over dei omsøkte anleggsdelane.

Byutvikling – Vågsholmen som ny attraktiv bydel i Fosnavåg

Utbygginga av Vågsholmen som ein ny attraktiv bydel i Fosnavåg er svært viktig for å utvikle Fosnavåg som kommunesenter, og dermed eit viktig virkemiddel for å nå kommunens ambisiøse mål om 10 000 innbyggjarar i 2020. I kommuneplanen, samfunnsdelen, er det eit mål at talet på innbyggjarar i Fosnavåg sentrum skal doblast. I flg. ROS-vurderinga som er gjennomført av AG Plan og Arkitektur på oppdrag frå Vågsholmen Utvikling AS, vil ei full utnytting av areala slik reguleringsplanen gir høve til, kunne medføre at ca. 460 personar anten bur eller arbeider her. Eit betre samband mellom Vågsholmen og sentrum ved å etablere bru/senketunell vil ytterlegare bety eit vesentleg løft for å skape eit levande og attraktivt sentrum. Eit slikt samband er også nemnt i kommuneplanen. Dette vil sjølvsagt tilføre sentrum vesentleg aktivitet både på dag- og kveldstid.

Sidan utbygginga på Vågsholmen er gjort mogleg gjennom ein privat initiert reguleringsplan så gir kommunen uttrykk for at dei felles tekniske anlegga må opparbeidast og finansierast av dei som står bak utbyggingsplanane, og at kommunen deretter kan ta over anlegga vederlagsfritt. Vi har ved fleire

høve gitt klart uttrykk for at ei utbygging av felles infrastruktur, som ein del av ein ny bydel i Fosnavåg sentrum, i vesentleg grad må vere ei kommunal oppgåve, men vi har ikkje fått medhald for vårt syn i kommuneadministrasjonen. Sett i lys av at det i nærområdet, i Nørvågen, blir lagt opp til at opprusting av veg med fortau samt nytt avlupssystem skal gjennomførast og finansierast av kommunen, blir vårt prosjekt sett i eit underleg lys. Vi kan ikkje finne eksempel i Herøy eller nærliggande kommunar at privat utbyggjar har måtte finansiere oppgradering av allereie eksisterande kommunal veg og bygge nytt fortau, for deretter å "gi" denne tilbake til kommunen etter oppgraderinga.

Er det ein prinsippell forskjell på utbygginga i Nørvågen og Vågsholmen som gjer at kommunen skal handsame desse to utbyggingane forskjellig? Når kommunen i tillegg legg opp til at kloakken frå Nørvågen skal førast ut på Vågsholmen, og deretter gå gjennom ny pumpestasjon og pumpeleidning over til vågen, så blir det for oss svært vanskeleg å forstå at vi som privat aktør skal koste hovudavløpsanlegget.

Med dette som bakgrunn søker vi kommunen om tilskot til utbygging av tekniske anlegg.

Søknad om tilskot, dekning av eksterne kostnader ved utbygging av veg- og leidningsanlegg:

Herøy kommune har gjeve tilskot til fleire utbyggingssaker siste åra. Her nemnast:

- Kvalsund/Teige: ½ del av kostnad med pumpestasjon
- Ved utbygginga av hotellet:
 - o Økonomisk støtte til uteområdet, 9,33 mill. kr. (1/3 av totalkostnad)
 - o Bygging av nytt avlupssystem heilt fram til eigedomsgrense

VU viser til vedlegg frå prosjekterande (AG Plan og Arkitektur AS) som gjev utfyllande opplysningar om dei enkelte anleggsdelane det vert søkt om.

VU søker med dette om tilskot med bakgrunn i tre (3) forhold:

- 1) Tilskot grunna krav om oppdimensjonering av anlegg, dette gjeld:
 - a. Oppdimensjonering av pumpestasjon grunna auken av personekvivalentar frå 320 til 520 (+200 personekvivalentar frå Fosnavåg hamn).
 - b. Oppdimensjonering av pumpeleidning på land grunna pkt. 1) a.
 - c. Oppgradering av eksisterande veg på Vågsholmen for å tilfredstille krav i høve risiko og sårbarheit (ROS). Kostnadsdeling på fortau vert grunngeve med kommunen si utbygging av fortau i andre deler av sentrum utan krav om refusjon frå grunneigarane.

Så langt vi kjenner til har ikkje kommunen tidlegare pålagt nokon utbyggjar å utbetre eksisterande kommunal veg som del av ei utbyggingssak - for så å levere den tilbake til kommunen. VU sitt utgangspunkt er at vegen på Vågsholmen er meint å vere ein til ei kvar tid forsvarleg veg for innbyggjarane på holmen. Vegen er allereie kommunal og busetnad og verksemder er avhengige av at vegen fungerer i alle situasjonar. Når det no skal leggest til rette for vidare utbygging, må vegen oppgraderast og då finn VU det rimeleg at kommunen som vegeigar oppgraderer den delen av vegen som er der i dag. VU har ikkje mynde til å krevje refusjon frå dei eksisterande bebygde eigedomane. VU finn det difor rimeleg at VU no

kostar utviding av køyrevegen i hht reguleringsplanen, medan kommunen dekkjer kostnaden med oppgradering av den eksisterande veggen.

Når det gjeld fortauet så skal dette dekke behov for dei som bur/arbeider på holmen. Vidare er fortaua også tenkte for dei som skal besøkje holmen, verksemder og friområda der. Det er såleis ei vesentleg felles nytte av fortaua, som det er rimeleg at kommunen delfinansierer. VU finn det elles ikkje rimeleg å koste heile fortauet når ein i andre deler av kommunen byggjer ut fortau/planlegg slik utbygging utan at grunneigarane betaler heilt eller delvis for fortauet/gangvegen.

Rekkverket på veggen er ikkje tilfredstillande. Det må byggast nytt rekkverk. På strekninga frå eksisterande bru vert veggen utvida og VU legg til grunn at godkjent rekkverk langs bilvegen si side mot sjø - på denne strekninga - må vere kommunen sitt ansvar. Langs fortau tek VU som utbygger ansvar – også mellombels rekkverk der oppfylling av tomteareal langs fortau manglar.

2) Tilskot grunna utbygging av kommunalt hovudleidningsnett:

- a. Dekning av kostnaden med pumpeleidning frå Vågsholmen - frå brua til Almenningskaia. VU vurderer dette som ei kommunal hovudleidning. Dei som byggjer ut på Vågsholmen vil gjennom betaling av tilknytingsavgift dekkje – om ikkje heile, så i alle fall - ein vesentleg del av kostnadene med leidninga. Vi viser elles til at leidninga skal nyttast for 200 personekvivalentar frå området Nørvågen/Fosnavåg hamn, dvs 2/5 del av bruken kjem derifrå. Alle som tilknyter seg leidninga må betale tilknytingsavgift.

VU sitt grunnsyn er at spillvassleidninga over Vågen er å sjå på som ei ekstern leidning som høyrer til det overordna leidningsnettet i kommunen. Bygging av leidninga i felles grøft med vassverket si nye hovudleidning vil gje økonomiske fordelar for begge leidningseigarane. VU har avklara med vassverket ei kostnadsdeling med den felles grøfta lik 1/3 på spillvassleidninga og 2/3 del på vassleidninga.

3) Tilskot grunna praksis i kommunen vedkomande bruken av tilskotsordninga og ålmenta si felles nytte:

- a. Dekning av ½ del av kostnaden med pumpestasjonen før oppdimensjonering. Så langt VU kjenner til er det frå kommunen gitt tilskot til tilsvarande pumpestasjon på Kvalsund. Det vert søkt dekt ½ del av kostnaden med pumpestasjonen. VU vil elles peike på at kostnadene med slamavskillar og overløpsleidning frå pumpestasjonen og ut i sjø eigentleg er ein del av pumpestasjonen sin funksjon, men VU er komne til at desse leidningane skal kostast av utbygger som følgje av at pkt 2a. vert imøtekome.
- b. Dekning av kostnaden med bygging av gatelys. Eksisterande gatelys må skiftast ut grunna bygging av fortau og «tidas» nye krav til lysdekning på vegarealet. VU viser elles til at kommunen allereie er vegeigar og VU finn at denne kostnaden må falle på kommunen fullt ut.
- c. Bygging av trapp frå kommunal veg til offentleg friområde (i enden av veggen på holmen).

VU viser til at denne trappa ha ein felles funksjon som tilkomst mellom kommunal veg og det regulerte friområdet. For utbygginga sin del kan trappa godt gå ut då vi elles har tilkomst til strandområdet via den felles leikeplassen. Dersom kommunen krev at trappa skal byggjast finn vi det rett at kommunen kostar trappa.

SØKNAD:

Vågsholmen Utvikling AS (VU) søker på vegne av utbyggerane på Vågsholmen om tilskot/dekning av kostnader sum stor kr. 5 198 000.-

Når det gjeld pumpeleidninga over Vågen, så har ikkje VU merknader til om kommunen ev. sjølv vil stå for dette arbeidet i samarbeid med Herøy Vasslag SA. Omsøkt tilskotssum kr. 1 179 000.- kjem då i frådrag frå søknadssum.

VU har heller ikkje merknader til om kommunen gjev fritak for å byggje den omtala trappa i enden av vegen yttarst på holmen. Omsøkt tilskotssum kr. 257 000.- kjem då i frådrag frå søknadssum.

Vågsholmen Utvikling AS har ikkje merknader til at dei omsøkte tilskota vert etterkalkulert i hht faktiske kostnader som følgje av kontrakt med entreprenør/byggerekneskap. Men legg då til grunn at både + og – skal takast omsyn til/avreknast.

Vågsholmen Utvikling AS skal setje i verk utbygginga 1. halvår 2015 og ber om at tilskotssum vert innarbeidd i budsjettet til kommunen for 2015 slik at beløpet kan betalast ut i 2015.

For Vågsholmen Utvikling AS



Styreleiar

PER MAGNE EGGSETH



daglig leiar

ARTHUR ALMESTAD

Vedlegg:

- Notat frå AG Plan og Arkitektur AS dat 16.11.2014

Uprenta vedlegg: dokument vedlagt utbyggingsavtalen

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene•Rådgivande ingeniørers foreining

Ørsta 16.11.2014

Vågsholmen Utvikling AS

Vedlegg til Dykkar:

Søknad om tilskot til utbygging av tekniske anlegg Vågsholmen

AG Plan og Arkitektur AS er prosjekterande for utbygginga av Vågsholmen. På oppdrag frå Vågsholmen Utvikling AS har vi vurdert kostnadene på anleggsdeler som det no vert søkt om tilskot til/dekning av.

Til vitande reknar vi med å sende inn søknad om rammeløyve til kommunen med det første. Rammeløyve er allereie nabovarsla.

For Vågsholmen Utvikling AS har vi gått gjennom prosjekteringsgrunnlaget og kalkulert dei ulike anleggsdelane basert på prosjekterte mengder og erfaringskostnader slik:

- 1) Tilskot grunna krav om oppdimensjonering av anlegg, dette gjeld:
 - a. Oppdimensjonering av pumpestasjon grunna auken av personekvivalentar frå 320 til 520 (+200 frå Fosnavåg hamn)
 - b. Oppdimensjonering avpumpeleidning på land grunna pkt. 1) a.
 - c. Oppgradering av eksisterande veg på Vågsholmen for å tilfredstille krav i høve risiko og sårbarheit (ROS). Kostnadsdeling på fortau grunna kommunen si utbygging av fortau i andre deler av sentrum utan refusjon.
- 2) Tilskot grunna utbygging av kommunalt hovudleidningsnett:
 - a. Dekning av kostnaden medpumpeleidning (i grøft i sjø) frå Vågsholmen til eksisterande eksternt leidningsnett (kryssing av Vågen for tilknytting til kum).
- 3) Tilskot grunna praksis i kommunen vedkomande bruken av tilskotsordninga og ålmenta si felles nytte:
 - a. Dekning av ½ del av kostnaden med pumpestasjonen før oppdimensjonering
 - b. Dekning av kostnaden med bygging av gatelys. Eksisterande gatelys må skiftast ut grunna bygging av fortau og «tidast» nye krav til lysdekning på vegarealet.
 - c. Bygging av trapp frå kommunal veg til offentleg friområde (i enden av vegen på holmen).

Basert på prosjektert mengd og erfaringsprisar på dei enkelte anleggsdelane vert det søkt dekt slike summar:

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00
www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr. 884 182 042 MVA

ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTERING • BYGGJELEIING •

Punkt (jf ovanfor)	Anleggsdel	Samla kostnad i 1000 kr inkl mva	Omsøkt sum i 1000 kr inkl mva
1a	Oppdimensjonering av pumpestasjon	33	33
1b	Oppdimensjonering av pumpeledning «på land». Auka dimensjon frå PE110 til PE125	8	8
1c	Oppgradering av <u>eksisterande veg</u> på Vågsholmen (utviding av veg og fortau ligg på VU): <ul style="list-style-type: none"> - Oppbygging av eksisterande veg etter nytt lengdeprofil (profil 27-167) og ½ del av fortau - ½ del av nytt dresanlegg; overvassledning og kummar på veg og ½ del på fortau. Ansvar VU gjeld ½ del fortau, ca ¼ del av dresanlegg på aktuell strekning). Berekna for profil 27-167. - Nytt rekkverk ved bru venstre side (mot køyrebane), rekkverk høgre side langs fortau ansvar VU. 	1 204 802 473	1 204 602 473
2a	Dekning av kostnaden med pumpeledning (i grøft i sjø) frå Vågsholmen (brua) til eksisterande eksternt leidningsnett (Almenningskaia) Grøftekostnader: Kostnaden delt mellom: vassledning 2/3 del, pumpeledning 1/3 del Materialkostnad pumpeledning (ledning og lodd):	3 536 100	1 179 100
3a	Dekning av ½ del av kostnaden med pumpestasjonen	1 363	682
3b	Dekning av kostnaden med bygging av gatelys.	661	661
3c	Bygging av trapp frå kommunal veg til offentleg friområde	257	257
Summar inkl mva		8 438	5 198

Om dei enkelte kostnadspostane:

Generelt:

Kostnad er fastsett ut frå prosjektert mengd og erfaringsprisar. Det er teke med kostnader knytt til

Del av felleskostnad (rigg, drift mv)

Administrasjon, prosjektering, byggeleiing

Uføresette forhold

Stipulert usikkerheit einingsprisar/prisstigning fram til kontrakt i kalkulasjonsgrunnlaget

Stipulert byggelånsrenter i byggeperiode

Kostnader med garantiansvar

MVA

1a): Kommunen skal knyte forsyningsområdet Nørvågen/Fosnavåg hamn til pumpestasjonen. Dette medfører oppdimensjonering av pumpesump og pumpe med 200 personekvivalentar (frå 320 til 520).

1b):

Oppdimensjonering av pumpestasjon medfører oppdimensjonering av pumpeledning. Endring av dimensjon frå PE110 til PE125.

1c):

Eksisterande kommunal veg på Vågsholmen er einaste veg til/frå holmen. Vågsholmen har i dag både busetnad og verksemder. Vegen ligg lavt i høve havnivå og klimapåkjenningar. Som følge av sikringsomsyn (risiko og sårbarheit - ROS) må vegen hevast for å kunne fungere forsvarleg i alle situasjonar. ROS vurderinga som er lagt til grunn for vidare utbygging på holmen viser at vegen bør ha minstehøgde lik kote 2,53 (senterlinja ikkje under 2,60 m NGO). I høve ROS vert det vist til sjukdom-, brann- og naturskadesituasjonar og at både dei fastbuande og naudetatane må ha sikker tilkomst til området

Vegen ligg i dag på kote 1,82 på lågaste punkt. I tillegg til oppbygging av vegen medfører dette då også oppgradering av dreosanlegget til vegen (ledningar og kummar).

Rekkverket langs vegen (mot sjøen i området ved brua) er ikkje tilfredstillande i høve rekkverksforskrifta. Dette må byggast nytt som del av utbygginga av vegen i hht reguleringsplanen.

2a):

Ved utbygging på Vågsholmen må det byggjast både interne og eksterne anlegg. Spillvatnet må pumpast over frå Vågsholmen til Fosnavåg med eiga ledning. Tilknytingspunktet er Almenningskaia der kommunen har lagt ut aktuell tilknytingsledning. Kommunen skal nytte same pumpeledinga for spillvatnet frå forsyningsområdet Nørvågen/Fosnavåg hamn med 200 personekvivalentar. Vågen er eit sårbart trafikkområde og kystverket har kravd at ledninga med tilhøyrande anlegg må ligge under kote 7,30 LAT for å sikre nødvendig seglingsdjupne. Ut frå djupneforholda medfører dette at ledningar må leggjast i grøft.

Herøy vasslag SA skal legge ny hovudvassledning frå Almenningskai til Vågsholmen. Det er avklara ei kostnadsdeling mellom «ledningane» slik at vassverket med si vassledning tek 2/3 del av grøfte-/leggekostnadene og spillvassledinga dekkjer 1/3 del av kostnaden. Dette med bakgrunn i ledningane sine dimensjonar og bruk av grøfteareal.

3a):

I kostnaden er sett opp sjølve pumpestasjonen og arbeidet med montering. Det er ikkje teke med kostnader som gjeld slamavskillar og overløpsledningar frå stasjonen til sjøen.

3b):

I kostnaden er sett opp alle kostnadene for bygging av nytt gatelys med unnatak av rivingskostnadene til det gamle anlegget. Det eksisterande anlegget er gammalt, har luftlinjer som straumforsyning og armaturane held ikkje dagens krav. Anlegget kjem elles i konflikt med det nye veganlegget. Lysanlegget er del av vegen sitt anlegg.

3c):

I enden av køyrevegen ytterst på Vågsholmen er regulert inn tilkomst frå vegen til det offentlege friområdet. Her er krav tilkomst som reint praktisk må løysast med trapp. Oppsett kostnad inkluderer trapp utført i betong med tilhøyrande rekkverk.

Med vennleg helsing

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar RIF

Oppgradering eks veg:
VEGMASSER:

Mengd	1	RS	19 000	sum
Del av felleskostnader				19 000
Riving asfalt, rekkv. M.bet.fundament	RS	100 000		100 000
Fjerning asfalt	1 RS	15 000		15 000
Fylling	337 m3	200		67 400
F-lag	365 m3	300		109 500
B1-lag	69 m3	300		20 700
B2-lag	655 m2	160		104 800
Asfaltdekke	655 m2	170		111 350
				547 750
Stipulert usikkerhet einingsprisar/prisstigning		7 %		38 343
Stipulert byggeleiansrenter i byggeperiode		3 %		16 433
Administrasjon, prosjektering, byggeleiling		10 %		54 775
Kostnader garantiansvar				3 000
			sum	660 300
			mva	25 %
				165 075
			SUM	825 375

Nytt fortau, 1/2 breidd:

Mengd	1	RS	10 000	sum
Del av felleskostnader				10 000
Fjerning asfalt	0	RS	0	0
Fylling	463 m3	200		92 600
F-lag	52 m3	300		15 600
B2-lag	25,75 m2	300		7 725
Asfaltdekke	208 m2	170		35 360
Kantstein	112,5 m	785		88 313
Plastring mellombels	0 m2			0
Rekkverk mellombels	0 lm			0
			sum	249 598
Stipulert usikkerhet einingsprisar/prisstigning		7 %		17 472
Stipulert byggeleiansrenter i byggeperiode		3 %		7 488
Administrasjon, prosjektering, byggeleiling		10 %		24 960
Kostnader garantiansvar				3 000
			sum	302 517
			mva	25 %
				75 629
			SUM	378 146

Sum oppgradering eks veg og 1/2 del av fortau 1 203 521

DRENERING eks veg:

Del av felleskostnad	stk/m	1	19 000	sum
Sandfangskummar	6		14 500	87 000
Overvasskummar mini	2		9 000	18 000
Overbvasskummar inspeksjon	4		15 000	60 000
Overvassleidning O200	18		214	3 852
Overvassleidning O250	52		267	13 884
Overvassleidning O315	96		412	39 552
Overvassleidning O400	58		597	34 626
Grøftekostnad	166		537	89 087
Utløpsarrangement PE400	1		25 000	25 000
Grøftekostnad PE400	58		1 500	87 000
			sum	458 001

Stipulert usikkerhet einingsprisar/prisstigning

Stipulert byggeleiansrenter i byggeperiode 7 % 32 060

Administrasjon, prosjektering, byggeleiling 3 % 13 740

Kostnader garantiansvar 10 % 45 800

5 000

sum 641 601

mva 25 % 160 400

SUM 802 001

Kommunal veg 601 501

VU 200 500

ca

GATELYS				delsum
Oppsummering kostnader				
Del av felleskostnader				19 000
Grøftkostnader				81 592
Materiell, montering				339 078
			sum	439 670
Stipulert usikkerheit einingsprisar/prisstigning fram til kontrakt i FORHOLD TIL KALKULASJONSGRUNNLAGET		7 %		30 777
Stipulert byggelånsrenter i byggeperiode		3 %		13 190
Administrasjon, prosjektering, byggeleiing		10 %		43 967
Kostnader garantiansvar				1 250
			sum	528 854
	mva	25 %		132 214
	SUM GATELYS			661 068

Kryssing av Vågen med pumpeledning og vassledning

Grøftkostnader:

Rigg, drift , dokumentasjon		900 000
Graving/sprenging, fjerning overskotsmasser		800 000
Legging av rør med lodd		400 000
Tildekking med pukk		200 000
sum grønftkostnader		2 300 000
Uføresett	10 %	230 000
Stipulert byggelånsrenter i byggeperiode	3 %	69 000
Administrasjon, prosjektering, byggeleiling	10 %	230 000
sum delkostnad		2 829 000
mva	25 %	707 250
SUM		3 536 250

Del Sp-leidning

1 178 750

Kjøp av lodd og ledning

	m/stk/pris	mengd	sum	
Kjøp ledning	147	164	24 108	
Kjøp lodd	447	82	36 654	
sum			60 762	
Uføresett			10 %	6 076
Del av felleskostnad				3 000
Stipulert usikkerheit einingsprisar/prisstigning			4 %	2 430
Stipulert byggelånsrenter i byggeperiode			3 %	1 823
Administrasjon, prosjektering, byggeleiling			10 %	6 076
sum delkostnad				80 168
mva			25 %	20 042
SUM				100 210

Oppdimensjonering pumpeledning land 34.- lm 4 964

Oppdimensjonering pumpestasjon 20 000

sum		24 964
Uføresett	10 %	2 496
Del av felleskostnad		1 000
Stipulert usikkerheit einingsprisar/prisstigning	4 %	999
Stipulert byggelånsrenter i byggeperiode	3 %	749
Administrasjon, prosjektering, byggeleiling	10 %	2 496
sum delkostnad		32 704
mva	25 %	8 176
SUM		40 880

Oppdim pumpeledning land 8000

Oppdimensjonering pumpestasjon 33000

	SØKNAD om	
	Byggekostnad	Tilskot
Kryssing Vågen		
Grøftkostnader:	3 536 250	1 178 750
Kjøp av lodd og leidning	100 210	100 210
Oppdimensjonering pumpeledning land	8 000	8 000
Oppdimensjonering pumpestasjon	33 000	33 000
PUMPESTASJON	1 363 500	681 750
Oppgradering eks veg:	825 375	825 375
Nytt fortau, 1/2 breidd:	378 146	378 146
DRENERING eks veg:	802 001	601 501
		<u>1 203 521 (sum 1/2 fortau og veg)</u>
GATELYS	661 068	661 068
Fundament rekkverk venstre side ved bru	473 050	473 050
Trapp ende veg mot friområde	257 150	257 150
sum inkl. mva	8 437 749	5 197 999

PUMPESTASJON MV	Pumpest.	P.ledning land	Pumpest.
Oppsummering kostnader			
Del av felleskostnader	35 000		1 000
Pumpestasjon med montering (utgraving, omfylling, oppfylling med vegmasser)	855 000		
Pumpeledning sjø		5000	
Pumpeledning land, ekstra kostnad		0	20 000
Oppdimensjonering pumpestasjon		0	0
sum	890 000	5 000	21 000
Uføresett	44 500	250	1 050
Stipulert usikkerheit einingsprisar/prisstigning	35 600	200	840
Stipulert byggelånsrenter I byggeperiode	26 700	150	630
Administrasjon, prosjektering, byggeleiing	89 000	500	2 100
Kostnader garantiansvar	5 000	0	0
sum	1 090 800	6 100	25 620
mva	272 700	1 525	6 405
25 %			
SUM	1 363 500	7 625	32 025

Fundament rekkverk venstre side ved bru, trapp ende veg mot frområde

Oppsummering kostnader

	delsum	
	Fundament	Trapp
Del av felleskostnader	14 000	8 000
Fundament	130 000	
Rekkverk	153 000	
Trapp		153 000
sum	297 000	161 000
Uføresett	29 700	16 100
Administrasjon, prosjektering, byggeleieing	29 700	16 100
Stipulert usikkerheit einingsprisar/prisstigning fram til kontrakt i I FORHOLD TIL KALKULASJONSGRUNNLAGET	11 880	6 440
Stipulert byggelånsrenter i byggeperiode	8 910	4 830
Kostnader garantiansvar	1 250	1 250
sum	378 440	205 720
mva	94 610	51 430
25 %		
SUM	473 050	257 150

UTBYGGINGSAVTALE

mellom

Vågsholmen Utvikling AS org. nr. 998 191 351

og

Herøy kommune org.nr. 964 978 840

vedkomande

utbygging av område på Vågsholmen

1 Generelt

1.1 Partane i saka

Mellom Vågsholmen Utvikling AS, heretter kalla utbyggjar, og Herøy Kommune, heretter kalla kommunen, er det inngått avtale om utbygging av det regulerte området "Vågsholmen" med Planidentifikasjon 201002 med seinare vedteken reguleringsplan for delområde med Planidentifikasjon 201262 (endring av veg).

1.2 Formål

Formålet med denne avtalen er å regulere rettar og plikter mellom partane, sikre Offentlege- og felles interesser, samt gjennomføringa av prosjektet.

Overordna denne avtalen gjeld reguleringsplanane for «Vågsholmen» med tilhøyrande reguleringsføresegner. Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter i Herøy kommune.

1.3 Geografisk avgrensing/vedlegg

Som vedlegg til denne avtalen følgjer:

1. Reguleringsplan for «Vågsholmen»
2. Reguleringsføresegner tilhøyrande reguleringsplanane i pkt. 1
3. Vegplan som viser vegareal som inngår i avtalen (C-plan; 2132-C101)
4. Standardteikningar: normalprofil vegar, normalprofil grøfter, vegoppbygging, prinsipp for kumløysingar (2132-F101, F102)
5. VA-plan (GH-plan; GH101, GH102)
6. Kabelplan, gatelysplan (IN-plan; IN101)
7. Framdriftsplan

Veganlegget er avgrensa i sør av reguleringsplan for endring av vegane T2 og T3 slik det går fram av plan med Planidentifikasjon 201262.

1.4 Avtalen sitt omfang

Avtalen skal fastlegge:

- Omfang av tiltak, jf. pkt. 2
- Infrastruktur/tekniske planar, jf. pkt. 3
- Rekkefølge, jf. pkt. 4
- Kostnadsdeling mellom utbyggjar og kommunen, jf. pkt. 5
- Fornminne, jf. pkt. 6
- Grunnerverv/grunnavtalar, jf. pkt. 7
- Avlaup, jf. pkt. 8
- Framdrift, jf. pkt. 9
- Overtaking og driftsfase, jf. pkt. 10
- Garanti, jf. pkt. 11
- Ymse, jf. pkt. 12
- Tvistar, jf. pkt. 13

2 Omfang av tiltak

Tekniske anlegg som utbyggjar skal opparbeide og som kommunen skal take over for

framtidig drift og vedlikehald er:

- Regulerte offentlege vegar i reguleringsplanen "Vågsholmen" med Planidentifikasjon 201262 slik det går fram av vedlegg 1.
- Hovudavløpsanlegg (utanom stikkleidningar til dei ulike eigedomane) slik det går fram av vedlagt VA-plan (eks vassanlegg). Sjå vedlegg 5. Heri også
 - o pumpestasjon
 - o pumpeleidning til Ytre Almenningsskai. Kommunen fører pumpeleidning vidare fram til tenleg tilknytingspunkt på land.
 - o Overløpsleidning frå pumpestasjon til Vågen (jf GH-plan).
- Gateløys iflg. gateløysplan. Sjå vedlegg 6.

3 Infrastruktur/tekniske planar/reguleringsføresegner

Utbygger har, som del av denne avtalen, fått utarbeidd tekniske hovudplanar for utbygging av kommunaltekniske anlegg (VA-anlegg), veganlegg inkl. gateløys.

Utbygger skal syte for nødvendig supplerande detaljprosjektering.

Planane skal, før utbygging, gjennomgåast, kontrollerast og godkjennast av kommunen v/Anleggs- og driftsavdelinga. Vesentlege endringar under arbeidets gang skal også godkjennast av Anleggs- og driftsavdelinga.

I tillegg til det som går fram av leverte tekniske planar m.m. er det avtalt at:

- Materialar og utføring skal ha basis i standard norsk utføring basert på NS3420.
- Pumpeleidning skal vere merka med raudbrun stripe
- Oppbygging av veg med vegbredder skal vere i samsvar med reguleringsplan og tilfredsstillende krav gitt i vegnormalane. Alle vegar som skal overtakast for framtidig kommunal drift og vedlikehald skal dimensjonast og byggast for minimum 8 tons akseltrykk.
- Minimumsstorleik på vasskum med brannventil skal vere DN1600. Kumlokk skal vere sentrisk plassert over brannventil.
- Innvendig spyling og videokontroll skal gjennomførast før avlaupsanlegget vert teke i bruk. Video inkludert rapport skal leverast Herøy kommune.
- Vassleidningar skal trykkprøvast og desinfiserast før dei vert tekne i bruk.
- Innan byggeområdet skal det vere tilfredsstillande branndekning.
- Alle kummar og anleggsdelar skal målast inn, for kummane skal det leverast kumkort i h.h.t. kommunen sin standard.

4 Rekkefølge og vilkår for utbygging

- Erklæring frå Herøy Vasslag BA der vasslaget stadfester at det kan leverast tilstrekkelege mengder vatn med tilfredsstillande kvalitet, og at vasslaget tek på seg framtidig drift og vedlikehald av hovudvassleidningane, må leggest fram for kommunen før opparbeidinga startar.
- Før utbygging kan starte skal planar for vegar og kommunaltekniske anlegg med tilhøyrande beskriving etter NS3420 vere godkjent av kommunen v/Anleggs- og driftsavdelinga.

5 Kostnadsdeling utbygger/kommunen

Utbygger dekkjer alle kostnader med utbygginga som kommunen skal overta som følge av denne avtalen.

6 Fornminne

Funn av ev fornminne i området skal ivaretaast av utbygger i samsvar med ev. krav frå Møre og Romsdal fylke.

7 Grunnerverv/grunnavtalar

Utbygger må sjølv sørge for og koste ev. nødvendig grunnerverv/grunnavtalar mot andre grunneigarar både innafor og utanfor planområdet, samt varsle om dei anleggsarbeid som vil bli utført.

Grunn til offentlege trafikkområde, her under vegar og grøfteareal, jf reguleringsplan, vert å overdrage vederlagsfritt og fritt for hefte til Herøy kommune. Utbygger dekkar kostnader knytt til oppmåling og tinglysing. Alle skøyteformularar skal godkjennast av kommunen før tinglysing for å sikre rettar slik disse går fram av avtalen.

Utbygger skal før kommunal overtaking, legge fram tinglyst heimelsdokument som gir kommunen:

- Egedomsrett til dei regulerte trafikkareala.
- Rett til å drifte, vedlikehalde og eventuelt legge om rørleidningar, kablar og stolpefeste som vert lagt utanom veggrunn og som skal overtakast i samsvar med denne avtalen. Ein føreset ei varig klausuleringsbreidde på 1 m til kvar side av ytterste rør i grøftene. Denne breidda skal ikkje byggast på eller plantast til med tre høgare enn 2 m. Denne retten skal tinglystast på kvar enkelt egedom som vert lagt hovudleidningar over.

8 Avlaup

Kommunen syt for framføring av kommunal hovudkloakk (pumpeleidning) til sjøbotn under Ytre Almenningskaia som utbygger skal knyte seg på, jf vedlegg 5.

Kommunen har rett til å krevje inn ordinært tilknytingsgebyr frå egedomar som vert tilknytt kommunalt avlaupsanlegg i følge det til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ.

9 Framdrift

Det er ikkje avtalt bindande framdrift då marknadsutvikling og marknadsattraktivitet vil vere avgjerande for utbyggingstakta. Utbygginga skal i middeltid vere i samsvar med fastsette rekkjefølgjeføresetnader i reguleringsplanen.

10 Overtaking og driftsfase

Anlegga skal utførast i samsvar med godkjende tekniske detaljplanar og skildring. Anlegga skal overtakast vederlagsfritt av kommunen.

Vedlikehald og drift av dei framtidige kommunale anlegga er utbygger sitt ansvar fram til kommunal overtaking.

Det skal haldast formell overtakingforretning med føring av protokoll. For kommunen sin del skal protokollen godkjennast av Formannskapet.

11 Garanti

11.1 I opparbeidingstida:

Før arbeidet vert sett i gang skal utbygger levere oppdatert kostnadskalkyle til kommunen og stille bankgaranti tilsvarande 10 % av dei totale opparbeidingskostnadane for anlegga som skal overtakast til kommunalt eige og vedlikehald. Garanti kan delast opp etappevis. Bankgarantien skal være gyldig fram til anlegget er godkjent og overteke av kommunen. Elles gjeld reglane i NS 8406 om sikkerheitsstilling så langt dei passar.

11.2 I reklamasjonstida:

Som føresetnad for kommunal overtaking skal kommunen for reklamasjonstida, som er tre år rekna frå dato for kommunal overtaking, ha motteke frå utbygger bankgaranti for anlegg som vert overtekne til kommunalt eige og vedlikehald som svarer til 3% av opparbeidingskostnadene.

Dersom det vert utført reklamasjonsarbeid etter reklamasjonstida si utløp eller er gjort ansvar gjeldande mot utbygger som kan verte kravd dekt av garantien, skal garantiane gjelde til reklamasjonsarbeida er utførte og godkjende. Alle garantiane vert utløyste ved mislighald av kontraktforpliktingane, så som manglar ved utføring og ved betalingsudugleik hos utbygger.

Elles gjeld reglane i NS 8406 om sikkerheitsstilling så langt dei passer.

12 Ymse

- Denne avtalen gjeld frå det tidspunkt den er endeleg godkjent ved vedtak i kommunestyret og fram til alle anlegg som er omfatta av avtalen er fullførte.
- Avtalen opphøyrer å gjelde dersom reguleringsplanen ikkje er gyldig lenger.
- Kommunen ved anleggs- og driftsavdelinga skal varslast før oppstart av opparbeiding og ha muligheit for å delta på oppstartsmøte og byggjemøte som angår anlegg som kommunen skal ta over for drift og vedlikehald.
- Kommunen skal ha tilgang til anleggsplassen.

13 Tvistar

Eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med denne avtalen, og som ikkje let seg løyse ved forhandlingar, skal løysast av dei ordinære domstolane. Eigedomens verneting vert avtalt som tvistens verneting.

Dato,


Dato,

.....
Vågsholmen Utvikling AS

.....
Herøy kommune


TEIKNFORKLARING

Bygninger og anlegg (§12-5 NR.1)

-  Busstader - fritliggende småhus
-  Busstader - konsentrert småhus
-  Andre kommunaltekniske anlegg
-  Småbatallegg i sjø og vassdrag

-  Utlustrustboderhus
-  Leikeplass
-  Busstaderkontor

Samferdselsanlegg og tek. inf. (§12-5 NR.2)

-  Køyreveg
-  Fortau
-  Gangveg/gangareal/gågate
-  Annan veggrunn - tekniske anlegg

Grønstruktur (§12-5 NR.3)

-  Frområde

Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5 NR.6)

-  Småbåttamm

Linjer og symbolar


-  Planen si avgrensing
-  Formalsgrense
-  Regulert tomlegrense
-  Bygglegrense
-  Bygningar som ligg i planen
-  Bygningar som skal fjernast

-  Regulert senterlinje
-  Friskskilinje
-  Malelinje/austrandslinje
-  Avkjørsel

Basiskart er tegnet med svak gråfarge

Elektroni:
 O = Ollenberg lomal
 L = Felles privat lomal

Karttopplysningar
 Kilde for basiskart: Geovest AS
 Dato for basiskart: Okt 2013
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euler89
 Høydegrunnlag: NN 1954



DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3
Reguleringsendring for Vågsholmen
 MED TILHØYRANDE REGULERINGSTØRRESENER
 Høyre kommune
 AG Plan og Arkitektur AS

Areidplan-ID
 201362
 Forbidsstiller
 Vågsholmen Utvikling AS
 Kartprodusent
 AG Plan og Arkitektur AS

Rettskon av plankart


DATO SIGN.

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

	SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:	97/13	29.8.2013	AZT

2. gangs behandling i Formannskapet	133/13	20.8.2013	AZT
Offisiell uttalen fra 26.5.2013 til 7.6.2013			
1. gangs behandling i Formannskapet	6/13	22.1.2013	AZT
Konsekventing av oppsatt plankartet	188/12	5.6.2012	AZT

PLANEN UTARBEIDET AV: **AG Plan og Arkitektur AS**
 PLANNR. **TEGNNR.SAKSBEH**
 AZT



**REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. PBL § 12-3) FOR
«VÅGSHOLMEN»**Nasjonal arealplan-ID: Kartnr. i kartarkivskap nr. 1
1515 – 201262 L12Eigengodkjenningsdato
29.08.2013Eigengodkjend av:
Herøy kommunestyre**§§ 1-3 GENERELT****§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor disse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

- Bustader, frittliggjande (B1-B3)
- Bustader, konsentrert (B4-B5)
- Anna kommunalteknisk anlegg (Sp5)
- Småbåtanlegg, land (Sp1-Sp2)
- Naust (B6)
- Leikeplass (LEIK)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (T2-T3)
- Fortau (T4)
- Gangsti (T5)
- Annan veggrunn, tekniske anlegg

Grøntstruktur (PBL. § 12-5, nr. 3)

- Friområde (Fr2)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL. § 12-5, nr. 6)

- Småbåthamn (Sp3)

§ 5 – AREALBRUK

- For grad av utnytting av tomtene, viser til vedtekne føresegner for gjeldande plan.
- Bygg skal plasserast innanfor byggeområde og eventuelle byggegrensar i reguleringsplanen.

§ 6 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

- Bustader, frittliggjande (B1-B3).

- b. Bustader, konsentrert (B4-B5).
- c. Anna kommunalteknisk anlegg (Sp5).
- d. Småbåtanlegg, land (Sp1-Sp2).
- e. Naust (B6).
- g. Bustad/kontor (B6).

For bruk av ovannemnde område a. – e, samt g. viser disse føresegnene til vedtekne føresegner gjeldande for reguleringsplanen «Vågsholmen» Planidentifikasjon 201002 vedteken 25.2.2010.

f. Leikeplass (LEIK)

Leikeplass, på plankartet merka f_LEIK, er felles privat for eigedomane innanfor bustadområda B1, B2 og B3.

§ 7 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl . § 12-5, nr.2)

I trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhøyrande grøft (T2-T3)
- fortau (T4)
- gangveg/trappesti (T8)
- annan veggrunn, tekniske anlegg

Køyreveg skal ha minstehøgde lik kote 2,59 (senterlinje veg).

I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

«T2» og «T3» er område for offentleg trafikk, køyreveg.

«T4» er område for offentleg trafikk, fortau.

«T8» er område for offentleg trafikk, gangveg/trappesti.

I tillegg til vist trafikkeareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. kap 16.

I vegkryss skal areal ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisktsoner skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

I avkøyrslar som kryssar fortau «T4» skal det nyttast seinka kantstein, min høgdeskilnad lik 2 cm mellom køyreveg og fortau.

§ 8 – GRØNTSTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.3)

Frionråde (Fr2):


For bruk av området «Fr2» viser vi til vedtekne føresegner i gjeldande plan.

§ 9 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)

1. Køyreveg «T2» med fortau «T4» skal ferdigstillast samtidig med det av område «B4», «B5» eller «B7» som først vert bygd ut.
2. Køyreveg «T3» skal ferdigstillast samstundes med «B1».
3. Pumpestasjon/tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar. For område B1 er kravet før bustadhus vert ferdigstilt/tekne i bruk.
4. Det skal takast prøver av grunn før utbygging kan starte.
5. Leikeplassen «f_LEIK» skal opparbeidast med og ferdigstillast samstundes med utbygginga av infrastrukturen i området.

Plan godkjent av Herøy kommunestyret i K-sak 97/13, i møte 29.08.2013.

Fosnavåg, _____



Arnulf Goksøyr
Ordfører





**REGULERINGSPLAN VÅGSHOLMEN, 6090 FOSNAVÅG
FØRESEGNER
HERØY KOMMUNE**

§ 1 GENERELT

1. Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.
2. Arealet innafor reguleringsgrensa er i samsvar med § 25 i plan- og bygningslova regulert til:

1. Byggområde, B1-B7:

- | | |
|--|--------|
| - Frittliggjande småhusbebyggelse | B1- B3 |
| - Konsentrert bebyggelse, leilighetsbygg | B4-B5 |
| - Naust | B6 |
| - Bustad/kontor | B7 |

3. Trafikkområde (Offentleg) T1-T7:

- | | |
|------------------------|-------|
| - Køyreveg/Bru | T1 |
| - Køyreveg | T2-T3 |
| - Gangveg, Fortau | T4 |
| - Trafkkområde sjø | T5-T6 |
| - Hamneområde, fending | T7 |

4. Friområde Fr1-Fr3:

- | | |
|---------------------|-----|
| - Friområde, leik | Fr1 |
| - Friområde, turveg | Fr2 |
| - Friområde | Fr3 |

6. Spesialområde Sp1-Sp6:

- | | |
|---|----------|
| - Privat småbåtanlegg på land | Sp1-Sp2 |
| - Privat småbåtanlegg i sjø | Sp3- Sp4 |
| - Kommunalteknisk anlegg og transformatoriosk | Sp5 |
| - Friluftsområde i sjø | Sp6 |

§ 2 FELLESFØRESEGNER:

1. Plankrav

1.1. Bebyggelsesplan

Det skal utarbeidast bebyggelsesplan for B4, B5 og B7. Tomter kan ikkje delast frå eller bli bygd på før det ligg føre godkjend bebyggelsesplan for områda.

Bebyggelsesplanen skal vise:

- plassering av bebyggelsen, herunder målsett ved inngangspartiet.
- bebyggelsen si høgde og ev. møneretning.
- ei vidareføring av aksane frå sentrum.
- avgrensing av tomter og fellesareal.
- tilkomst til området, parkeringsløyising.
- leikeareal og annan disponering av ubebygde delar av fellesareal.

Som vedlegg til planen skal det også liggje føre retningslinjer for formgjeving, materialbruk eller andre prinsipp som skal følgjast for å ivareta innbyrdes harmonisering mellom ulike delar av bebyggelsen og mellom bebyggelsen og landskapet.

**REGULERINGSPLAN VÅGSHOLMEN, 6090 FOSNAVÅG
FØRESEGNER
HERØY KOMMUNE**

- 1.2. Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og byggjevedtekter for Herøy kommune.
- 1.3. Kommunen, kan når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene, innanfor ramma av plan- og bygningslova og byggjevedtektene for Herøy kommune.
- 1.4. Privatrettslege avtaler i strid med planen er forbode.
- 1.5. Det er ikkje tillate å setje opp lys langs innseglinga til vågen, som kan vere til hinder eller fare for ferdsla i sundet. Eksisterande navigasjonslys skal vere godt synlege.
- 1.6. Ein kan tillate fending langs dagens kaifront mot vest. Fronten kan ikkje nyttast til fortøying av båtar eller andre innretningar.

- 2. Byggjegrønsar**
- 2.1. Bygg skal plasserast innanfor byggeområda og eventuelle byggjegrønsar i reguleringsplanen.

- 3. Fylling i sjø**
- 3.1. Område kan fyllast ut som vist på plan.
- 3.2. Utfyllingar i sjøen må berre gjerast med eigna massar, og på ein slik måte at ein unngår utvasking og ulemper for det maritime miljøet.
- 3.3. Fyllingsfrontane skal ha ei tiltalende utforming. Før tiltak i sjø kan setjast i verk, må det liggje føre løyve frå Kystverket.
- 3.4. Etappevis utfylling skal tilordnast.
- 3.5. Før tiltak i sjø kan iverksetjast må det liggje føre løyve etter havne og farvasslova. I området inn mot innseglinga til vågen er det Kystverket som avgjer søknadene.

- 4. Overflater**
- 4.1. Kommunen skal sjå til at bygningane, gaterom/-flater og anlegg får ei god form med høveleg materialbruk. Utvendig fargesetting på bygningane skal godkjennast av kommunen.

- 5. Ubebygd areal**
- 5.1. Ubebygde delar av byggeområda skal ha ei tiltalende utforming og beplanting.

- 6. Røkkjefølge**
- 6.1. Køyreveg T2 med fortau T 4 skal ferdigstillast samtidig med det av område B4, B5 eller B7 som først vert bygd ut.
- 6.2. Køyreveg T3 skal ferdigstillast samstundes med B1.
- 6.3. Pumpestasjon/tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar.

**REGULERINGSPLAN VÅGSHOLMEN, 6090 FOSNAVÅG
FØRESEGNER
HERØY KOMMUNE**

6.4. Det skal takast prøver av grunn før utbygging kan starte.

§ 3

BYGGEOMRÅDE

1. Frittliggjande småhusbebyggelse B1 - B3

- 1.1. I område B1 kan det oppførast bustadhus med maksimum mønehøgde lik 6.5 meter i høve til gjennomsnittleg planert terreng. Samla grunnflate for bygningar og naudsynt parkeringsareal (%BYA) skal vere lik eller mindre enn 40 % av tomta sitt nettoareal. Det skal vere plass til minst 1 overdekt bilplass og 1 biloppstillingsplass for bil p.r. bueining på eigen grunn. Frittliggjande garasje kan oppførast i ein etasje med maksimal mønehøgde på 4 meter i høve til gjennomsnittleg planert terreng. Plassering av garasje og biloppstillingsplass skal visast på situasjonsplan som følgjer byggjemeldinga for bustadhuset. Dette gjeld og om garasjen ikkje vert oppført samstundes med huset.
 - 1.2. For område B1 skal bygga på ein særskild måte tilpassast terreng.
 - 1.3. I områda B2 og B3 skal samla grunnflate for bygningar og naudsynt parkeringsareal (%BYA) vere lik eller mindre enn 30 % av tomta sitt nettoareal.
 - 1.4. Frittliggjande garasje eller andre mindre bygg kan plasserast inntil 1 meter frå tomtegrensa. Ved skriftleg samtykke frå eigar av naboiegdom kan slike bygg plasserast inntil grensa.
 - 1.5. I område B2, er bustadhus på gnr. 33, bnr. 113 registrert i SEFRAK-registeret som kulturminne, stove. Bygget skal takast vare på. Ved vedlikehald av bygget skal ikkje eksteriøret endrast, heri også detaljar og materialar".
 - 1.6. Eigedomane innanfor B3 skal ha felles tilkomst til veg T2.
- 2. Konsentrert bebyggelse – leilegheiter B4-B5**
- 2.1 % BYA skal ikkje overstige 40 % av tomtestorleiken.
 - 2.2 Maksimal gesims/mønehøgde gitt i kote på plan skal ikkje overstige 13.7 meter for område B4. Maksimal gesims/mønehøgde gitt i kote på plan skal ikkje overstige 16.7 meter for område B5.
 - 2.3 Minimum 10 % av tomta skal for kvart område setjast av til nærleikeområde og uteområde for bueiningane.
 - 2.4 Parkeringsdekninga skal vere i samsvar med gjeldande vedtekter for Herøy kommune.
 - 2.5 Leikeområde i tilknytning til B4 og B5, skal vere ferdigstilt før bustadene er klare for innflytting.

**REGULERINGSPLAN VÅGSHOLMEN, 6090 FOSNAVÅG
FØRESEGNER
HERØY KOMMUNE**

2.6 Det skal leggjast til rette for eit samanhengande gangsamband som er ope for allmenn ferdsel, langs sjøen innanfor område B4 og B5.

3. Naust B6

% BYA skal ikkje overskride 40 % av tomtestorleiken. Maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 5 meter i høve til gjennomsnittleg planert terreng.

Det er ikkje høve til å innrele bueingar i naustet eller innrele naustet til andre bruksformål, med unntak av mindre rom for lagring (ved, utstyr og liknande).

4. Bustad/kontor B7

4.1 % BYA skal ikkje overstige 40% av tomtestorleiken.

4.2 Maksimal gesims/mønehøgde gitt i kote på plan skal ikkje overstige 13,7 meter.

4.3 Minimum 10 % av tomte skal setjast av til nærleikeområde og uteområde for bueingane.

4.4 Parkeringsdekninga skal vere i samsvar med gjeldande vedtekter for Herøy kommune.

§ 4 TRAFIKKOMRÅDE offentleg, T1-T7

1. Område for offentleg trafikk, T1, bru. Breidde vegbane lik T2, med fortau lik T4.

2. Område for offentleg trafikk, T2, køyreveg. Breidde vegbane 5 meter. Skal gå fram til byggeområde B4.

3. Område for offentleg trafikk, T3, køyreveg. Breidde vegbane 3 meter. Skal gå fram til byggeområde B1.

4. Område for offentleg trafikk, T4, fortau. Breidde 2 meter, skal gå fram til Fr1 friområde leik.

5. Område for offentleg trafikk T5-T6. Området T5 er ein del av det offentlege hamneløpet i Fosnavåg og skal haldast fritt for anlegg i sjøen. I område T6 kan det leggjast til rette for anløp av mindre fartøy.

6. Område for offentleg trafikk T7, er eksisterande fendringsområde. Dette skal haldast ope for allmenn ferdsel og sikre tilgang til friområde Fr2 og Fr3.

§ 5 FRIOMRÅDE, Fr 1-3


1. Friområde Fr1 er leikeområde som skal vere ope for alle i nærmiljøet. Det kan oppførast mindre installasjonar for leik, men terreng og natur skal i størst mogleg grad takast vare på. Det kan leggjast til rette for mindre anlegg som brygge eller badeplass.

**REGULERINGSPLAN VÅGSHOLMEN, 6090 FOSNAVÅG
FØRESEGNER
HERØY KOMMUNE**

2. Friområde Fr2 er turveg som skal sikre tilkomst til område Fr3, via fenderingsområde T7. Breidde 2 meter.
3. Friområde Fr3 er friområde på land. Det kan opparbeidast sti i mindre skala, denne skal tilpassast terreng.

§ 6 SPESIALOMRÅDE, Sp 1 - 6

1. Anlegg og tiltak i sjø må være godkjent i henhold til " Lov om havner og farvann".
2. Område Sp1 er område på land for privat småbåtanlegg. Det kan oppførast servicebygg på området innanfor markert byggegrense.
3. Område Sp2 er område på land for privat småbåtanlegg, molo.
4. Område Sp3 er område i sjø for privat småbåtanlegg, tilhøyrande B4 og B5. Det skal utarbeidast og godkjennast plan før igangsetting.
5. Område Sp4 er område i sjø for privat småbåtanlegg, tilhøyrande område B3 og B6.
6. Område Sp5 er transformatoroklosk, og kommunalteknisk anlegg som pumpestasjon. Området skal ha fri tilkomst frå veg.
7. Område Sp6 er friluftsområde i sjø


Føresegner justert 25.1.2010.

Fosnavåg 5.7.2010



Vågsholmen Utvikling AS - Framdriftsplan for utvikling av tekniske anlegg som oppfølging av utbyggingsavtalen

	Aktivitet	utført
1	Politisk handsaming av utbyggingsavtale – Formannskapet	Juni 2014
2	Offentlig ettersyn av utbyggingsavtalen	August 2014
3	Endelig politisk handsaming av utbyggingsavtale - Kommunestyret	September 2014
4	Godkjenning av tekniske planer – Anleggs- og driftsavdelinga	September 2014
5	Avtaler med grunneigarar om grunn til veg	Oktober 2014
6	Anbodsinnhenting og val av entreprenør	November 2014
7	Igangsetjing av arbeid – tekniske anlegg	Januar 2015
8	Ferdiggjering av prosjekt	Januar 2016

Dette betyr at vi planlegger å sette i gang arbeidet med det tekniske anlegget i januar 2015 og at beregnet avslutning på arbeidet er januar 2016

RETNINGSLINER FOR BRUK AV UTBYGGINGSAVTALAR I HERØY KOMMUNE

Innhald

1. Heimelsgrunnlag
2. Definisjonar
3. Verkeområde
4. Kommunale styringsdokument
5. Føresetnader for bruk av utbyggingsavtale
6. Når er det aktuelt med utbyggingsavtale
7. Innhaldet i utbyggingsavtalen
8. Krav til ytingar frå utbyggjar etter storleiken på utbygginga
9. Geografiske skilnader
10. Avtaletidspunkt
11. Reglar for sakshandsaming – vedtakskompetanse

1. Heimelsgrunnlag

Grunnlaget for desse retningslinene er plan- og bygningslova (PBL) kap. XI-A- Utbyggingsavtalar

Plan og bygningslova og evt. forskrifter gjeve i medhald av PBL §64e gjeld føre desse retningslinene.

2. Definisjonar

Med utbyggingsavtale meiner ein avtale mellom kommunen og grunneigar/utbyggjar om privat utbygging av eit område med plikter og rettar for begge partar.

3. Verkeområde

Desse retningslinene gjeld for heile kommunen.

4. Kommunale styringsdokument

- Vedtekne kommuneplanar og kommunedelplanar som t.d. arealdelen av kommuneplanen, trafikktryggingssplanen, økonomiplanen for VA m.fl.
- Årsbudsjett og handlingsprogram

5. Føresetnader for bruk av utbyggingsavtale

For å kunne inngå utbyggingsavtale for eit område er det ein føresetnad at området inngår i vedteken arealplan. Jfr. PBL §64c, siste ledd

Avtalen skal sikre at utbygging av området i privat regi byggjer på kommunen sine krav, ønskjer og intensjonar. Jfr. pkt. 4 Kommunale styringsdokument.

Tiltak som utbyggjar kostar skal stå i rimeleg forhold til utbygginga sitt omfang. Jfr. PBL §64b, 3. ledd 2. og 3. punkt.

Godkjend utbyggingsavtale kan opne for at utbygging av eit område kan starte før evt. rekkjefølgjeføresegner gjev grunnlag for det. Til dømes før hovudkloakk er utbygd i området.

6. Når er det aktuelt med utbyggingsavtale

Normalt skal det inngåast utbyggingsavtale i alle utbyggingssaker med 20 eller fleire bustadeiningar, der utbygginga omfattar meir enn 2000 m² BRA(bruksareal) eller der utbyggingsarealet overstig 10 daa(dekar).

Trongen for utbyggingsavtale vert vurdert nærare for prosjekt med 10-20 bustadeiningar og areal mellom 1000 og 2000 m² BRA.

Ut over dette skal utbyggingsavtale alltid vurderast der det er gjeve rekkjefølgjeføresegner i arealplan (kommuneplan, kommunedelplan, regulerings- og utbyggingsplan).

7. Innhaldet i utbyggingsavtalen

Innhaldet i utbyggingsavtalen skal ligge innafor det som er fastsett i PBL §64.

Tilhøva med omsyn til infrastruktur (teknisk og sosial) varierer rundt i kommunen og innhaldet i utbyggingsavtalane vil difor variere.

Følgjande element skal vurderast og evt. inngå i utbyggingsavtalen:

- Geografisk avgrensing
- Tal på bustadeiningar som skal byggjast med grunnlag i plan for området
- Bustadtypar, fordeling
- Næringsbygg, formål og utnytting m.m.
- Parkering
- Utbyggingstakt og tidspunkt
- Kostnadsfordeling, utbyggjar/kommunen
- Forskotering av offentleg investeringar
- Tekniske planar, inkludert planar for opparbeiding av friområde, leikeplassar, allmenne område m.m. samt ansvarsfordeling i høve til opparbeidinga og evt. drift
- Trafikktryggingstiltak som skilting, merking og fartsreducerande tiltak som t.d. fartshumpar
- Kvalitetskrav til planane og førehandsgodkjenning
- Krav til byggeskikk, universell utforming, livslaupsstandard m.m.
- Bygging av veglys og evt. felles kabel-/parabolanlegg
- Økonomiske føresetnader, inkl. eventuelle tilskot som utbyggjar skal betale til infrastruktur, garantiar for gjennomføring m.m.
- Overtaking av grunn og anlegg etter utbygging (vegar, vass-, gass- og avlaupsleidningar, veglys, turveg- og parkbelysning, friområde, allmenne område og liknande) for framtidig drift og vedlikehald
- Utbyggjar sitt ansvar for å etablere organisasjons- og driftsform for fellesanlegg inkl. ansvar/plikter for nye eigarar

8. Krav til ytingar frå utbyggjar etter storleiken på utbygginga

Det vert stilt differensierte og aukande krav til ytingar frå utbyggjar alt etter storleiken på utbygginga.

Små prosjekt(<20 bustadeiningar eller mindre enn 2000 m² BRA)

Låge krav til bidrag til ekstern teknisk infrastruktur. Intern infrastruktur skal kostast av utbyggjar.

Mellomstore prosjekt (20-100 bustadeiningar eller 2000 – 10000 m2 BRA)

Der det er naudsynt kan utbyggjar verte pålagt å yte bidrag til, eller opparbeide, ekstern teknisk infrastruktur ut frå den belastning utbygginga påfører kommunen. Intern infrastruktur skal kostast av utbyggjar.

Store prosjekt (>100 bustadeiningar eller større enn 10000 m2 BRA)

Utbyggjar skal yte bidrag til, eller opparbeide, naudsynt ekstern teknisk infrastruktur ut frå den belastning utbygginga påfører kommunen. Intern infrastruktur skal kostast av utbyggjar.

9. Geografiske skilnader

I dei område i kommunen der kommunen ønskjer å stimulere til utbygging, kan det vere aktuelt for kommunen å gå inn med støttetiltak, tilrettelegging m.m. Der dette er aktuelt vil kommunale ytingar og tiltak inngå som ein del av utbyggingsavtalen.

10. Avtaletidspunkt

Kommunen sine krav til innhald i ein utbyggingsavtale skal avklarast så tidleg som mogleg.

Bindande avtale om utbygging kan ikkje gjerast før arealplanen for området er vedteken. Jfr. PBL §64c, siste ledd.

Avtalen kan godkjennast av kommunestyret tidlegast i same møte som arealplanen vert godkjend, men då som eiga sak.

11. Reglar for sakshandsaming – vedtakskompetanse

Rådmannen har ansvar for å forhandle fram utbyggingsavtalar på grunnlag av desse retningslinene. Sakshandsaminga skal følgje reglane i PBL §64c.

Utbyggingsavtalar skal godkjennast av kommunestyret etter tilråding frå fast utval plansaker.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2012/1361
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/15	Formannskapet	20.01.2015
6/15	Kommunestyret	29.01.2015

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY KLAGE PÅ KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide møte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.01.2015

Herøy kommune kan ikkje sjå at innkomne klager inneheld nye moment i høve til det som låg føre då områdereguleringsplan for indre Bergsøy vart vedteken i møte 27.11.2014, sak 147/14.

Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 147/14. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommune kan ikkje sjå at innkomne klager inneheld nye moment i høve til det som låg føre då områdereguleringsplan for indre Bergsøy vart vedteken i møte 27.11.2014, sak 147/14.

Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 147/14. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Annette og Ragnar Reite, Flusundvegen 28, 6091 Fosnavåg
Aud Merete Sandvik Jøsok, Jøsokvegen 431, 6080 Gurskøy
Styret i Berge og Flusund grendelag, 6091 Fosnavåg
Britt Wenche Bostad, Øvre Bergslia 2, 6091 Fosnavåg
Ingar Børre Sandvik, Anton Bergsvei 128, 7099 Flatåsen
Ingebjørg Berge, Bergsneset 1, 6091 Fosnavåg
Jens Morten Berge, Rabbegjerdet 9, 6091 Fosnavåg
Knut Magne Rønning, Flusundvegen 21, 6091 Fosnavåg
Mariann og Gard Berge, Flusundvegen 49, 6091 Fosnavåg
Mindor Reite, Reitane 10, 6091 Fosnavåg

Vedlegg:

1. Kopi av saksprotokoll og saksutgreiing, K-sak 147/14.
2. Reguleringsplankart for områdereguleringplan for indre Bergsøy, godkjent i kommunestyret 27.11.2014.
3. Reguleringsføresegner, godkjent i kommunestyret 27.11.2014.
4. Planomtale med vedlegg, datert 27.11.2014.
 - A. Innspel ved oppstart av planarbeidet i 2008.
 - B. Merknader og uttalar ved offentlig ettersyn i 2009.
 - C. Merknader og uttalar ved offentlig etersyn i 2014.
 - D. ROS-analyse.
 - E. Temakart automatisk freda kulturminne.
 - F. Temakart vegar.
5. Klage frå Britt Wenche Bostad, datert 22.12.2014.
6. Klage frå Jens Morten Berge, datert 23.12.2014.
7. Klage frå Ingebjørg Berge, datert 29.12.2014.
8. Klage frå Annette og Ragnar Reite, datert 30.12.2014.
9. Klage frå Mindor Reite, datert 30.12.2014.
10. Klage frå Ingar Børre Sandvik og Aud Merete S Jøsok, datert 31.12.2014.
11. Klage frå Knut-Magne Rønning, datert 31.12.2014.
12. Klage frå styret i Berge og Flusund grendelag, datert 31.12.2014.
13. Klage frå Mariann og Gard Berge, datert 1.1.2015.

Vedlegg 1-4 finn du her (ctrl + klikk for å følgje koblinga):

https://www.dropbox.com/sh/afib8mfm6cfwkri/AADaqGY_ciJbPgX3lwf0Nne4a?dl=0

Bakgrunn:

Herøy kommunestyre godkjende 27.11.2014, K-sak 147/12, områdereguleringplan for indre Bergsøy med tilhøyrande reguleringsføresegner. Melding om vedtak vart sendt til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar/oppsitjarar.

Innan klagefristen vart det sett fram ni klager:

- Klage frå Britt Wenche Bostad, datert 22.12.2014.
- Klage frå Jens Morten Berge, datert 23.12.2014.
- Klage frå Ingebjørg Berge, datert 29.12.2014.
- Klage frå Annette og Ragnar Reite, datert 30.12.2014.

- Klage frå Mindor Reite, datert 30.12.2014.
- Klage frå Ingar Børre Sandvik og Aud M S Jøsok, datert 31.12.2014.
- Klage frå Knut-Magne Rønning, datert 31.12.2014.
- Klage frå styret i Berge og Flusund grendelag, datert 31.12.2014.
- Klage frå Mariann og Gard Berge, datert 1.1.2015.

Klagene skal handsamast på vanleg måte av formannskap og kommunestyre før oversending til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar:

Planprosessen

Fast utval for plansaker vedtok hausten 2007 at det skulle setjast i gong reguleringsplanarbeid for eit større område på indre Bergsøy. I samband med oppstart av planarbeidet vart det registrert innspel frå fleire offentlege instansar og frå private. Innspela vart vurderte/kommenterte i eige skriv, som har følgd saka. Sjå vedlegg 4 til planomtalen.

Fast utval for plansaker vedtok i møte 16.6.2009 at framlegg til flatereguleringsplan for indre Bergsøy skulle leggjast ut til offentlig ettersyn. Det kom inn ei rekkje uttalar og merknader. Uttalane og merknadene vart vurdert og kommentert i eige skriv, som har følgd saka. Sjå vedlegg B til planomtalen. Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga, kravde at det måtte gjennomførast arkeologisk registrering før uttale.

Arkeologisk registrering vart gjennomført vår/sommar 2009. Kommunen mottok fråsegn etter registreringa i mai 2012. Fylkeskommunen reiste motsegn til reguleringsplanframlegget med bakgrunn i 19 nyregistrerte funn av automatisk freda kulturminne. Med bakgrunn i motsegna vart planforslaget frå 2009 omarbeidd. Det vart gjort ein del endringar for å tilpasse seg dei store funnområda innanfor området.

Formannskapet vedtok i møte 4.2.2014, at justert framlegg til områdereguleringsplan for indre Bergsøy, sist datert 15.1.2014, skulle leggjast ut til offentlig ettersyn.

Innan fristen kom det inn 10 uttalar frå offentlege instansar og 32 merknader frå grunneigarar/private. Uttalane og merknadene er vurdert og kommentert i eige skriv som har følgd saka. Sjå vedlegg C til planomtalen.

Kommunestyret godkjende områdereguleringsplan for indre Bergsøy i møte 27.11.2014.

Oppsummering planprosess

Saksnr.	Dato	Tema
76/07	30.10.07	Fast utval for plansaker. Oppstart reguleringsplanarbeid
72/08	09.09.08	Fast utval for plansaker. Prinsippavklaring – val av vegløyising
51/09	16.06.09	Fast utval for plansaker. Utlegging til 1. gongs offentlig ettersyn
20/14	04.02.14	Formannskapet. Utlegging til 2. gongs offentlig ettersyn
147/14	27.11.14	Kommunestyret. Slutthandsaming. Godkjenning av plan.

Klagene

Britt Wenche Bostad, 22.12.2014 (gnr. 30, bnr. 81)

Bostad viser innleiingsvis til tidlegare brev knytt til reguleringsplanprosessen og til andre brev ho har sendt til kommunen og andre instansar i tilknytning til eigedommen hennar.

Bostad hevdar kommunen ikkje forstår karta over eigedommen og at kommunen ikkje tek omsyn til hennar merknader. Ho stiller spørsmål ved om huset skal fjernast.

Bostad meiner kommunen sitt kart ikkje er korrekt. Det vert vist til kart frå 1973 og frådeling av eigedommen hennar på 80-talet. Ho hevdar at kommunen har teke areal frå hennar parsell utan å betale. Ho stiller spørsmål ved om kommunen no skal ta meir areal frå gnr. 30, bnr. 81 utan å betale. Bostad varslar at dersom huset hennar må flyttast, vil kommunen motta millionkrav.

Kommentar:

Sakshandsamar har vore i dialog med kart- og oppmålingsavdelinga i kommunen, som stadfestar av grensene i tilknytning til gnr. 30, bnr. 81 er korrekte slik dei ligg inne i kartet vårt som er lagt til grunn ved reguleringsplanen.

Bostad har kome med merknad til planarbeidet tidlegare, sist ved offentleg ettersyn våren 2014. Merknaden vart vurdert og kommentert på vanleg måte. Kommunen fann ikkje grunnlag for å imøtekomme merknaden hennar. Det vert vist til vedlegg C til planomtalen.

Det er i godkjend områdereguleringsplan for indre Bergsøy ikkje lagt opp til at bustadhuset på gnr. 30, bnr. 81 skal fjernast.

Når det gjeld eventuell erstatning, vert det vist til plan- og bygningslova sitt kapittel 15. Grunneigar kan krevje innløyning og erstatning som følgje av godkjent reguleringsplan. Ev. krav om erstatning må setjast fram seinast tre år etter kunngjering av planen.

Jens Morten Berge, datert 23.12.2014 (gnr. 29, bnr. 248)

Berge viser til tidlegare innsende brev, der han påpeika at veg måtte takast bort frå hans eigedom. Berge konstaterer at vegen er teken ut av plankartet, men at delar av eigedommen hans framleis inngår i planen. Berge krev at området som han eig vert teke ut av reguleringsplanen.

Kommentar:

Vegen som tidlegare låg inne i planforslaget vart teke ut i samband med offentleg ettersyn våren 2014. Det er i reguleringsplanen teke med ein liten flik av gnr. 29, bnr. 248. Dette er gjort for å sikre eventuell framtidig tilkomst til delar av FS4. Ei eventuell framtidig utbygging av øvre del av FS4 vil med bakgrunn i terrengmessige tilhøve måtte få sin tilkomst i dette området. Det er ikkje endeleg fastsett kvar tilkomsten skal gå. Det vert først fastsett ved nærare detaljprosjektering for FS4. Kommunen rår ikkje til at delar av gnr. 29, bnr. 248 vert teke ut av planframlegget.

Klagen inneheld ikkje nye moment i høve til tidlegare merknader.

Ingebjørg Berge, 29.12.2014 (gnr. 29, bnr. 9)

Berge viser til tidlegare skriv knytt til reguleringsplan for indre Bergsøy. Berge protesterer mot all utbygging som råkar gnr. 29, bnr. 9. Berge meiner dei har avstått nok grunn til det offentlege og vil ikkje godta nye inngrep.

Kommentar:

Det er lagt til rette for offentlig veg, o_V24, frå Flusundvegen og vestover (ca. 60-70 meter lang veg). I enden av vegen er det innteikna gang- og sykkelveg (GS4), med forbindelse til o_V6.

O_V24 går delvis over gnr. 29, bnr. 9. Realisering av planlagt fortau langs o_V23 vil medføre inngrep i gnr. 29, bnr. 9.

o_V24 vil i framtida få avgrensa trafikk, då den skal tene færre eigedommar enn i dag. På sikt skal gnr. 29, bnr. 305 ha tilkomst via o_V7 / f_V9. Gnr. 29, bnr. 335 skal ha tilkomst via o_V6.

Etter kommunen si vurdering vil planforslaget ikkje medføre større ulemper for gnr. 29, bnr. 9. Kommunen ser det som viktig å leggje til rette for gode trafikale løysingar, så som trygge gang- og sykkelsamband, for å sikre dei mjuke trafikantane på ein god måte.

Klagen inneheld ikkje nye moment i høve til tidlegare merknader.

Annette og Ragnar Reite, 30.12.2014 (gnr. 27, bnr. 25)

Reite viser til at godkjend reguleringsplan medfører inngrep i deira eigedom, noko dei meiner er heilt uakseptabelt. Dei ønskjer ikkje at hovudvegen kjem nærare huset deira enn den gjer i dag. Reite stiller seg undrande til at dei ikkje har blitt informert tidlegare, då dei meiner at alle andre i området har fått brev.

Reite ser ikkje at det er behov for grøntareal mellom gang- og sykkelveg og køyreveg i eit område med fartsgrense 30 km/t. Reite meiner opphøgd fortau utan grøft bør vere tilstrekkeleg i området.

Reite stiller spørsmål ved kvifor det er planlagt grøntareal mellom gang- og sykkelveg og køyreveg nokre stader og andre stader ikkje.

Reite meiner realisering av godkjend plan vil forringe verdien på eigdommen deira og varslar av gnr. 27, bnr. 25 vil fremje krav om erstatning.

Kommentar:

Kommunen har sendt ut brev til alle grunneigarar innanfor planområdet i samband med planprosessen (varsel om oppstart, offentlig ettersyn i (2009 og 2014) og melding om godkjend plan desember 2014). Ragnar Reite er oppført på kommunen sine adresselister.

Langs samlevegen til Flusund (o_V23, frå Flusundkrysset til Straumsbrua) er det lagt til rette for separat gang- og sykkelveg. Som skilje mellom køyreveg og gang- og sykkelveg er det sett av 1.5 m. Gåande og syklende er føresettt sikra ved at rabatten vert bygd med opphøgd kantstein. Reguleringsplanen legg til rette for ei vesentleg framtidig utbygging, med fleire FS-område (frittliggjande småhus) og KS-område (konsentrerte småhus) på Flusund og Reite.

Sambindingsvegen, o_V25 har langsgåande fortau med breidde på 3 meter. Det er lagt til grunn at det skal leggjast opphøgd kantstein mellom køyrevegen og fortauet. I tillegg kjem «anna trafikkareal» til grøft og snøopplag mv.

Valde løysingar er dimensjonert i høve til forventa framtidig aktivitet i området.

Kommunen ser i dag ikkje grunn til å endre dimensjoneringane som er lagt til grunn i planen. Ein kjem tilbake til problemstillinga når det ligg føre meir detaljerte planar for realisering av gang- og sykkelvegprosjektet i området. Ved utbygging vil ein søkje etter løysingar som kan redusere ulempene for Reite.

Når det gjeld eventuell erstatning, vert det vist til plan- og bygningslova sitt kapittel 15. Grunneigar kan krevje innløysing og erstatning som følgje av godkjent reguleringsplan. Ev. krav om erstatning må setjast fram seinast tre år etter kunngjering av planen.

Mindor Reite, datert 30.12.2014 (gnr. 28, bnr. 22)

Reite meiner planlagde utbygging er altfor stor. Reite meiner ein må ta vare på matjorda og kulturlandskapet i bygda.

Reite opprettheld tidlegare krav om tilleggsareal / buffersone på 20-30 meter mot sør og minst 20 meter mot nord (jf. merknad i samband med offentleg ettersyn våren 2014). Han meiner ei buffersone vil skjerme mot støy, trafikk og generell aktivitet frå leikeplass og bustadfelt.

Kommentar:

Bustadareala på Flusund og Reite vart lagt inn som bustadareal i kommuneplanen sin arealdel, som vart stadfesta i 2004. I planprosessen var landbruksmynde med og vurderte framtidig arealbruk i kommunen.

Planen legg til rette for ei vesentleg tettare utnytting enn i dag. Det vil gi ein anna busituasjon for mange av dei som bur i området. Det er stor etterspurnad etter tomter i kommunen, då særskilt på Bergsøy og Leinøy. Fortetting innanfor eksisterande bustadområde vil vere nødvendig, for å stette trongen for bustadtomter.

I bakkant av huset til Reite er det lagt til rette for konsentrert småhusbebyggelse og sør for huset er det innteikna leikeplass. Etter kommunen si vurdering er avstanden frå huset til Reite til ny bebyggelse tilfredsstillande sett i forhold til vanleg naboavstand i tettare bebygde område.

Leikeplassen vil etter kommunen si vurdering ikkje medføre vesentlege ulemper for gnr. 28, bnr. 22.

Klagen inneheld ikkje nye moment i høve til tidlegare merknader frå 28/22.

Ingar Børre Sandvik mfl., 31.12.2014 (gnr. 29, bnr. 297)

Sandvik viser til tidlegare innspel, der han ba om at tomta vart lagt ut til konsentrert småhusbebyggelse. Innspelet vart ikkje teke til følgje og grunneigar klagar.

Eigar meiner tomta sin storleik (1223 m²) mogleggjer bygging av hus med fire leilegheiter fordelt over to etasjar, samt garasjeanlegg i første etasje.

Viser til at dei nyleg har motteke nabovarsel frå 29/32, som ønskjer å byggje hus med 3 bueiningar (disp frå reguleringsplan). Behov for tettare utnytting. Økonomisk tap.

Kommentar:

Gnr. 29, bnr. 297 er lagt ut til frittliggjande småhusbebyggelse i områderegeringsplan (inngår i FS5). Store delar av FS5 er allereie utbygd. Kommunen har vurdert om gnr. 29, bnr. 297 skal leggjast ut til konsentrert småhusbebyggelse.

Gnr. 29, bnr. 297 har ein storleik på 1222,6 m². Tomta er, som eigar påpeikar bratt og utfordrande å byggje på. Utviklingsavdelinga har etter ei grundig vurdering konkludert med at ein ikkje ønskjer å leggje til rette for konsentrert busetnad på tomta. Ei ev. utbygging av fleirmannsbustader, vil medføre behov for mange parkeringsplassar og uteareal (MUA), noko det etter kommunen si vurdering vil bli vanskeleg å finne gode løysingar på innanfor tomta.

Det ligg fleire frittliggjande einebustader innanfor FS5 på oppsida av o_V4. Kommunen ønskjer også med bakgrunn i dette, at det vert lagt til rette for frittliggjande småhus i området

Delar av gnr. 29, bnr.56 er lagt ut til konsentrert småhusbebyggelse (KS2). Det er i planforslaget lagt til rette for vesentleg fleire KS område innanfor planen enn det var i planforslaget som låg ute til offentleg ettersyn i 2009.

Klagen inneheld ikkje nye moment i høve til tidlegare merknader frå 29/297.

Knut-Magne Rønning, 31.12.2014 (gnr. 28, bnr. 14)

Rønning meiner gangvegen kjem for nær huset. Rønning vil misse parkerings- og oppstillingsplassar framom hus/garasje.

Meiner vegen bør kunne justerast nedover, der det berre er utmark.

Kommentar:

Vegtraseen til Flusund er fastlagt, mellom anna med bakgrunn i vegen sin horisontal- og vertikalkurvatur. Det er såleis ikkje aktuelt å utvide/justere vegen nedover.

Berge og Flusund grendelag 31.12.2014

Grendalaget meiner det er lite hensiktsmessig å leggje til rette for grøft mellom hovudveg (køyreveg) og gang- og sykkelveg. Dei meiner det er ei kostbar løysing, som får negative konsekvensar for dei som bur langs vegen.

Grendalaget viser til at det ikkje er lagt til rette for grøft mellom køyreveg og gang- og sykkelveg alle stader innanfor planen og at det såleis vert lagt opp til ei uheldig forskjellsbehandling.

Grendalaget ber kommunen vurdere planen på nytt.

Kommentar:

Det vert vist til vurdering/kommentar til Annette og Ragnar Reite sin klage ovanfor.

Mariann og Gard Berge, 1.1.2015 (gnr. 27, bnr. 67)

Berge gir uttrykk for at det er positivt at bygda får gang- og sykkelveg. Berge ser ikkje at det er behov for grøntareal mellom gang- og sykkelvegen på ei strekning med fartsgrense på 30 km/t.

Berge viser til at det langs o_V25 er lagt til rette for langsgående fortau med opphøgd kantstein. Ho meiner fortau vil vere ei god løysing. Alternativt fysisk skilje med autovern. Ved å velje autovern vil eigedommane bli spart for inngrep. Berge stiller spørsmål om kvifor det ikkje er lagt til rette for fortau ved deira eigedom.

Berge stiller også spørsmål om kvifor gang- og sykkelvegen stoppar ved rundkøyringa mellom o_V23 og o_V40.

Gnr. 27, bnr. 67 varslar avslutningsvis at dei vil krevje erstatning ved eventuelle inngrep i deira eigedom i samband med etablering av gang- og sykkelveg. Samstundes gir dei uttrykk for at dei stiller seg positive til tiltak som opphøgd fortau med kantstein eller fysisk skilje som autovern.

Kommentar:

Det vert vist til vurdering/kommentar til Annette og Ragnar Reite sin klage ovanfor.

Det er lagt til rette for separat gang- og sykkelveg frå Flusundkrysset til Straumsbrua. Gang- og sykkelvegen er ikkje ført vidare, ettersom det er vesentleg mindre trafikk på den strekninga. Ved ei eventuell vidare utbygging lenger nordover på Flusund, vil ein vurdere om det er trong for vidareføring av gang- og sykkelveg.

Når det gjeld eventuell erstatning, vert det vist til plan- og bygningslova sitt kapittel 15. Grunneigar kan krevje innløyising og erstatning som følgje av godkjent reguleringsplan. Ev. krav om erstatning må setjast fram seinast tre år etter kunngjering av planen.

Klagen inneheld ikkje nye moment i høve til tidlegare merknader frå 27/67.

Vurdering og konklusjon:

Klagene er levert innanfor lovbestemt frist og vilkåra for å handsame saka som klage er oppfylt.

Etter rådmannen si vurdering er det ikkje kome fram nye moment i klagene.

Jamfør plan- og bygningslova, § 3-2, er det kommunestyret som er øvste plan- og arealbruksmynde i kommunen. Det kommunestyret som på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering avgjer kva areal som skal regulerast og kva areala skal regulerast til.

Reguleringsplanen for indre Bergsøy er utarbeidd som områdereguleringsplan. Det er krav om at det skal utarbeidast detaljplan for fleire av KS-områda. Standarden på dei ulike vegane er tilpassa forventa tal bustader og i samsvar med Statens vegvesen si handbok 017. Det må utarbeidast meir detaljerte teikningar som grunnlag for bygging av køyreveg, gang- og sykkelveg og fortau ved realisering av prosjekta innanfor planområdet. Kommunen vil i den samanheng vurdere kvar enkelt eigedom meir i detalj enn kva ein kan gjere i områdeplanen.

Rådmannen rår til at innkomne klager vert avvist og at kommunestyret stadfestar sitt tidlegare vedtak i sak 147/14.

Fosnavåg, 09.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

BRITT WENCHE BOSTAD

ØRE BERGSLIA 2

6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE

UTVIKLINGSAVDELINGA

POSTBOKS 274

6099 FOSNAVÅG

Ⓣ 12/1361

Utv.

FOSNAVÅG 22.12.14.

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2012/1361	Saksbeh. BSS
- 2 JAN. 2015	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR ØNDRER BERGSLIA - MELDING
OM VEDTAK/GRUNNGJEVN KLAGE IGEN. GNR: 30/81, ØRE BERGSLIA 2.

VISER TIL DERES SKRIV, DAT. 01.12.2014

VISER TIL MIN GRUNNGJEVE KLAGE/MED INNLEVERING AV DERES
KART OVER GNR 30/81, DAT. 20.03.14

VISER TIL TIDLIGERE GRUNNGJEVE KLAGE TIL HERØY BYGGSENTER,
DAT. 30.09.11.

VISER TIL PLAN-BYGNINGSLOVEN § 27-1, 3 OG 5. LEDD, SÅTAT:
"NÅR FRISTEN ER UTET, TAR DET FASTE UTVALGET FOR PLANSAKER
SAKEN OPP TIL BEHANDLING MED DE MERKNADER SOM ER
KOMMET INN", SÅTAT SLUTT/OGSÅ § 20-1, 6. LEDD OG § 2, 2. OG 3. LEDD.

1. JEG VET IKKE OM JEG SKAL LE ELLER GRÅTE. DERE FORSTÅR
JØ IKKE DERES EGNE KART OVER MIN EIENDOM GNR 30/81 SOM
DERE HAR SENDT TIL MEG I MANGE, MANGE ÅR.

DERE TAR OVERHODET IKKE HENSYN TIL MERKNADER ENGANG, HELLER
IKKE MØTER DERE OPP I TERRENGET DERE SKAL REGULERES.
DERE TRENGER Å LØFTE BUKKET IFRÅ GAMLE KART, OG FÅ BUKKET
DERES PÅ TERRENGET, SKAL MÅN HUS FJERNES, SKAL DET FJERNES
NÅR JEG ER INN I?

2. VED DERES KART, DAT. 26.02.2008, SOM DERE TILSETTE I HERØY
KOMMUNE SENDTE TIL MEG, HAR DERE TEGNET MED BLÅTT, DER
HERØY KOMMUNE EIER, SKRIVER DERE/FLYTO BERGEHAUGEN 26.02.08.
DER DERE HAR SATT BLÅ STRØK, ER DET EN STOR AUSTAND TIL
MINE TRÆR/GÅRDET. DET VISES TYDELIG PÅ KARTET.

3. BERGSHAUGSVEGEN GÅR INNENFOR DERES BLÅ STRØK, DEN GÅR
HELT INN TIL TRÆNE/GÅRDET UTENFOR TRÆNE,

4. BERGSHAUGSVEGEN GÅR IKKE DER DERE HAR TEGNET DEN INN,
PÅ DERES KART/REGULERINGSPLAN RP-03/19.10.1973.
TOMTEN GNR: 30/81 ER REGULERT PÅ 1980-TALLET.

BRITT WENCHE BOSTAD

ØVRE BERGSLIA 2

6091 FOSNAVÅG

2.

FOSNAVÅG 22.12.14

HERØY KOMMUNE

UTVIKLINGSAVDELINGA

POSTBOKS 274

6099 FOSNAVÅG

FORTS. OMRÅDEREGULERINGSTILNÆRINGSPLAN FOR INDRØY BERGSDØY - MELDING
OM VEDTAK/GRUNNGJØVEN KLAGE I GJEN, GNR 30/81, ØVRE BERGSLIA

5. BERGSHAUGSVEGEN GÅR/ER BYGGT/LAGT OVER DET
TIDLIGERE REGULERTE AREALET, TATT FRA PARSELL
AV GNR 30 BNR: 81 I HERØY KOMMUNE.

ALTSÅ BERGSHAUGSVEGEN ER DER HERØY KOMMUNE NÅ
SÅKALT EIER AV GNR 30/81 / REGULERTE AREAL FRA PARSELL.
HERØY KOMMUNE HAR IKKE BETALT NOE FOR DET REGULERTE
AREALET, NÅ SKAL HERØY KOMMUNE HA MERKE UTEN Å BETALE
TIL GRUNNEIER?

6. NÅR GRUNNEIER INNTRIFR KRAV FRA HERØY KOMMUNE, PÅ 1980-
TALLET OM REGULERING AV TOMT/EIENDOM GNR 30/81,
PLANTER NYE TRER I NY GRENSELINJE/TOMTELINJE ETTER
REGULERINGEN, SÅ FRAMSETTER HERØY KOMMUNE SAMME KRAV
OM REGULERING I ÅR ETTER ÅR ETTER ÅR.

DERE FASTHOLDER DERES KRAV, ETTER GAMLE KART OVER
GNR 30/81,

SOM DERE TILSETTE VED HERØY KOMMUNE IKKE

FORANDRE.

JEG ER NÅ MEKTIG LET AV Å SENDE GRUNNGJØVEN OG SENDE
KORREKSJONER AV DERES GAMLE KART/OPPLYSNINGER. MINE
KRAV OG MERKNADER ER IKKE GJELDENDE? ANDRE EUNDERE
KAN OGSÅ FORSTÅ KART.

JEG KAN IKKE BRYTE MEG INN PÅ HERØY RÅDHUS OG
FORANDRE DERES KART, - DET MÅ DERE GJØRE.

7. DET GAMLE KARTET / MÅLESTOKK 1:1000 OVER PARSELL AV
GNR: 30/81, DATERT: 23.5.79. ER IKKE GJELDENDE.

PARSELLER ER REGULERT FOR MANGE ÅR SIDEN, MEN
HERØY KOMMUNE SKYLDER GRUNNEIER 30/81, - DERES
TOMTEPRIS I DAG SKAL DERE FÅ BETALE MEG.

BRITT WENCHE BOSTAD

ØVRE BERGSLIA 2

6091 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE

UTVIKLINGSDELINGA

POSTBOKS 274

6099 FOSNAVÅG

3.

FOSNAVÅG 22.12.14.

Forts: OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR INDRØ BERGSØY - MELDING
OM VEDTAK/GRUNNGJEVEN KLAGE IGFJEN, GNR: 30/81, ØVRE BERGSLIA 2

8. DERE TILSETTE VED HERØY KOMMUNE, FÅR NÅ HENVENDE DERE
TIL JONNY STORØY V/HERØY BYGGESENTER,
HAN HAR STÅTT VED MITT HUSHJØRNE OG SETT HVOR NÆR
BERGSHAUGVEGEN ER MIN HUSVEGG.
9. DERE TILSETTE VED HERØY KOMMUNE, MÅ NÅ REGULERE
ANDRE EIENDOMMER HER I ØVRE BERGSLIA,
FOR MIN EIENDOM GNR 30/81 KAN IKKE REGULERES MERE.
DA MÅ MITT HUS FLYTTES OG HERØY KOMMUNE SKAL DA
FÅ MILLIONKRAV FRA MEG, GRUNNEIER GNR: 30/81.
10. HERØY KOMMUNE HAR FÅTT RASERT NOK NÅ MIN EIENDOM,
GNR 30/81.
HELE TOMTEN/PARSELLEN SOM ER IGJEN, ER EN DIGER,
HENGENDE OG DISSENDE MYR.
DET FINNES IKKE DRENERING PÅ TOMTA NOE MERE,
FORDI HERØY KOMMUNE HAR LAGT DIGRE, DOBBLE
KLOAKKRØR OG ANNA, RUNDT HELE EIENDOMMEN GNR 30/81.
11. DERE MÅ HENVISE TIL § I PLAN-BYGNINGSLOVEN SOM
OPPHEVER VEGLOVEN § 29 VED VEDTAK AV PLAN, UTEN AT
DERE OVERHODET TAR HENSYN TIL MERKNADER OG MOTER IKKE OPP
I TERRENGET DERE SKAL REGULERE. DA HAR DERE IKKE
FYLGT LOVREGLENE DERE ER UNDERLAGT.
12. NÅ AKTER JEG IKKE Å MOTTA NYE SKRIV/REGULERINGSPLANER
FOR MIN EIENDOM GNR 30/81, OM 2, 3, 4, 5 & 10 ÅR.
DEN ER REGULERT OG BERGSHAUGSVEGEN GÅR OVER DET
REGULERTE AREALET, SOM HERØY KOMMUNE EIER ETTER REGULERING.
BLIR DET NOEN AKTIVITET/GRAVING PÅ MIN REGULERTE
EIENDOM/TOMTEAREAL, NÅ GNR 30/81, BLIR DET SATT KRAV I
MILLIONKlassen. MIN EIENDOM ER NOK ODELAGT, NÅ MÅ DERE
REGULERE ANDRE EIENDOMMER I ØVRE BERGSLIA.


Hilsen

Britt Wenche Bostad

VEDLEGG: GAMLE KART OVER
TOMT, PARSELL
GNR: 30/81

VEDHÆGG 1

Flyfoto Bergshaugen



Løsningen er laget av Norkart AS
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget



Sunnmørs- kart

Målestokk 1:1 000
 Utskriftsdato 26.02.2008
 Karttype Grunnkart

NB! 22.12.2014.

BERGSHAUGSVEGGEN GÅR IKKJE
 I EN SVAK BUE V/MINTOANT.
 BERGSHAUGSVEGGEN ER LAGT
 NOYAKTIG OVER I PÅ REGULERT

AREAL - DER DERES BLÅ STREK 2
 ER. RØDT STREK ER ANTALL M²
 SOM TOMTA / PARSELLEN GJØR 30/81
 BLE BETALT TIL HERBY KOMMUNE
 ÅR 1979. PARSELLEN BLE ZONERT
 REGULERT PÅ 1980-Tallet. total

over parsell av Gnr 30 Bnr 34 og 51 i Herøy kommune.
Kartet sin målestokk er 1:1000. Alle mål er i meter.
I punkta B - C - D er der nedsett jernboltar.

Alle punkta er kordinatbestemt.

- A. X = 483.142,847 Y = + 20.364,427
- B. X = 483.184,387 Y = + 20.368,541
- C. X = 483.190,728 Y = + 20.340,027
- D. X = 483.188,362 Y = + 20.336,645
- E. X = 483.168,803 Y = + 20.337,956
- F. X = 483.150,308 Y = + 20.342,631
- G. X = 483.141,791 Y = + 20.352,592

Arealet av parsellen A - B - C - D - E - F - G - A er 1.219 kvadratm.



Herøy kommune, teknisk etat den 23.5.79.

Asbjørn Moltumyr
Ing.

ETTER MALEKAR

GNR 30/81

Den fraskilte luten har fått Gnr 30 Bnr 81

NB!

DERES MÅLORDNINGSKARTENE DERES
FRA ÅR 1979 ER FEIL!

DAT: 23.5.79

Reguleringsplan RP03. dat. 19.10.1973

VEDLEGG
4

Utsnitt i målestokk 1:1000

Eigedom 30/81 markert med raud linje

PRINNET
HINTE OVER

GNR 30/81

1/REGULERINGS-
PLAN


RP-03/19.10
1973

NOYAKTIG MÅL
ETTER MALEKART

GNR 30/81

DAT:

23.5.79



Herøy
kommune

Reguleringsplaner

Målestokk: 1:1 000

Dato 29.09.2011

30 m

Kartopplysninger som kreves ved omsaring av eiendom skal bestilles skriftlig hos kommunen. Ellers står ikke kommunen ansvarlig.

0 327050

N 6916100

VEDLEGG 5



RTUTSNITT AV BUSTADFELTET I BERGSLIA
NANFOR REGULERINGSPANEN BERGSØY/BENDAL.


1:1:1000 - dato: 22.august, 1986.

an for tilleggsareal til nokre bustad-
mter i bustadfeltet.

røy kommune, Teknisk etat,
og

AB

TRER
SIRKET
ETER
REGULERING



Elsjø

ANERES

18. mai 2004



NB? BERGSHANS - VEGETA
HERØY
BYGGSENTER AS

DORS HAR
 INNTEGNET



HERØY KOMMUNE

RÅDMANNEN

VEDLEGG 7

Dato: 15.10.2001
Journal: 2000/000489
Arkiv: L12
Vår ref.: BK
Dykkar ref.:
Dykkar brev av:

Offentlege instansar, grunneigarar m.fl.

KUNNGJERING OM VEDTAK - GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR BERGSHAUGEN

Vedlagt til fylkeskommunen og fylkesmannen følgjer samla saksprotokoll frå kommunestyret i sak 91/01 "Reguleringsplan for Bergshaugen – slutthandsaming" og kopi av reguleringsplanen med føresegner, datert 25.09.01.

Vedlagt til andre offentlege instansar, grunneigarar og naboar følgjer samla saksprotokoll frå kommunestyret.

I K-sak 91/01 den 12.10.01 vart det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i § 27-2 i plan- og bygningslova vedtek Herøy kommunestyre reguleringsplan for Bergshaugen med reguleringsføresegner, datert 25.09.01, med dei endringane som er gjort greie for i saka.

Vedtaket vart kunngjort i Vestlandsnytt og Sunnmørsposten 19.10.01. Kopi av annonsen er vedlagt.


Kommunestyret sitt endelege vedtak i reguleringssaker kan etter § 15 i plan- og bygningslova påklagast til Fylkesmannen. Evt. klage skal leggst fram for det faste utvalet for plansaker som, dersom det finn å ta klaga til følge, legg saka fram for kommunestyret med forslag til endring av vedtaket, og elles gir uttale og sender saka vidare til Fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker frå den dag melding om vedtaket har kome til den som har klagerett.

Etter §§ 32 og 42 i plan- og bygningslova må krav om erstatning vere sett fram seinast 3 år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

Rune Sjurgard

Britt Kjensli
Britt Kjensli

Kopi:
Herøy byggsenter AS, 6098 Nerlandsøy
ByggmannGruppen AS, 6050 Valderøy



HERØY KOMMUNE

Kommunestyret

VEDLEGG 8

Saksutgreiing

Saksbehandler: BK-RÅD-RÅDM
Journal: 2000/000489

Dato: 25.09.2001
Arkiv: L12

REGULERINGSPLAN FOR BERGSHAUGEN - SLUTTHANDSAMING

VEDLEGG

- Kopi av reguleringsplan med føresegner, datert 25.09.2001
- Merknader komne inn etter 2. gongs utlegging til offentleg ettersyn

BAKGRUNN

Reguleringsplan for Bergshaugen vart slutthandsama og vedteken i fast utval plansaker den 05.12.2000. Men i kommunestyret, 15.12.2000, vart saka utsett fordi fleire hadde innvendingar til planen. Utbyggjar, Herøy Byggsenter, var i ettertid i dialog med planutvalet, Tussa og fleire grunneigarar, for å kome fram til ei løysning alle var nøgde med og fremja eit nytt forslag til reguleringsplan. I forslaget var det vesentlege endringar i forhold til det tidlegare reguleringsforslaget. Det var m.a. endringar i føremål frå friluftsområde til bustadføremål, og det var lagt opp til ein heilt ny veg til desse bustadene. På bakgrunn av det vart saka lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn med dei føreslegne endringane.

PLANOMTALE

Reguleringsplan for Bergshaugen er ein privat plan. Reguleringsområdet ligg nordaust for bustadfeltet i Bergslia. Føremålet med planen er å leggje forholda til rette for nye bustadområde, jf. kommunen sin arealplan, vedtatt i K-sak 31/98, 27.03.1998, der området er vedtatt å skulle regulerast til bustadføremål.

Planavgrensinga har tatt utgangspunkt i området avmerka i kommuneplanen til bustadføremål, men grensene fell ikkje heilt saman med desse. Det er laga ei løysing med 23 nye tomter i området, BE 1 - BE 5, i tillegg til eit tunområde, T 1, kor ein er tenkt å leggje til rette for fleire mindre bustader. Planen omfattar også to leikeplassar, FL 1 og FL 2, og eit større friluftsområde, FLO.

SAKSOPPLYSNINGAR

Det vart kunngjort varsel om oppstart av reguleringsarbeidet på Bergshaugen den 26.03.1999. Etter varsel om oppstart kom det inn sju innspel/merknader frå offentlege og private høyringsinstansar og privatpersonar, som utbyggjar har prøvd å ta omsyn til i utarbeidinga av det første planutkastet.



HERØY KOMMUNE

FELLESSEKRETARIATET

VEDLEGG 9

Dato: 07.10.2005
Journal: 2005/000632
Arkiv: 611-&50
Vår ref.: ENR
Dykkar ref.:
Dykkar brev av:

Oddbjørg Valø
Kirsti og Hallvard Rusten
Åshild Bøe
Jan Gausemøl
Åsbjørn Hansen
Edel Vågsholm
Per Martin Hjelmeseth
Britt Bostad/Oddvar Worren

**F-SAK 215/05. BERGSØY BENDAL. JUSTERING AV
TOMTEGRENSER I SAMSVAR MED REGULERINGSPLAN.**

Vedlagt følger:

- saksutgreiing og protokoll i F-sak 215/05.

Herøy formannskap handsama saka i møte 03.10.05 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

"Herøy formannskap tilbyd at dei aktuelle tomteeigarane i Bergslia bustadfelt får kjøpe tilleggsareal i samsvar med kartutsnitt, datert 22.08.86, for kr. 106,- pr. m2. I tillegg må kjøparane bere oppmålings- og tinglysingskostnadene."

Melding om vedtaket blir med dette sendt aktuelle tomteeigarar med spørsmål om det er interesse for å kjøpe tilleggesareal til eksisterande eigedomar på dei vilkår som går fram av vedtaket. Eigedomsavdelinga i kommunen ber om skriftleg tilbakemelding innan 01. november 2005 dersom det er interesse for kjøp.

Else Nordstrand Reite
e.f.



HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Britt Wenche Bostad

Øvre Bergslia 2
6090 Fosnavåg

Saksnr 2007/820	Arkiv L12	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / BSS	Dato 02.11.2007
--------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID INDRE BERGSØY

I samsvar med plan- og bygningslova, § 27-1, vert De som grunneigar innanfor planområdet, gjort kjend med at Fast utval for plansaker i møte 30.10.2007, sak 76/07, vedtok å setje i gang arbeid med reguleringsplan for Indre Bergsøy.

I kommunedelplan for Bergsøy (godkjend desember 2004) er det sett av store område for bustader på indre Bergsøy, med krav om at det skal utarbeidast reguleringsplan. Det er i kommuneplanen også vist ein sambindingsveg, som skal binde i hop bustadareala i Bergslia/Bergshaugen med areal på Flusund/Reite.

Føremålet med reguleringa er å leggje til rette for framtidig bustadbygging på Indre Bergsøy, samt å få på plass sambindingsveg i området.

For avgrensing av planområdet, vert det vist til vedlagde kartutsnitt.

Saksdokument med vedlegg er tilgjengeleg på Servicetorget i 1. etasje på Herøy rådhus og på kommunen si heimeside: www.heroy.kommune.no

Eventuelle innspel til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, postboks 274, 6099 Fosnavåg, **innan 6. desember 2007.**

Med helsing

Berit Sandvik Skeide

Vedlegg: Kart, avgrensing av planområdet.



BOSTAD BRITT WENCHE
ØVRE BERGSLIA 2
6091 FOSNAVÅG

Saksnr 2012/1361	Arkiv L12	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / BSS	Dato 01.12.2014
---------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY - MELDING OM VEDTAK OG KLAGERETT

De vert med dette gjort kjent med at Herøy kommunestyre godkjende områdereguleringsplan for indre Bergsøy i møte 27.11.2014, sak 147/14.

Godkjend reguleringsplan med reguleringsføresegner og planvedtak finn de på kommunen si heimeside, www.heroy.kommune.no, under «Kunngjeringar og høyringar» i høgre marg. Informasjonen er også tilgjengeleg på Servicetorget på Herøy rådhus.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre – 3 – veker frå kunngjeringsdato. Eventuell klage skal vere grunngjeven og sendast til Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, postboks 274, 6099 Fosnavåg eller postmottak@heroy.kommune.no innan **1.1.2015**.

Godkjend reguleringsplan er bindande innanfor planområdet for alle arbeid og tiltak som er nemnde i plan- og bygningslova §§ 1-6. Det same gjeld frådeling og annan bruk som kan gjere gjennomføring av planen vanskeleg. Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-3, eller innløysing etter § 15-2, må vere sett fram seinast tre år etter denne kunngjeringa, eller seinast tre år etter at eventuelle byggverk er fjerna. Krav om innløysing eller erstatning skal rettast til kommunen.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Berit Sandvik Skeide
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.

Ⓢ 12/1361

Jens Morten Berge
Rabbegjerdet 9
6091 FOSNAVÅG
Telefon 700 89 531
Mob. 957 61 616
E-post: jmberge@mimer.no

Herøy Kommune
v/Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/1361	Saksbeh. BSS
- 2 JAN. 2015	
Ark.kode P L12	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 111
Kassasjon	

Fosnavåg, 23. desember 2014


Klage på reguleringsplan for indre Bergsøya

Viser til mine klager frå 1. september 2009 og 21 mars 2014. hvor jeg på pekte at veg måtte tas bort fra min eigendom. Vegen er tatt bort. Men kartet viser fremdeles at dere vil regulere et stykke av min eigendom.

Siden dette ikke er blitt tatt bort, kan jeg ikke forstå annet enn at dere vil legge vegen inn i min hage.

Mitt krav er at det område som berører min eigendom/hage, markert på vedlagte kart, blir tatt bort fra reguleringsområdet.


Med hilsen


Jens Morten Berge


Vedlegg

Kartutsnitt over Gnr 29 Bnr 248

Kartutsnitt over Gnr 29 Bnr 248 som viser område som må tas bort fra reguleringsområdet.



Vedlegg P.



Fra: postmottak
Sendt: 29. desember 2014 14:01
Til: Arkiv
Emne: FW: Områderegeringsplan for Indre Bergsøy:

Helsing

HERØY KOMMUNE

Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: Abel Berge [<mailto:abel.berge@ulstein.com>]
Sendt: 29. desember 2014 11:55
Til: postmottak
Emne: Områderegeringsplan for Indre Bergsøy:

Hei,

Med henvisning til tidligere skriv sendt Herøy Kommune vedr. nevnte reguleringsplan for indre Bergsøy vil vi nok en gang protestere mot all utbygging som vil berører vår eiendom. Som tidligere påpekt så har eier av nevnte eiendom forlenget avstått nok grunn til det offentlige (stat / kommune) og vil derfor ikke kunne godta nye inngrep som berører G.nr. 29 b.nr. 9 la det være klinkende klart.

Med hilsen for
Ingebjørg Berge
Abel Berge

This e-mail may contain confidential information, or otherwise be protected against unauthorised use. Any disclosure, distribution or other use of the information by anyone but the intended recipient is strictly prohibited. If you have received this e-mail in error, please advise the sender by immediate reply and destroy the received documents and any copies hereof.

 Please consider the environment before printing this email

Klage på reguleringsplanen for indre Bergsøy.

Flusund 29.12.2014

Vi, Ragnar og Annette Reite eier av 27/25 og 27/106 vil klage på reguleringsplanen for indre Bergsøy der vi ser at kommunen vil ta deler av vår eiendom til vei. Dette er i våres meining helt uakseptabelt å ta fra vår eiendom til dette formålet, og det er også helt uaktuelt å få hovedveien nærmere huset en det den er i dag.

Det er en regel som sier at hus ikke skal nærmere en 15 meter fra senterlinjen av veien, og for vår del er dette allerede 12.5 meter. Det er også en muntlig avtale med kommunen fra da vi bygde på huset i 1996 om å ikke få veien nærmere huset en den er i dag, og vi fikk løyve til å sette opp ett gjerde som ble oppsett i henhold til kommunen sine planer og kostet da over 50000 kroner. Vi lurar også på hvorfor ikke vi har blitt informert om dette da alle rundt om oss har fått brev om dette, og ikke vi.

Viser til Herøy Kommune sin reguleringsplan for Indre Bergsøy der de er planlagt gang og sykkelveg som vi synes er flott at bygda får, men vi ser ikke behovet for grøntarealet imellom gang- og sykkelvegen i ei 30 sone. Dette vil også vil føre til et stort inngrep for de som allerede bor her, og vi håper at kommunen vil revurdere dette. Ser på kartet at de ikke er planlagt grøntareal langs heile vegen, og lurar på hvorfor de skal være grøntareal noen plasser og andre plasser ikke noe vi ser på som veldig rart. Jeg og vi som bor i Flusund meiner at et opphøyet fortau uten grøft bør være mer enn bra nok da bygda har lav trafikk tetthet.

Det er flere hus som blir ramma av dette, og vi kan med dagens plan ikke sjå at kommunen gjær sitt for at inngrep i den enkelte sin eiendom skal bli så små som mulig, og ber dere derfor kommunen om å vurdere løsinga rundt gang- og sykkelvegen en gang til og da spesielt de område fra veg V25 og til skaret der gamle brua gjekk over til Nærøy, da dette området er ikke kjem i konflikt med samenbindingsvegen sin trafikk tetthet.

Ser også at samenbindingsvegen heller ikke er tegnet med grøft, men med opphevet fortau, og det er her vi ser at de blir størst trafikk tetthet.

Viser her til fortauet langs vegen i Tjørvåg. Her er det opphøya fortau i ei 60 og 50 sone, med høg trafikk tetthet. Viser også til området i starten av Flusundvegen, her

kjem det ikke fram på kartet at dette området har grøntareal mellom veg og gang- og sykkelveg, så vi ber om at kvar enkelt eiendom ved Flusundvegen blir behandla likeverdige slik at inngrep i de eiendommene som allerede eksisterer blir minst mulig.

Grunnen til klagen er at dette vil forringe verdien på eiendommen og vi vil få trafikk nesten helt i inngangspartiet, da dette huset er det huset som er nærmest veien i dag. Hvis dette blir tilfelle vil vi som eiere av 27/25 og 27/106 ta kontakt med advokat om at kommunen bør vurdere å flytte huset lenger fra veien slik at vi får en prisvurdering av eiendommen før og etter vegen blir flyttet, og at erstatningskrav blir sent til kommunen.

Annette og Ragnar Reite

⑥ 12/1361

Christ

Mindor Reite
Reitane 10
6091 Fosnavåg

Fylkemannen i Møre og Romsdal
via
Utviklingsavdelinga
Herøy Kommune
Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/1361	Saksb. 855
- 2 JAN. 2015	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 110
Kassasjon	

KLAGE – OMRÅDE-REGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY

Eg vil med dette klage på vedtak i sak 147/14 – område-reguleringsplan for indre Bergsøy i Herøy kommune.

Eg meiner at denne planlagde utbygginga er alt for stor. Den vil ha ei drastisk og varig innverknad på bygda og i stor grad gå utover eksisterande matjord. Eg er klar over at dei opprinnelege planane vart redusert noko på grunn av arkeologiske funn. Men det som står att er likevel for mykje. Ei utbygging i så stor målestokk vil i grunnen øydelegge det naturlige og eksisterande bumiljøet i området. Dette er også ei bygd som har vore "belasta" med gravplassen på Flusund i mange år nå. Det burde ein også tenke over.

Heile denne planleggings prosessen starta med at eigarane av dei tre største gardane i bygda la ned drifta om lag samtidig. Dette på grunn av høg alder. To av dei var også utan livsarvingar. Kommuneleiinga såg då ei mulighet til å gjere heile bygda om til ein stor "drabantby". Her låg då "indrefileen" av tomte areal klar til å berre takast. Tanken var vel at kostnaden med å bygge ut flat matjord er mykje lavare enn ved å nytte utmark. Tek eg ikkje feil så er dette dei største utbyggings planane i Herøy si historie.

Den einaste garden som blei halden utanom var eignedomen til Terje Flusund. Eignedomen hans var inkludert i dei opprinnelege planane. Men eg trur han fekk endra dette ved ei seinare anledning. Han driv så vidt eg veit framleis eit aktivt gardsbruk. Når det gjeld det største bruket – gnr. 28 bnr. 1, så blei det ikkje gjort særlige forsøk på motstand derifrå – dette på grunn av svært høg alder på eigar. Med andre ord så tok kommunen her fordel av at tre eldre gardbrukarar la ned drifta samtidig. Eksempelet med Terje Flusund viser at det skulle svært lite til for å få stansa desse planane. Situasjonen no er at ein ny og yngre arving har teke over gnr. 28 bnr. 1. Han har dei siste åra drive aktivt gardsbruk med blant anna drift med eit større antall sau. Det må etter mi meining vere eit nytt og viktig moment i denne saka. Eg har også høyrte at han har lånt beitemark av ein av nabo-gardane, i tillegg til å nytte eiga jord. Så då er jo i realiteten gardsbruket i bygda i gong igjen.

Eg veit at dette med arkeologi sikkert er viktig, men eg vil også slå eit slag for å bevare matjorda og kultur landskapet i bygda. Dette både på grunn av vern av framtidig mat produksjon og øydelegging av eit levande kulturlandskap som er viktig for området og bygda.

Her har jo også andre offentlige instansar uttalt at slik utbygging vil ta i bruk for mykje matjord.

Eg meiner at dersom kommunen hadde vore flinkare til å tilrettelegge for boligbygging i ein mindre skala så hadde det ikkje vore behov for så store inngrep som den planlagde utbygginga på indre Bergsøy. Eg har høyrte at det er mange yngre som kunne tenke seg å byggje på heime garden. Men dei har då hatt vanskar med å få regulert dette. Ei slik utbygging ville vere mykje meir berekraftig for kommunen på lang sikt.

All erfaring viser at desse store og nye boligfelt / drabantbyane med fleirmanns bustader (2, 4 eller 6) ofte fører til lite stabile bomiljø. Dette er boliger som først og fremst blir bebodde av unge familier som blir der nokre få år før dei kjøper seg eit større hus ein annan stad. Det er også svært mange eldre som flytter til slike hus. Dei blir der då ei lita periode før dei gjerne flytter til omsorgsbolig eller kvileheim. Eller ein får ofte ein stor del innflyttarar som kanskje berre blir nokre få år i kommunen. Ofte ender slike bustader opp som utleige-boliger - der leigeboar gjerne blir der ei kort periode før dei fer vidare.

Poenget er då at det vert ein stor grad av gjennomtrekk ved slike husvære. Dette vil forvandle eit ellers triveleg område til ein slags drabantby. Det er iallfall ikkje ei berekraftig utvikling og planlegging for busetjing. Det fører heller ikkje til noko levande naboskap med kvalitet, slik som ein kommunal saksbehandlar framstiller det i sin kommentar til ein tidlegare merknad eg hadde. Eg trur ikkje det er utført ei tilstrekkelig god nok konsekvens analyse, slik at ein kan avdekke dei langsiktige negative verknadane ei slik utbygging vil ha på bygda.

Eg ønsker med denne klaga å rette søkelyset på denne litt tilfeldige og spekulative prosessen der kommune leiinga har gått inn for eit så stort og drastisk inngrep i ei lita bygd – berre fordi dei møtte liten eller ingen motstand. Ein ting blir ikkje rett berre fordi han er mulig å gjennomføre.

Eg meiner også at kommunen ikkje i stor nok grad har bevist at det ikkje finnes andre alternativ til boligbygging. Det er mange andre tomter tilgjengeleg i Herøy. Det er feks høve til å ta i bruk utmark. Det blir vel ikkje like billig som å berre ruinere eksisterande matjord, men det er like fullt eit godt alternativ. Det er ellers mulig å spre ny bebyggelse i Herøy meir. Kvifor skal denne bygda øydeleggast, når ein like godt kan legge nye tomter til andre stadar. Dersom feks Kvalsund får ny bru med evt sykkelvei (eg forstår det slik at det er under planlegging), så vert det akkurat like sentrumsnært og attraktivt som indre Bergsøy. Ein kan også nevne andre stader som feks Frøystad - Torvik som ikke er særleg langt unna. Frå Mjølstadneset mot Grønfjellsvika er også ein mulig lokalitet. Eller kva med Vikane og Igesund eller nedre Berge. Dersom der er vilje er det muleg å få hundrevis av sentrumsnære bustader i ytre Herøy utan å dumpe alt inn på denne vesle bygda vår.

Ein bør iallfall forsøke å redusere antall boliger. Så mange nye husvære på ein liten plass vil virke svært øydeleggjande for heile området.

Eg vil at Fylkesmannen her skal granske om denne måten å planlegge på er akseptabel og etisk riktig.

Når det gjeld mine utsegner her, så skal ein tenke over at eg er heilt objektiv i mine vurderingar. Eg skal ikkje selge tomter og tjene på det, slik som mange andre. Det er også noko ein bør tenke på.

Så til eit punkt som gjeld berre for meg personleg, som nabo til den nye utbyggings sonen.. Eg viser då til planomtalen -vedlegg A - merknad nr 32.

(eg trur det er i områdereguleringsplan for indre bergsøy)

Eg ser der at saksbehandlar har vurdert det slik at fordi den planlagde leikeplassen er ca 60 meter frå verandaen på huset, så er dette ein tilfredsstillande avstand.

Men dette er ein liten veranda på nordsida av huset som nesten aldri er i bruk. Dette blant anna på grunn av lite sol og kald nordavind - den er også for liten til noko slags ute aktivitet.

Derimot er området sør for huset mykje i bruk. Det er der ein helst oppheld seg når ein er ute - her er både sola og vindforholda mykje betre. Det er også tillaga ein slags uteplass heilt syd på eigedomen. Det blir då rett ved denne leikeplassen.

Så det er jo då klart at denne vurderinga av at det er minst 60 meters avstand blir heilt feil.


Når det gjeld nord for huset, opp mot fjellet, så skriv saksbehandlar at huset sin avstand frå eigedoms grensa er tilfredsstillande i høve vanleg nabo avstand. Men her er det jo ikkje snakk om vanlig nabo avstand. Her er jo planlagt den største utbygginga i Herøy kommune si historie. Med svært mange 4-manns bustader i området. (er usikker på om det er 2,4 eller 6 manns bustader - men det spelar ingen rolle)

Eg vil derfor oppretthalde kravet om tilleggsareal til mi tomt eller i verste fall ei buffersone. Det bør iallfall vere ca 20-30 meter mot sør og minst 20 meter mot nord.

Dette vil då kunne skjerme iallfall litt mot all den støy, trafikk og generell aktivitet som vil kome frå planlagd leikeplass og boligfelt.

Eg etterlyser altså ei betre konsekvens utgreiing her. Då kunne ein få fram korleis ei så stor utbygging vil påvirke området.

Reite, 30.12.2014


Mindor Reite
gnr. 28 bnr. 22

Brev til Herøy kommune – klage på reguleringsplan for gnr 29.brn 297.

Vi viser til fremlagt vedtatt reguleringsplan for indre Bergsøy, samt tidligere korrespondanse vedrørende eiendom 29/297 hvor vi som grunneiere ønsker at denne tomten i den nye planen reguleres om til konsentrerte småhusbebyggelse i stedet for frittliggende småhus.

Vårt innspill er ikke tatt til følge i den nye planen, og vi påberoper oss derfor retten til å påklage dette vedtaket innen fristen 1.1.2015.

Med en størrelse på om lag 1223 m² vil tomten ha en utnyttelsesgrad på ca 367 m² ved 30 %. Vi vurderer det som høyst aktuelt å kunne sette opp et hus med totalt fire leiligheter fordelt over to etasjer, samt garasjeanlegg i første etasje (innkjøring fra bakkeplan). Det er p.t. ikke utarbeidet detaljforslag over endelig bygning, men vi er av den oppfatning at dette er mulig å realisere innenfor de krav som foreligger for denne type bebyggelse.

Vi har tidligere vært i kontakt med mulig interessert utbygger av denne tomten, og inngikk i 2012 en opsjonsavtale som gir oss som grunneier en merverdi ved salg på kr 295.000 dersom tomten kan bebygges med fire leiligheter versus dagens frittliggende småhus.

Vi er gjennom nylig mottatt nabovarsel fra eiendom 29/32 blitt gjort oppmerksom på at grunneier her nå søker om å få bygge hus med 3 boenheter, og at det derfor søkes om dispensasjon fra ny reguleringsplan. Dette viser med all tydelighet at behovet for denne type konsentrerte boliger er til stede i området, samtidig som det økonomisk sett vil være et direkte tap for oss som grunneiere å ikke kunne utnytte vår eiendoms potensiale ut over bygging av frittstående småhus.

Som medeiere til naboeiendommen 29/56 har vi allerede blitt påført en stor økonomisk belastning av kommunen da 1 mål av denne i ny plan er regulert til lekeplass m.v. Se for øvrig eget brev vedrørende denne saken. Ingen av våre tidligere innspill til justeringer og endringer av ny plan er heller tatt til følge av kommunen i sitt arbeid, og vi vil påpeke at vi som følge av denne reguleringsplanen har kommet meget dårlig ut av det sammenlignet med andre grunneiere innenfor reguleringsplanens område.

Vi ber derfor Herøy kommune om å se på denne saken på nytt, og tar vårt innspill til endring til etterretning ved behandling av denne klagen.

Med vennlig hilsen

Ingar B Sandvik
(sign)

Aud Sandvik Jøsok
(sign)

**Herøy kommune**

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>**Enkeltvedtak - klage****Informasjon om klageordningen**

Enkeltvedtak er vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer. De fleste søknader avgjøres som regel med et enkeltvedtak.

Hovedregelen er at alle enkeltvedtak skal ha en begrunnelse. Dette er særlig viktig i klagesaker. Begrunnelsen viser til de reglene vedtaket bygger på.

Enkeltvedtak kan påklages av personer vedtaket gjelder. I vedtaket vil det være opplyst om hvor klagen skal sendes.

Opplysninger om klageren

Ettersnavn Rønning	Fornavn Knut-Magne	Fødselsdato 08.01.1976
Adresse Flusundvegen 21	Postnr. 6091	Poststed Fosnavåg
E-postadresse knut.magne.ronning@hotmail.no	Mobilnr. 90500899	

Klagen gjelder

Vedtak fattet i

Sak 2012/1361. Reguleringsplan for indre Bergsøy.

Fristen for å klage er: 4 uker når vedtaket gjelder helse- og omsorgstjenester 3 uker når vedtaket gjelder andre typer tjenester Klagefristen gjelder fra den dagen du mottok vedtaket.

Dato for vedtaket | Vedtaket er mottatt dato

Saksnr./Journalnr.

K 147/14

Klagen

Klagen gjelder Gards/bruksnr 28/14.

Vegen/gangvegen kommer for nærme huset.

Mister parkeringsmuligheter/oppstillingsplass foran garasje/hus.

Kan ikke akseptere dette, må ha den avstanden som er i dag til veg/gangveg.

Begrunnelse for klagen

På andre side av vegen er det i dag bare utmark, så kan ikke skjønne hvorfor vegen skal legges så nærme huset vårt, 28/14.

Kommunen har argumentert med at kurvaturen blir for krapp, dette faller på sin egen urimelighet, da vegen kan rettest opp fra avkjøring fra F654 og kurven kan begynne allerede rett etter 30/20. Kurven på vegen vil da bli slakkere enn den er i dag. Dette vil også medføre bedre løysing på veg/gangveg forbi 30/20, 30/25 og 30/49.


Med visse begrensninger har du rett til å se dokumentene i saken.

Ta da kontakt med forvaltingsorganet som har fattet vedtaket.

Vedlegg

Her oppgir du ev. vedlegg som styrker klagen.

Type vedlegg Skisse på kart	Last opp vedlegg Scan0009.pdf	Ettersendes per post
--------------------------------	----------------------------------	----------------------



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i nålestokk 1:1000 eller 1:500.

Helsing

HERØY KOMMUNE

Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: ragnar r reite [mailto:ragrei@hotmail.com]

Sendt: 31. desember 2014 11:33

Til: postmottak

Kopi: ragnar r reite

Emne:

Herøy kommune

p.b 274, 6099 Fosnavåg

Rådhusgata 5

6090 Fosnavåg

Flusund

31.12.2014

Berge og Flusund grendelag

6091 Fosnavåg

Klage på reguleringsplan for indre Bergsøy

Styret i berge og Flusund grendelag har mottatt mange henvendelser fra folket som blir rammet av reguleringsplanen for indre Bergsøy, det som går igjen i henvendelsene er at den vil få store konsekvenser for mange. Vi i styret forstår at kommunen vil tilrettelegge for fremtidig utbygging av indre Bergsøy med tilhørende veg, gang og sykkelsti.

Vi i styret har sett på planen for indre Bergsøy der vi ser at de er planlagt grøft flere plasser mellom hovedveg og gang-sykkelveg, dette mener styret i grendelaget er veldig lite hensiktsmessig de dette vil både bli fordyrende og at konsekvensene for de som bor langs veien

blir store, og vi synes ikke at de er tatt hensyn til den bebyggelsen som allerede eksisterer i bygda i dag. Vi forstår at de må tilrettelegges for gang og sykkelsti.

Ett annet argument er at de ikke er lagt opp til grøft mellom veg og gangveg alle plasser, der mange føler at de blir gjort forskjellsbehandling der noen ikke blir berørt av planen, kanskje kan kommunen utdype årsaken til dette.

Vi i styret ber kommunen om å se på planen igjen og da spesielt dette med grøfta mellom veg og gangveg som ser ut å være den største problemet langs vegen, fordi dette bandlegger mye mer av eiendommene langs vegen en de vi i styret synes er nødvendig, da vegen (V25) ser ut til å ha opphøyet gangfelt, noe som er praktisert på plasser med både høgre fartsgrenser og mer trafikk, som for eksempel i Tjørnvåg og som vi i styret også synes at de blir en bedre løsningen med opphøyet gangfelt langs vegen en grøft.

Mvh

Styret i Berge og Flusund grendelag

Send frå Windows E-post



Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

Enkeltvedtak - klage

Informasjon om klageordningen
Enkeltvedtak er vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer. De fleste søknader avgjøres som regel med et enkeltvedtak.
Hovedregelen er at alle enkeltvedtak skal ha en begrunnelse. Dette er særlig viktig i klagesaker. Begrunnelsen viser til de reglene vedtaket bygger på.
Enkeltvedtak kan påklages av personer vedtaket gjelder. I vedtaket vil det være opplyst om hvor klagen skal sendes.

Opplysninger om klageren		
Etternavn Berge	Fornavn Mariann	Fødselsdato 03.06.1974
Adresse Flusundvegen 49	Postnr. 6091	Poststed Fosnavåg
E-postadresse msb74@hotmail.com	Mobilnr. 93877887	

Klagen gjelder	
Vedtak fattet i Sak 2012/1361. Reguleringsplan for indre Bergsøy.	
Fristen for å klage er: 4 uker når vedtaket gjelder helse- og omsorgstjenester 3 uker når vedtaket gjelder andre typer tjenester Klagefristen gjelder fra den dagen du mottok vedtaket.	
Dato for vedtaket	Vedtaket er mottatt dato
Saksnr./Journalnr. 2012/1361	
Klagen Viser til Herøy Kommune sin reguleringsplan for Indre Bergsøy. I utgangspunktet synes vi vet det er flott at bygda får gang- og sykkelveg, men vi ser fortsatt ikkje behovet for grøntarealet mellom gang- og sykkelvegen i ei 30 sone ved KV 3355 HP1 m 485 til KV 3355 HP1 m 644. Dette gjeld et strekk på ca 160 meter. Håper kommunen kan gi oss som innbygger i kommunen, en konstruktive og grundig tilbakemelding på hvorfor dere skal vandalisere våres eigendommer med totalt 3 meter grøntareal (1,5m på kvar side av gangveg)! Det burde våre meir en godt nok med fortau! Alternativt kan td vere autovern. Ved å velge autovern, eller annet rekkverk, som ei fysisk skille, så slepp heile nabolaget å bli råka av inngrepet i våres eigendomar. Langs V25 er det lagt til rette for langsgående fortau med opphøgd kantstein. Kvifor er ikkje dette godt nok for strekninga KV 3355 HP1 m 485 til KV 3355 HP1 m 644? Vi ser at reguleringsplanforslaget legg til rette for vesentlig framtidig utbygging, både på Reite og Flusund. Så då burde vell gang- og sykkelvegen vere dimensjonert lik?? Viser også til vegen mot Øvre Bergslia og Heid turområde., som er en vesentlig mer trafikkert veg! Den er adskilt med autovern. Samt fylkesvegen i Tjørnvåg, som har mange ganger mer trafikk en Flusundvegen! Delvis adskilt med Autovern, opphøgd kantstein.	

Hvorfor stopper gang og sykkelvegen ved rundkjøringa, mellom V23, og V40?
 Er ikkje kommunen klar over at det er minimalt med biler som snur i rundkjøringen? Mesteparten av eksternt trafikk til Flusund går til gravplassen!
 Det å slutte gangvegen så langt ifrå ”utbyggingsområdet”, er vell i strid med kommunens egen trafikksikkerhet rundt reguleringsplanforslaget som legg til rette for vesentlig framtidig utbygging, både på Reite og Flusund?
 Korleis vil dere begrunne at KV 3355 HP1 m 485 til KV 3355 HP1 m 644 treng gang- og sykkelveg med grøntareale, og resten av strekket med mykje smalare veg ikkje treng noe... Ønsker en utgreiing kring dette.

Det er 4 hus som blir råka av dette, og vi kan med dagens plan ikkje sjå at kommuna gjer sitt for at inngrep i den enkelte sin eigendom skal bli så små som mogelig, og ber dere vurdere løysninga rundt gang- og sykkelvegen ein gang til, der autovern blir vurdert.

Gard og bruksnr 27/69 retter herved erstatningskrav om det skjer inngrep på vår eigendom for å lage gang- og sykkelveg med grøntareale. I Gard og bruks nr 27/69 er det bruk i underkant av 200.000 kr i utbedring av hage, mot vei (støyping av skifer heller, rullersteiner, etc i nordøstlig hjørne mot veg.). Som del av erstatningskravet skal kommunen bygge dette opp igjen dette området identisk med slik det var!
 Vi har ingen problemer med at kommunen tar av eigendomen om endringer som opphøyet fortau med kantestein eller fysisk skille som autovern blir vurdert.

Viser også til området i starten av Flusundvegen, her kjem det ikkje fram på kartet at dette området har ”grøntareale” mellom veg og gang- og sykkelveg, så vi ber om at kvar enkelt eigendom ved Flusundvegen blir behandla likeverdige.

Mvh
 Mariann og Gard Berge

Begrunnelse for klagen

Vi kan med dagens plan ikkje sjå at kommuna gjer sitt for at inngrep i den enkelte sin eigendom skal bli så små som mogelig, og ber dere vurdere løysninga rundt gang- og sykkelvegen ein gang til, der autovern blir vurdert som et alternativ.

Gard og bruksnr 27/69 retter herved erstatningskrav om det skjer inngrep på vår eigendom for å lage gang- og sykkelveg med grøntareale. I Gard og bruks nr 27/69 er det bruk i underkant av 200.000 kr i utbedring av hage, mot vei (støyping av skifer heller, rullersteiner, etc i nordøstlig hjørne mot veg.). Som del av erstatningskravet skal kommunen bygge dette opp igjen dette området identisk med slik det var!
 Vi har ingen problemer med at kommunen tar av eigendomen om endringer som opphøyet fortau med kantestein eller fysisk skille som autovern blir vurdert.

Mvh
 Mariann og Gard Berge

Med visse begrensninger har du rett til å se dokumentene i saken.
 Ta da kontakt med forvaltingsorganet som har fattet vedtaket.

Vedlegg

Her oppgir du ev. vedlegg som styrker klagen.

Type vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersendes per post
	Indre Bergsøy 2014 Klage.docx	



Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2014/1929
		Arkiv:	416

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/15	Formannskapet	20.01.2015
7/15	Kommunestyret	29.01.2015

OPPRETTING AV 100 % STILLING FOR FAST VIKAR I PLEIE- OG OMSORGS-AVDELINGA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.01.2015

Det vert oppretta 100 % stilling for sjukepleiar/fast vikar i pleie- og omsorgsavdelinga frå dags dato. Stillinga vert finansiert med eksisterande vikarmidlar.

Tilråding frå rådmannen:

Det vert oppretta 100 % stilling for sjukepleiar/fast vikar i pleie- og omsorgsavdelinga frå dags dato. Stillinga vert finansiert med eksisterande vikarmidlar.

Særutskrift:
HTV NSF
Leiar distrikt 1 Oddveig Garvik
Leiar distrikt 2 Gunn F Reite
Pleie- og omsorgsleiar

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Heimetenestene ved distrikt 1 og 2 har siste par åra meldt om vedvarande behov for meir personalressursar. Dette er rapportert i tertialrapporten frå pleie- og omsorgsleiar, og det har vore meldt inn som behov i budsjettarbeidet. Arbeidstilsynet har sett fokus på dette og etterspør tiltak frå kommunen for å bøte på gapet mellom oppgåver og ressursar.

Pleie- og omsorgsleiar har gjennomført ei risiko- og sårbarhetsanalyse saman med representantar for tilsette, verneombod, tillitsvalte og leiarane. Gjennomgangen viste at der er ein del konkrete tiltak som kan gjennomførast internt for å lette arbeidssituasjonen, og det er sett i verk systematisk oppfølging av dette. I tillegg kom der klart fram at det er behov for tilgjengelige vikarar, slik at dei tilsette slepp å bruke så mykje tid på å ringe etter folk når nokon er borte. Korttidsfråvær har tradisjonelt vore den største utfordringa, men no har det også vorte eit stort problem å få tak i vikarar til langtidsvikariat. Sjølv faste stillingar må lyast ut fleire gongar. Rekruttering er eit område som må ha stort fokus framover.

Som eit hastetiltak må ein no etablere ei full vikarstilling for sjukepleiar. Stillinga vert forankra på distrikt 1, med arbeidsoppgåver i heimetenestene, primært distrikt 1 og 2. Dersom behovet skulle minke må vedkomande også ta vakter på institusjon. Lønna vert å dekkje opp via refusjon sjukelønn eller øvrige vikarpostar.

Vurdering og konklusjon:

Det er nødvendig å rekruttere fagfolk for å kunne oppretthalde tenestekvaliteten og sikre dei tilsette eit godt arbeidsmiljø.

Konsekvensar for folkehelse:

Deltidstilsette gjer ein stor innsats i å dekkje vikarbehovet. Men når spørsmål om vakter vert ei meir som ei belastning over tid, vert det eit press som går utover arbeidsglede og trivsel.

Konsekvensar for beredskap:

Fagfolk i vikarberedskap er ein fordel for drifta. Denne personen må i første omgang dekke opp langtidsvikariat som vi ikkje har lykkast å få søkjarar til. Korttidsproblematikken vert såleis den same, men samla sett får avdelinga styrka sin fagkompetanse.

Konsekvensar for drift:

Avdelinga får fagkompetanse i vikarstilling. Ein må i 2015 ha ein gjennomgang av det øvrige behovet, då det viser seg stadig vanskeligare å få søkjarar på ledige stillingar.

Konsekvensar for økonomi:

Oppretting av vikarstilling vil redusere behov for overtid og forskyving av vakter.

Fosnavåg, 01.12.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ragnhild Velsvik Berge



Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2014/1862
		Arkiv:	A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
38/14	Komite for oppvekst	03.12.2014
171/14	Kommunestyret	17.12.2014
8/15	Kommunestyret	29.01.2015

STRATEGI FOR SKULEUTVIKLING

Møtebehandling:

Saka vart utsett til møte i januar.

Møtebehandling:

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte.

Tilråding i Komite for oppvekst - 03.12.2014

Komite for oppvekst tek saka til vitande og sender saka til kommunestyret for vidare handsaming.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret godkjenner strategien for skuleutvikling 2015-18, «Herøyskulen, ein los i leida»

Særutskrift:

Vedlegg:

«Herøyskulen - ein los i leida», strategi for skuleutvikling 2015-2018.

Saksopplysningar:

Som saksopplysningar, vert forordet til strategidokumentet kopiert inn. Dette fortel både tanken bak dokumentet, og korleis ein har arbeidd:

I 2004 vart dokumentet «Pedagogisk plattform for Herøyskulen» utarbeidd. Dette skulle danne basisen for det pedagogiske utviklingsarbeidet i grunnskulen. I 2006 kom skulereforma «Kunnskapsløftet» med nye læreplanar, noko som medførte ein revisjon av «Pedagogisk plattform». Revideringa hadde som formål å utvikle ei plattform og kriterium for den gode skulen i Herøy kommune, bygd på Kunnskapsløftet, nasjonale mål og hovudprioriteringar for grunnskulen, samt Opplæringslova med forskrifter.

Følgjande forhold vart lagde til grunn:

- *Skulane skal auke kompetansen sin, og gjevast større lokal fridom til å vidareutvikle arbeids- og læringsformer som set elevane si læring i sentrum.*
- *Skulen sitt utstyr og fysiske utforming skal støtte opp under slike arbeids- og læringsformer.*
- *Ei satsing på utvikling av kvaliteten på opplæringa gjennom kompetanseutvikling, utviklingsarbeid og forsøksverksemd.*
- *Bruk av IT som ein del av grunnlaget for utvikling av gode læringsformer og for å betre elevane sitt arbeidsmiljø.*
- *Samarbeid heim/skule.*

Som grunnlag og plattform kan ein seie at det meste framleis er aktuelt, om enn ikkje dekkande. Sidan revisjonen i 2006, har mykje endra seg i skulen. Det har vorte endå fleire lover, forskrifter og rundskriv som styrer skulen. Skuleeigar (kommunen) har fått eit endå større ansvar for system og kontroll. Skulestrukturen i Herøy er endra. Krava til læringsutbytte og resultat har auka. Kompetansekrava for undervisningspersonell har auka. Den teknologiske utviklinga har teke endå nokre steg. Det er sterke nasjonale føringar for pedagogisk skuleutvikling, og økonomiske stimuleringsmidlar er gjort tilgjengelege for å delta i nasjonale satsingar.

Berre for å nemne noko.

Samtidig har ein siste åra sett verdien av felles mål og felles retning, for å kunne bygge kvarandre gode på tvers av skular, og gjere oss nytte av kvarandre sin kompetanse.

Med desse momenta som faktorar i eit bakteppe, sette skuleavdelinga i gang eit analysearbeid med utgangspunkt i SWOT-metodikken. Målet var å teikne ei strategisk overbygning over kvar Herøyskulen står i dag, og kva retning vi skal gå vidare - saman.

Vurdering og konklusjon:

I strategiarbeidet vert retninga på arbeidet staka opp, og mål og strategiar vert fastsette. Samtidig ser ein verdien av at dette er eit kontinuerleg arbeid og dokumentet eit «levande dokument».

Skuleavdelinga ser på dokumentet som eit nyttig styringsverktøy, felles for Herøyskulen.

Konsekvensar for folkehelse:

Strategien tilseier kompetansebygging og fellesskap, noko som igjen skaper trivsel og samhald på arbeidsplassen og på tvers av skular.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen vesentlege konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Strategien tilseier større grad av nettverk og samarbeid, både på leiar- og lærarnivå.

Konsekvensar for økonomi:


Ingen vesentlege konsekvensar

Fosnavåg, 24.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Avd.leiar

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

«HERØYSKULEN - EIN LOS I LEIDA»

STRATEGI FOR SKULEUTV IKLING

2015-2018



Innholdsliste:

Forord.....	3
Visjonar og grunnprinsipp.....	4
Skulekrinsar.....	5
Elevtalsutvikling.....	5
Skular og kapasitet	6
Strategiske satsingsområde.....	7
Felles pedagogiske satsingar.....	11
Eleven sitt lærings- og arbeidsmiljø.....	14
Faktorar som støttar læring.....	16
Utdrag av handlingsplanar for den enkelte skule:	
Bergsøy skule.....	19
Einedalen skule.....	21
Leikanger skule.....	22
Moltu skule.....	23
Nerlandsøy skule.....	24
Stokksund skule.....	25
Ytre Herøy ungdomsskule.....	26
Utfordringar.....	27

FORORD

I 2004 vart dokumentet «Pedagogisk plattform for Herøyskulen» utarbeidd. Dette skulle danne basisen for det pedagogiske utviklingsarbeidet i grunnskulen.

I 2006 kom skulereforma «Kunnskapsløftet» med nye læreplanar, noko som medførte ein revisjon av «Pedagogisk plattform». Revideringa hadde som formål å utvikle ei plattform og kriterium for den gode skulen i Herøy kommune, bygd på Kunnskapsløftet, nasjonale mål og hovudprioriteringar for grunnskulen, samt Opplæringslova med forskrifter.

Følgjande forhold vart lagde til grunn:

- Skulane skal auke kompetansen sin, og gjevast større lokal fridom til å vidareutvikle arbeids- og læringsformer som set elevane si læring i sentrum.
- Skulen sitt utstyr og fysiske utforming skal støtte opp under slike arbeids- og læringsformer.
- Ei satsing på utvikling av kvaliteten på opplæringa gjennom kompetanseutvikling, utviklingsarbeid og forsøksverksemd.
- Bruk av IT som ein del av grunnlaget for utvikling av gode læringsformer og for å betre elevane sitt arbeidsmiljø.
- Samarbeid heim/skule.

Som grunnlag og plattform kan ein seie at det meste framleis er aktuelt, om enn ikkje dekkande. Sidan revisjonen i 2006, har mykje endra seg i skulen. Det har vorte endå fleire lover, forskrifter og rundskriv som styrer skulen. Skuleeigar (kommunen) har fått eit endå større ansvar for system og kontroll. Skulestrukturen i Herøy er endra. Krava til læringsutbytte og resultat har auka. Kompetansekrava for undervisningspersonell har auka. Den teknologiske utviklinga har teke endå nokre steg. Det er sterke nasjonale føringar for pedagogisk skuleutvikling, og økonomiske stimuleringsmidlar er gjort tilgjengelege for å delta i nasjonale satsingar.

Berre for å nemne noko.

Samtidig har ein siste åra sett verdien av felles mål og felles retning, for å kunne bygge kvarandre gode på tvers av skular, og gjere oss nytte av kvarandre sin kompetanse.

Med desse momenta som faktorar i eit bakteppe, sette skuleavdelinga i gang eit analysearbeid med utgangspunkt i SWOT-metodikken. Målet var å teikne ei strategisk overbygning over kvar Herøyskulen står i dag, og kva retning vi skal gå vidare - saman.



VISJON OG GRUNNPRINSIPP

Det strategiske utviklingsarbeide Herøy kommune sin visjon « - ei båtlengd føre», ligg som overbygning og rettesnor for alle tenestene som kommunen yter.

Herøyskulen bygg vidare på denne når vi løftar fram det som skal vere fyrlykta vår:

Visjon: «Herøyskulen - ein los i leia»

Vårt største ønskje at vi skal kunne legge til rette for å vere med å utvikle trygge og velfungerande barn og unge. Dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, og bygge verdiar og haldningar som fører dei på rett veg.

Motto: «Herøyskulen - med stø kurs»

Vi skal arbeide systematisk og målretta for å nå visjonen vi har sett oss. Vi er allereie på god veg, men skal i fellesskap nå endå lenger.

På **sjømerka** langs leida står der ord som:

Kvalitet - Meistring - Trivsel - Kunnskap - Læring - Utvikling

Det strategiske utviklingsarbeidet skal byggje på følgjande grunnprinsipp:

1. Læringsmiljøet skal vere prega av tryggleik, omsorg og respekt
2. Herøyskulen skal ha lærar- og leiarkompetanse til å møte framtida sine utfordringar.
3. Skulen skal ha klare læringsmål og forventningar til elevane, og med vurdering som fremjer vidare læring.
4. Samarbeid mellom heim og skule skal vere basert på god gjensidig kommunikasjon, til beste for elevane si læring.
5. Skulebygg og uteområde skal vere i samsvar med læreplanar og stimulere til fysisk aktivitet og trivsel.
6. Elevane skal oppleve meistring og godt læringsutbytte, ved hjelp av ulike læringsstrategiar og verktøy.
7. Tidleg oppdaging av vanskar, og tidleg innsats i eit tverrfagleg samarbeid.



SKULEKRINSAR

Grunnskulen i Herøy er samansett av 7 skular:

Namn skule	Elevtal pr.oktober 2014
Nerlandsøy skule 1.-7.	69
Moltu skule 1.-7.	52
Leikanger skule 1.-7.	79
Stokksund skule 1.-7.	94
Stokksund 8.-10.	73
Bergsøy skule 1.-7	300
Einedalen skule 1.-7.	183
Ytre Herøy ungdomsskule 8.-10.	239

Kommunestyret har gjort vedtak om kringsgrenser, som fortel kva bygdelag som høyrer til kva skulekrins, jfr. Opplæringslova §8.1. Det er også utarbeidd retningslinjer for handtering av saker som gjeld flytting av elevar til annan skulekrins enn den ein bur i.

Elevtalsutviklinga viser samla sett ein svak nedgang jfr. folketalsregistreringa, men innvandringa jamnar ut dette bildet. Utviklinga varierer noko frå krins til krins og med variasjonar i kulla frå år til år.

Tabell for elevtalsutvikling, basert på siste data frå Folketalsregisteret, pr.april2014

Barnetalsutvikling i Herøy kommune Klasser 14-15										1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.	Elevt.gr.sk
Krins	Fødd – år	Elevtal 14-15	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	2000	1999	2014/15		
0003+4+ 5+6+7	Einedalen	185	10	22	30	21	25	22	37	24	25	33	28	16					185	
0008.	Bergsøy	294	42	40	63	41	42	44	42	26	50	45	41	46					294	
0001+2	Nerlandsøy	68	13	9	13	12	9	7	7	10	12	13	9	10					68	
0009.	Moltu	52	3	4	6	8	3	5	15	3	6	6	8	9					52	
0012 +11	Leikanger	76	9	8	10	10	16	12	16	12	11	9	3	13					76	
0010+11	Stokksund b.sk	94	11	14	13	15	17	10	11	17	9	13	19	15					94	
	Stokksund u.sk	73													23	30	20		73	
	YHU	238													76	74	88		238	
	Kom. Årstr. b.s.		88	102	141	113	116	100	128	92	113	119	108	109						769
	Kom. Årstr. u.s														93	104	108		305	
																				1074

Folkeregister pr apr-14 Leikanger og Stokksund est.ford. av Myrvåg el.

Erfaringstal siste år har vist ein vekst ut over dette, i samband med innvandring. Dette merkast særleg på Bergsøy skule og Ytre Herøy ungdomsskule. Oversikta vert oppdatert to gongar pr.år.

SKULAR OG KAPASITET

Svingande årskull er ei stor utfordring i forhold til utnytting av kapasiteten i skulane.

Einedalen skule har i dag ca. 190 elevar, men er planlagt for 245. Skulen er eitt stort klasserom pr.årstrinn, med plass til 35 elevar - med tilstøytande grupperom for deling. Somme årstrinn er overfylte, medan andre har rikeleg kapasitet. Eventuell regulering av kringsgrenser for å fylle kapasiteten, vil dermed bety å opne opp for somme årstrinn og for andre ikkje.

Stokksund skule har god kapasitet på ungdomstrinnet, medan barnetrinnet svingar. Somme årskull er store og tangerer grensa for kor mange elevar der er plass til i klasserommet, medan andre er betre kapasitet. Ein blir stadig minna på at kommunestyret i si vedtok at der klasseromma skulle dimensjonast for 19 elevar - noko som viser seg å vere utfordrande å handtere.

Leikanger skule har hatt ein jamn vekst i elevtalet siste åra. Heile skulen, inkl. kjellar og loft, er no teke i bruk som klasserom. I tillegg låner ein tidvis noko areal på grendahuset til spesielle aktivitetar og møte/grupperom. I følgje prognosene vil skulen ha for liten kapasitet frå og med hausten 2016. Då vil ein ha behov for minst eitt klasserom til, samt meir arbeidsplassar for tilsette.

Bergsøy skule er delt i to avdelingar.

1.-4.årstrinn held til på avdeling Blåhaugen, og møter jamnt utfordringar med for lite areal. Kommunestyret skar 600m² etter at avdelinga var ferdig prosjektert og klar for bygging.

Dette medførte kutt i grupperom, garderober, SFO og lager. Med årskull på 40-50 elevar, er skulen for trang.

5.-7.årstrinn held til på avdelinga Borga. Her er det tilstrekkeleg kapasitet.

Ytre Herøy ungdomsskule har god kapasitet sett i forhold til elevtalet.

Nerlandsøy skule har bra kapasitet etter å ha fått sett opp modulbygg. I tillegg nyttar ein den nedlagde barnehagen som klasserom.

Moltu skule har god kapasitet. Ei ombygging av kjellaren sommaren 2014 gjorde det også muleg å få ei god ressursutnytting, med undervisning i fådelte grupper.

STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE

Opplæringslova §1-1 Formålet med opplæringa

Pkt.1 «Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.»

Pkt.5 «Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng».



Paraplyen over det pedagogiske arbeidet i Herøyskulen, har vi kalla «Meir læring for alle». Strategiane skal bygge opp under dette, og sikre motivasjon, lærelyst og nysgjerrigheit. Dette skal styrke læringa, auke læringsutbyttet og betre læringsresultata.

I dei strategiske vurderingane er det lagt stor vekt på styrke, svakheiter, mulegheiter og truslar -med bakgrunn i kvar grunnskulen står i dag. Det er lagt vekt på vurdering av moment som fremjar eller hemmer læring, og som i hovudsak ligg innanfor eige handlingsrom.

Det er viktig å vere bevisst dei sterke sidene i Herøyskulen, og bruke dette som grunnmur under det byggverket som skal sikre «Meir læring for alle».

Sterke sider

Analysearbeidet har avdekkja svært mange sterke sider ved Herøyskulen, men desse 3 vart vurdert som dei viktigaste, i forhold til læring:

- Kompetanse/fagkunnskap i alle ledd
- Samarbeid mellom skular/nettverk
- Høg grad av trivsel mellom tilsette og elevar

Kompetanse/fagkunnskap i alle ledd

Herøyskulen har dyktige skuleleiarar, nokre med formell skuleleiarutdanning og andre med lang erfaring. Ein har elles gjennom fleire år, arbeidd med intern leiaropplæring i samarbeid med dei andre kommunane på søre Sunnmøre.

Herøy kommune er organisert i 3 nivå, med ein skuleadministrasjon sentralt som støtte for skuleleiarane ute. Dette vert framheva som nyttig, positivt og trygt. Det er bygt opp fagleg kompetanse som sikrar god kvalitet på sakshandsaming og beslutningar i alle ledd, samt felles system og prosedyrer.

Alle tilsette lærarar har godkjent lærarutdanning. Ved nyttilsetjingar siste åra, har vi også stetta kompetansekrava for undervisning i ungdomsskulen, i tråd med opplæringslova. Det er fortsatt for få assistentar med fagbrev, men stor stabilitet og dermed erfaringskompetanse i skule og SFO.

Samarbeid mellom skular/nettverk

Det har gjennom fleire år vore etablerte nettverk mellom leiinga på ulike skular, både kommunalt og interkommunalt. I tillegg har det vore nettverk på tvers av skular innan somme fagområde og funksjonar.

Siste åra har det også blitt etablert nettverk for pedagogisk utvikling, såkalla lærande nettverk. Gjennom faglege innspel, felles refleksjon og deling av praksis har ein bygt ein felles kompetanse - løfta kvarandre i fellesskap. Det er svært mykje høg kompetanse i organisasjonen, både formell kompetanse og erfaringskompetanse.

Alle lærarar er no knytte til lærande nettverk, og erfaringane er svært positive.

Høg grad av trivsel mellom tilsette og elevar

Den årlege Elevundersøkinga viser at det store fleirtalet av elevar i Herøy trivst svært godt på skulen. Ein har ikkje så eksakte data på tilsette, men både sist gjennomførde

Medarbeidarundersøking og dei årlege medarbeidarsamtalane, samt lavt sjukefråvær, fortel at også tilsette trivst godt.

Trivsel og gode relasjonar er eit viktig fundament for læring. I så måte stiller Herøyskulen sterkt.

Dette er eit godt grunnlag å byggje vidare på framover.

Svake sider

Like eins vart svakheitene ved Herøyskulen vurdert, og fleire moment kom fram. Desse 3 vart vurdert som dei viktigaste i forhold til læring:

- Mangel på tid til prioritering av det som skaper læring
- Manglande kontroll av/system på kvaliteten i klasserommet
- Manglande rolleavklaring heim/skule, ikkje tydeleg nok.

Desse områda er det viktig å ta tak i, med overordna mål og tilak for heile Herøyskulen og med handlingsplanar på den enkelte skule.

Mulegheiter

I analysearbeidet er fleire potensielle utviklingsområde vurdert, område der ein for så vidt er på god veg, men der ein ikkje har teke ut alle mulegheiter:

- Rektor har ein viktig funksjon som pedagogisk leiar. Denne kan styrkast ytterlegare, både ved å observere i klasseromma og rettleie tilsette, og ved å drive skulebasert utviklingsarbeid.
- Undersøkingar viser at dei fleste foreldre til barn i Herøyskulen er støttande, og bryr seg positivt om skulen og elevane si læring. Ved å utnytte denne situasjonen endå meir, kan læringstrykket bli auka og læringsresultatet betre.
- Herøyskulen er i ferd med å samle seg om meir felles planar og felles utviklingsarbeid. Dette inneber auka grad av styring og oversikt, og ikkje minst styrka samarbeid. Her ligg mange mulegheiter, men kan også utfordre den enkelte sin integritet og lojalitet.

Truslar

Det er avdekka fleire truslar, som kan hindre eller hemme læring og måloppnåing:

- For svake støttefunksjonar, særleg IKT og vaktmestertjenester. Ein opplever stadig at datautstyr ikkje fungerer, og at ein ikkje får arbeide verken med læringsprogram eller kartleggingar slik intensjonen var. I tillegg utfører rektor oppgåver som tidlegare vart utført av vaktmester. Dette stel av tida som skal nyttast til pedagogisk leiing.
- Kunnskap om og evne til klasseromsleiing er ikkje like sterk hos alle lærarar. Begge dei pedagogiske satsingane legg til rette både for auka kunnskap og rettleiing, men der er ein veg å gå.
- Stadig fleire elevar har særlege behov som krev ressursar ut over det ordinære. I dag har alle rett på skulegang, uansett funksjonsevne og språk. Så lenge ramma er konstant eller endåtil vert redusert, er dette ein trussel for det generelle opplæringstilbodet i skulen.



Oppsummering av strategiske satsingsområde:

I planperioden skal det arbeidast fram mot følgjande målsetjingar:

1. Alle lærarar skal bli endå betre klasseleiarar, med god relasjon til elevane og fokus på meir læring. Måloppnåing skal avklarast gjennom kvantitative verktøy som Elevundersøkinga og kvalitative metodar som observasjon, refleksjon og samtale.

Tiltak:

Skuleeigar: Tilrettelegging av kompetansehevande tiltak og strukturar for samarbeid.

Rektor: Handlingsplanar og utviklingsarbeid på den enkelte skule, i samråd med PPT og andre kompetansmiljø.

2. Den enkelte rektor skal bruke meir tid til å vere pedagogisk leiar.

Måloppnåing skal avklarast gjennom kvantitative verktøy som medarbeidarundersøking, og kvalitative metodar som samtale mellom rektor og skuleeigar.

Tiltak:

Skuleeigar: Bidra til å redusere administrativt arbeid. Auke administrasjonsressursen på skulane. Arbeide for å styrke støttefunksjonane.

Rektor: Sterkare prioritering av oppgåver. Bruke elektroniske verktøy aktivt.

3. Styrke samarbeidet heim /skule, med tiltak relatert til læring. Avklare roller mellom skule og heim. Måloppnåing skal avklarast gjennom kvantitative verktøy som Foreldreundersøking, og kvalitative metodar som foreldresamtalar og foreldremøte.

Tiltak:

Skuleeigar: Involvere Kommunalt Foreldreutval, bidra til forståing og engasjement på kommunenivå. Initiere gjennomføring av Foreldreundersøking, analysere resultat.

Rektor: Handlingsplanar på den enkelte skule, i samarbeid med FAU. Analysere resultat av Foreldreundersøkinga, gjennomføre tiltak for forbetring.



FELLES PEDAGOGISKE SATSINGAR

Vurdering for læring

Fleire skular i Herøy deltok skuleåret 2013/14 i satsinga Vurdering for læring, i regi av Utdanningsdirektoratet. Dei andre har fått del i kunnskap og erfaringar.

Satsinga bygde på forskrift til opplæringslova; Individuell vurdering i grunnskulen og vidaregåande opplæring.

Det nye i dette er at ein i større grad enn før nyttar vurdering for å lære meir, i staden for berre ei sluttvurdering.

Overordna mål:

1. Leggjje til rette for at lærarar, leiarar og skuleeigar kan vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål.

2. Styrke læringstrykk og auke læringsnivået.

Sluttrapporten viser at alle skular har kome eit godt stykke lenger i dette arbeidet.

Lærarane set klare læringsmål for arbeidet, slik at elevane veit kva dei skal lære. Det vert set opp vurderingskriterie, slik at elevane veit kva som vert forventa av dei.

Ein opplever at vurdering for læring - eller undervegsvurdering - styrkar læringstrykket og aukar læringsresultatet. Arbeidet held fram på den enkelte skule, og inngår i det vidare arbeidet med «Meir læring for alle» og «Ungdomstrinnsatsinga»





Ungdomstrinnsatsinga

Ungdomsskulane i Herøy deltek i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling». Satsinga er skulebasert, med fagleg støtte frå Høgskulen i Volda, og går over perioden august 2014 til juni 2017. Faglege tema er relatert til Klasseleiing, Rekning og Lesing.

Overordna mål

1. Styrke læringsmiljøet i klasserommet, slik at elevane kan konsentrere seg og bli meir motiverte for læring og utvikling.
2. Overføre forskningsbasert kunnskap om klasseleiing til undervisning i aktuelle fag

Tiltak for skuleeigar

- Avklare skulane sine utviklingsbehov utifrå noverande status
- Sikre rektorar, utviklingsrettleiar og ressurslærar si involvering i arbeidet, gjennom plan, organisering og oppfølging.
- Leggje til rette for eit godt samarbeid med Høgskulen i Volda.
- Leggje til rette for at rektorar og ressurslærarar får delta på aktuelle samlingar i satsinga
- Sikre forankring av satsinga i kommunen

Tiltak for skulane

Sjå planar for dei enkelte skulane.

Meir læring for alle

Dei tre skulane Leikanger, Moltu og Nerlandsøy samarbeidde skuleåret 13/14 om satsinga «Meir læring for fleire» - der ein skulle sjå på korleis ein kunne styrke fellesskapet til beste for kvar einskild elev. Ein ville prøve ut om ein gjennom betre strukturar og tilrettelegging kunne utvide den gruppa elevar som får eit tilfredstillande undervisningstilbod i klasserommet, utan at ein måtte ty til spesialundervisning.

Frå hausten 2014 kom også Bergsøy og Einedalen med i satsinga på barneskulane. Visjonen er at flest mogleg av elevane kan få eit godt og tilfredstillande undervisningstilbod i klasserommet. Ein skal leggje godt til rette for alle i fellesskapet.

Overordna mål:

- Arbeid med å styrke lærarane som klasseleiarar og læringsleiarar
- Lære elevane elevrolle/ tydeleg forventningar for og til
- Varierte arbeidsmåtar
- Bygge gode relasjonar mellom alle deltakarar i skulemiljøet
- Betre system for og kvalitet på «vurdering for læring» til alle elevar
- Godt samarbeid med PPT også på systemnivå, for å flytte fokuset frå individet til læringsfellesskapet
- Gode lærande nettverk mellom både på rektor og lærarnivå, der ein får delt god praksis mellom skulane.



ELEVANE SITT LÆRINGS- OG ARBEIDSMILJØ

Retten til eit godt lærings- og arbeidsmiljø er relatert til Opplæringslova kap.9a.

Utifrå dette har alle elevar rett på eit godt fysisk og psykososialt miljø, som fremjar helse, trivsel og læring.

Eit godt miljø er definert slik: Verknaden skal vere tilfredsstillande, det vil seie at skulemiljøet ikkje skal forårsake eller forsterke helseplager eller mistrivsel, eller øydeleggje, hindre eller forstyrre læringa.

Om det fysiske miljøet (§9a-2):

Skulane skal planleggast, byggjast, tilretteleggast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til ei kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

I Herøy gjennomførte kommuneoverlegen i 2009 ei kartlegging av skulane i kommunen etter *Forskrift om miljøretta helsevern*. Fleire skular eller deler av skular vart då ikkje godkjende. Årsakene til dette var m.a. mangel på universell utforming, mistanke om dårleg inneklima sidan der ikkje er mekanisk ventilasjonsanlegg. Eigedomsavdelinga som forvaltar kommunen si bygningsmasse, driv jamnt utbetring og tiltak for å stette krava.

Om det psykososiale miljøet (§9a-3):

Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved sulen får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Herøy kommune har både system, handlingsplanar, tiltak, malar, sjekklister og kompetanse for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø, både førebyggjande og når det oppstår saker. Dette er dokument som ligg lett tilgjengeleg på Kvalitetslosen, med årleg revisjon.

Det er elles utarbeidd forskrift for orden og åtferd i Herøyskulen.

Ein har gode system og strukturar for tverrfagleg førebyggjande arbeid, gjennom *Handlingsplan for førebyggjande arbeid, Tverrfaglege team* i alle skulane, og faste møttestrukturar både på fag- og leiarnivå.

Kommunen har avtalar og kompetanse for bruk av MOT og Sterk&Klar på ungdomstrinnet. Dette er haldningsskapande program, retta mot elevar og foreldre. Målet er å skape trygge og gode oppvekstmiljø, der ein bryr seg om kvarandre, der vaksne er tydelege rollemodellar og der ein er trygge på kva verdiar som fremjar gode relasjonar og samhald.

Eit godt psykososialt miljø handlar også om gode relasjonar og meistring klasserommet. Lærarane arbeider målmedvite for å gjere undervisninga så variert og så praktisk retta at alle elevar skal kunne tileigne seg lærdom og oppleve meistring. Gjennom dette bygg ein ikkje

berre kompeanse, men også ei god sjølvkjensle som er nødvendig for å kunne handtere motgang.

Når det vert oppdaga krenkjing av elevar, har skulen prosedyrer for å handtere sakene etter Opplæringslova og Forvaltningslova.

Ei stor utfordring for skulen er den krenkjinga og mobbinga som skjer på sosiale media på fritida, og som elevane drar med seg inn i skulemiljøet. Samarbeid mellom føresette og skulen er heilt avgjerande for å handtere og redusere ei slik utvikling.

Eit godt psykososialt miljø for alle elevar er eit konstant utfordring, som har høg prioritet på leiarnivå; førebyggjande for å redusere, samt bevisstheit og kompetanse for å handtere korrekt etter lov og forskrift.



FAKTORAR SOM STØTTAR LÆRING

Relasjonen lærar/elev og læringsmiljøet i klasserommet er dei viktigaste faktorane for læring. Men her er mange støttefaktorar, som er viktige å spele på lag med og nytte ressursane til, til beste for elevane si læring.

PPT

Pedagogisk- psykologisk tenestekontor er ein viktig samarbeidspartnar for læring i grunnskulen. Oppdraget er heimla i Opplæringslova §5.6.

Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

PPT skal elles syte for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Dette gjeld i hovudsak spesialundervisning utifrå Opplæringslova §5.1.

PPT har fast trefftid ute på skulane, for rettleiing og samtale med leiing og tilsette.

Tverrfagleg samarbeid

I skulen møter ein elevar som av ulike grunnar ikkje er mottakelege for læring. Årsakene kan ligge både i og utanfor skulen. Det er ofte behov for tverrfagleg kompetanse både for vurdering av årsak, samt for gjennomføring av tiltak. Rask avklaring og handling er viktig, uansett årsak.

Derfor er det etablert tverrfaglege team i alle skular, med ein basis samansett av fagpersonar frå Helse, Barnevern og PPT. Andre fagpersonar kan bli kalla inn etter behov. Helsesøster har fast trefftid ute på skulane, tilgjengeleg for samtale med elevar.

Vidare arbeid for å gjere den tverrfaglege samhandlinga endå betre, er noko ein er bevisst på både gjennom felles kompetanseutvikling og gjennom samarbeid på leiarnivå.

Elevråd

Elevane er i seg sjølv ein viktig ressurs for å fremje læring. Han ein elevane med på lag, kan ein nå endå lenger i å skape gode læringsmiljø.

I følgje Opplæringslova er mandatet til elevrådet å fremje fellesinteressene til elevane på skulen, samt arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø.

Det er også viktig å involvere den enkelte elev i læringsarbeidet, gjennom å øve opp vurdering av eige arbeid og eigen arbeidsinnsats, samt å bli bevisst på ulike læringsstrategiar.

Foreldresamarbeid

Forskrift til opplæringslova kap.20:

Skulen skal sørgje for samarbeid med heimen jfr opplæringslova §1-1 og §13-3.

Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling.

Eit godt samarbeid mellom foreldre og skulen er ein svært viktig ressurs for utvikling av læringsmiljøet og for læringa til den enkelte elev.

Strukturen på samarbeidet er lovfesta, med oppretting av Foreldreutval ved kvar skule, foreldresamtalar, Samarbeidsutval m.m.

Utfordringa, og det ein vil ha utvida merksemd på framover, er samhandling og dialog for meir læring, der ein aktivt nyttar fagleg undervegs- og framovermelding for saman å hjelpe eleven i utviklinga si.

Herøy kommune har etablert Kommunalt foreldreutval (KFU) for å drøfte og handtere saker som gjeld heile Herøyskulen.

Herøy kulturskule

Herøy kulturskulen er ein viktig samarbeidsaktør for grunnskulen på ulike område. Avdelinga bidrar med kompetanse på prosjektbasis og deltar i satsinga Korps i skulen. I tillegg byggjer kulturskulen den enkelte elev sin kompetanse og ikkje minst sjølvtilitt, slik at eleven vert ein endå større ressurs i ulike samanhengar i grunnskulen. Kulturskulen gjer eit fantastisk arbeid med å la elevar få oppleve meistring innanfor sine felt. Dette bidrar igjen til auka læring i skulen, både ved at kompetansen har overføringsverdi og ved at elevar får tru på egne evner til å lære.

Internasjonal skule

Internasjonal skule har norskopplæring for vaksne som sitt primære arbeids- og ansvarsområde. Gjennom dette byggjer personale ein unik kompetanse på opplæring av minoritetspråklege, som også grunnskulen får del i. Det omfattar kunnskap om materiell og metodar, men også erfaring med kva som fremjar og kva som hemmer opplæringa for ein minoritetspråkleg. I tillegg til at skulen deler kompetansen sin, bidrar dei også med intensiv opplæring av enkeltelevar, særleg elevar som er i ungdomsskulealder når dei kjem hit til landet. Dette har stor verdi for at desse elevane i det heile kan greie å gjennomføre ein avgangseksamen når dei går ut av ungdomsskulen.



Skuleadministrasjonen

Den sentrale skuleadministrasjonen støttar rektorane både på enkeltsaker og på system, for å styrke kompetanse og kvalitet. Dette gir tryggare leiarar, og meir tid til pedagogisk arbeid.

STRATEGISK KOMPETANSEUTVIKLING

Herøyskulen har lærarar med godkjend utdanning i alle stillingar, dvs allmennlærerutdanning, grunnskulelærerutdanning eller fagutdanning med pedagogikk. Opplæringslova har siste åra kome med stadig strengare kompetansekrav for undervisning, så langt relatert til basisfaga engelsk, norsk og matematikk på ungdomstrinnet. Det er varsla også kompetansekrav for undervisning på barnetrinnet.

Sidan det gradvis er ei utskifting av lærarar, krevst det langsiktig vurdering av strategiske kompetansebehov framover. Behova må stettast anten gjennom nyrekruttering eller gjennom vidareutdanning.

Det er nyleg gjennomført ei kartlegging, som utgangspunkt for Kompetanseplan for pedagogar i grunnskulen 2015-18. Planen omfattar både vidareutdanning (formell utdanning med studiepoeng) og etterutdanning (fagleg oppdatering). Planen vil vere eit styringsverktøy både ved rekruttering og ved prioritering av kompetansesmidlane.

Høg kunnskap er viktig for å kjenne seg trygg i faget, og dermed også kunne variere undervisnings- og arbeidsmåtar. Det er likevel ikkje det einaste viktige for å kunne drive ei god undervisning. Formidlingsevne, relasjonar til elevane og det å vere ein tydeleg klasseleiar er også viktige element å ha med. Derfor inngår også slike emne i kompetanseutviklinga.

Den nasjonale utdanningspolitikken legg føringar og krav for større fagleg tyngde i teorifaga. Lokalt ser vi i tillegg ein stor verdi i utvikling av dei praktiske faga, det å la elevar oppleve meistring og blomstring innanfor område som musikk, idrett, forming og matlaging. Det gir læring, skaper variasjon og gir eleven tru på egne krefter og eigen verdi. Det er også ein stor ressurs for lokalsamfunnet at elevar kan bidra med kreative uttrykksformer til glede for alle som får sjå og høyre.



STATUS OG UTDRAK FR Å HANDLINGSPLANAR PÅ DEI ENKELTE SKULANE

Bergsøy skule



Avd. Borga 5.-7. årstrinn



Avd. Blåhaugen 1.- 4. årstrinn

Bergsøy skule er ein fulldelt barneskule med ca.310 elevar.

Borga: 5.-7. trinn

Blåhaugen: 1.-4. trinn og SFO.

Avd. Blåhaugen

Skulen er god på:

- * Klare mål på vekeplanane på alle trinn (gode målformuleringar)
- * Leseopplæringa
- * Stort læringstrykk
- * Handtering av store elevgrupper, ved likevel å sjå den einskilde elev

Pedagogiske satsingsområde:

* Lesing – lese i alle fag. Lese for å forstå. Spesielt vekt på å bli flinkare til å lese og forstå faktatekster.

Utviklingsmål:

- * Vurdering – halde fram med fjorårets Vurdering for læring. No med heile det pedagogiske personalet. Små steg. Tema på avdelingsmøta, med forpliktande opplegg/avtalar.
- * DUB – Dei utfordrande barna – utvikle handlingskompetanse til å førebyggje, avdekke og avhjelpe psyko-sosiale vanskar hos barn. Dette gjennom teori(førelsesningar+ lesing av adekvat litteratur) og kollegarettleing. Heile det pedagogiske personalet er med. Kollegarettleing vert nytta ca ein gong pr.mnd.

Utfordringar:

- * Plassmangel – både baserom, grupperom og garderobar
- * Manglande ressursar til meir deling
- * Stadig fleire elevar med behov for særskild tilrettelegging
- * Behov for å styrke det sosiale arbeidet ved skulen

Avd. Borga

Skulen er god på:

- * Elevmedverknad/aktivt elevråd
- * Fokus på læringsstrategiar
- * Fokus på å inkludere skulebiblioteket i pedagogisk arbeid
- * Personalet jobbar godt saman og har høg grad av trivsel
- * Eleven i sentrum
- * Konkrete læringsmål og felles sosiale mål og reaksjonsmønster
- * Sterkt fokus på trivsel for alle

Pedagogiske satsingsområde:

- * Vurdering for læring skal føre til meir læring for fleire.
- * Trivsel for alle – skulen skal ha fokus på at ordet ELEV betyr Å LØFTE.

Utviklingsmål:

- * Vidareutvikle lærarane sin kompetanse på lærarrolla og klasseleiing
- * Tilpassa opplæring skal sjåast i samanheng med kapittel 3 i Opplæringslova

Utfordringar:

- * Skulebygg som er lite funksjonelt for dagens behov
- * Mangel på tid til å sjå alle elevane godt nok kvar dag. Store elevgrupper.
- * Tilpasse oss dei mange nye elevane med anna morsmål enn norsk, samt ansvarleggjere minoritetsspråklege heimar i høve verdien av å lære norsk.
- * Arbeids- og tidkrevjande å handtere mykje av det elevane opplever på sosiale mediar på fritida
- * Mobbing – ei sak er ei for mykje

Einedalen skule



Einedalen skule har ca. 190 elevar, fordelt på 1.-7.årstrinn. Det er den nyaste skulen i kommunen, tatt i bruk i 2010.

Skulen er god på:

Einedalen skule har sidan starten hatt fokus på trivsel for alle – av dette visjonen vår 'God for meg'. Som eit ledd i dette, har skulen aktivitetsvakter som set i gong leikar i friminutta. Ein har og fellessamlingar i allrommet, der ein møtast på tvers av klassestega og får vise noko ein er god på / har jobba med.

Skulen har også ei flott sfo-avdeling, der fokuset er å sjå alle kvar dag.

Pedagogiske satsingsområde:

Einedalen skule – god for meg.
Meir læring for alle.

Utviklingsmål:

Alle lærarar og elevar nyttar vurdering for læring som ein naturleg del av arbeidet sitt.
Barn og vaksne skal bli trygge i rollene sine.

Utfordringar:

Sjølv om dei aller fleste elevane trivst ved skulen, er det og nokre som ikkje finn seg til rette eller ikkje har det kjekt på skulen. Ein opplever at enkelte elevar vert utestengde, og dette er noko skulen har fokus på, jobbar med og ser behov for å styrke.

Hendingar og ord på sosiale media er noko som vert tatt med på skulen og hemmar læring. Dette er noko som vert ei stadig større utfordring.

Leikanger skule



Skuleåret 2014-15 har Leikanger skule 79 elevar på 1-7 årstrinn. Skulen ligg midt i bygda Leikong på Gurskøya. Inne på skuleområdet ligg også Leikanger grendahus og Leikanger barnehage. Vi har eit flott uteområde med mellom anna ballbinge og kunstgrasbane.

Skulen er god på:

Skulen jobbar for å vere ein trygg og god læringsarena, med eit godt blick for den enkelte elev.

Pedagogiske satsingsområde:

Meir læring for alle: Visjonen er at flest mogleg av elevane kan få eit godt og tilfredstillande undervisningstilbod i klassa. Skulen skal leggje godt til rette for alle i fellesskapet.

Utviklingsmål:

- **Elevrolla:** Lære elevane å vere elev.
- **Klasseleiing:** Lære og bruke relasjonell klasseleiing.
- **Samarbeid heim skule**
 - Til beste for læringsmiljøet på skulen.
 - Rolleavklaring: kvar stoppar læraroppgåvene og kvar byrjar heimen sitt ansvar.
- **Vurdering for læring:** Undervegsvurdering og kriterium for måloppnåing

Utfordringar:

- Auka elevtal har ført til plassmangel (tal og storleik på klasserom) på skulen.
- Utarbeide endå tydelegare og meir konkrete læringsmål på vekeplanar.
- Bli betre på systemarbeid med undervegsvurdering og kriterium for måloppnåing

Moltu skule



Moltu skule har ca. 50 elevar, fordelt på 1.-7.årstrinn.

Skulen er god på:

Personalet brukar Pedit med arbeidsplanar og konkrete læringsmål. Vekevurdering. God kompetanse og fagkunnskap i personalet. Høg grad av trivsel mellom alle i skulemiljøet. Målretta og godt læringsmiljø.

Pedagogiske satsingsområde:

Meir læring for alle: Elevane skal ha eit godt og tilfredsstillande undervisningstilbod i klasserommet.

Utviklingsmål:

- * Samarbeid heim-skule til beste for læringsmiljøet på skulen. Avklaring av ansvarsområde mellom heim og skule, og utvikle gjensidig kommunikasjon mellom heim-skule.
- * Elevrolla: Lære elevane å vere elev. Bruk av praktiske øvingar. -Klasseleiing. Lære å bruke relasjonell klasseleiing.
- *Vurdering for læring: Undervegsvurdering og kriterium for måloppnåing.

Utfordringar:

Bygningsmessige utfordringar.

Nerlandsøy skule



Skulen har ca. 75 elevar, på 1.-7.årstrinn. Bygget er samansett av fleire byggesteg, det siste i 2011. Skulen ligg på Nerlandsøya ved vegen sørover mot Kopperstad.

Skulen er god på:

Tilpassa opplæring. Har lagt arbeid i å gi elevane hjelp i si ordinære klasse.
Arbeide med elev/lærarrelasjonar.

Pedagogiske satsingsområde:

2013-2014 - Meir læring for fleire. Klare reglar for åtferd og klare forventningar for og til elevane. Lære å bruke relasjonell klasseleiing . Arbeidet skal vidareutviklast og haldast ved like i fleire år framover.

2014-2015 – Halde fram med meir læring for fleire

- Samarbeid heim/skule til beste for læringsmiljøet på skulen
- Rolleavklaring– kvar stoppar læraroppgåvene og kvar byrjar heimen sitt ansvar

Utviklingsmål:

Vidare arbeid med og forbetring av læringsmål på vekeplanane.
Spesialundervisninga skal sikre eleven læring i lærefelleskapet og ikkje ute av det.
Innarbeide og handheve tydelege reglar og konsekvensar.

Utfordringar:

Lite positive aktivitetar på sosiale mediar blir dratt med inn i skulen og hemmar læringa.
Vedlikehalde og ha lojalitet til satsingsområde ein har blitt samde om.
Bli betre til å nytte Pedit i kontakten med heimane.

Stokksund skule



Stokksund skule har ca.170 elevar fordelt på 1. - 10. trinn. Ungdomsskuledelen, med tilhøyrande idrettsbygg og symjebasseng, vart teken i bruk i 1974, og huser elevar frå krinsane Tjørnvåg, Myrvåg, Moltu og Leikong. På barneskulen har vi elevar som krinsar til Tjørnvåg og Myrvåg. Barneskulen sitt bygg vart teke i bruk i 1999.

Skulen er god på:

Det er eit godt arbeidsmiljø på skulen, med gode rutinar for deling og samarbeid mellom dei tilsette. Elevmiljøet er også godt, med lite mobbing og godt læringsmiljø i klasseromma.

Pedagogiske satsingsområde:

Skulen har dei to siste åra arbeidd med "Vurdering for læring" som satsingsområde. No er ein med i "Ungdomsskulesatsinga", og alle årstrinna 1.-10. deltek. Ein har hovudfokus på klasseleiing og lesing. Den satsinga går fram til årsskiftet 2015/16.

Utviklingsmål:

Det skal utarbeidast ein felles plan for arbeidet i klasserommet, for å få god klasseromsleiing tufta på dei fire hovudprinsippa i "Vurdering for læring". Ein skal sjå att denne satsinga i alle klasserom, og hjå alle lærarar. På sikt trur ein dette skal betre dei faglege resultata til elevane.

Utfordringar:

Det er ei utfordring å tilpasse dei nye planane og arbeidsmåtane til allereie godt innarbeidde rutinar. Det krev litt av kvar einskild å endre på det ein er kjend og trygg med. Det er viktig å innføre endringane på ein slik måte at det vert opplevd som ein framgang til noko betre i høve til det ein har.

Ytre Herøy ungdomsskule



Skulen ligg på Bergsøya, ved kulturhus, idrettsbane og aktivitetspark. Skulen har ca.280 elevar fordelt på 8.-10.årstrinn.

Skulen er god på:

Kompetanse, relasjon og strukturar.

Pedagogiske satsingsområde:

Relasjon lærar elev, meir læring for fleire og pilotering.

Skulen skal vere i konstant utvikling mot betre fagleg og pedagogisk kompetanse. Ein skal vere ein pilot i regionen når det kjem til utvikling og samarbeid med næringsliv og institusjonar. Ein har starta med:

- IKT. Skulen tek initiativ overfor andre skular og arrangerer kurs (Oppad, app., Pedit, Geogebra, Textpilot).
- Fag. Skulen arrangerer kurs i regionen og er initiativtakar for utvikling (matematikk, norsk og framandspråk). Samarbeid med miljøsenderet om naturfag.
- Ungdomstrinn i Utvikling. Skulen skal skape endring og forbetring gjennom skulebasert utviklingsarbeid.

Utviklingsmål:

- Å få meir kunnskap om og utvikle oss som klasseleiarar.
- Å bli betre på rekning generelt, og på tvers av faga

Utfordringar:

- Tidsklemme, utfordrande å prioritere utvikling i ei stadig meir krevjande drift.
- Ressursar; økonomi, lokale, utstyr, IKT
-

UTFORDRINGAR FOR HERØYSKULEN

Analysearbeidet har avdekka at ein gjer mykje bra og rett arbeid for at alle elevar skal kunne tileigne seg meir kunnskap og lære meir. Ein lykkast i tillegg med å skape trivsel og gode relasjonar - for dei aller fleste elevane våre.

Som dokumentet viser, har ein også avdekka utfordringar og truslar som det må arbeidast med på ulike nivå framover.

Dei utfordringar og truslar som ligg innanfor skuleavdelinga sitt handlingsrom, tar vi tak i sjølve gjennom dei strategiske satsingsområde våre. Dette arbeidet er allereie godt i gang og på stø kurs.

I tillegg til desse, må det arbeidast med:

1. Styrke støttefunksjonane rundt det pedagogiske arbeidet (jfr. side 9). I dette ligg også å ha tilgjengeleg datautstyr som verktøy for læring, for alle elevar generelt og for elevar med ulike typar vanskar spesielt. Kunnskapsløftet seier at alle elevar skal ha digitale ferdigheiter til bruk i dei ulike faga. Vi er ikkje der i dag.
2. Stadig fleire elevar slit med utfordringar relatert til psykisk helse, eller vanskar relatert til heim og fritid. I mange tilfelle blokkerer dette for læring. Vi har tverrfaglege team, vi har PPT og vi har helsesøster - men desse er ikkje til stades og kan følgje opp og arbeide i det daglege. Ein ser no at det kan vere behov for annan kompetanse i skulemiljøet, kompetanse inn mot sosialpedagogikk eller miljøarbeid. Dette må det arbeidast med framover.



Dokumentet «Strategi for skuleutvikling» gjeld for perioden 2015 – 2018, men skal årleg evaluerast.

Neste revisjon vert februar 2016.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2014/1556
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/15	Kommunestyret	29.01.2015

VAL AV FLEIRE MEDDOMMARAR TIL TINGRETEN

Tilråding frå rådmannen:

Som meddommarar til tingretten i perioden fram til 31.12.16 vert valde:

Særutskrift:
Dei valde
Fellessekretariatet
Søre Sunnmøre tingrett, Pb 85, 6101 Volda

Tilråding frå valnemnda:

Som meddommarar til tingretten i perioden fram til 31.12.16 vert valde:

Kvinner:

Marthe Vågsholm Sævik
Bente Storvik
Rollaug Anja Lillestøl
Wenche Aarebrot
Dagrun Wiik Gjerde
Anna Aasmo
Adeleide Strand Kvalsvik
Kristin Hjelmeseth Kvalsvik
Janita Westbø Remøy
Marie Voldsund
Kari Elsebø
Kristin Henriksen
Tove Iren T. Hansen

Menn:

Lars Ivar Moldskred
Magnar Storøy
Jan Arve Drabløs
Knut Storøy
Kurt Dahlstrøm
Henry Jøsokbakke
Idar Kjell Tarberg
Norvald Bjarne Muren
Oddmund Konrad Voldsund
Frank Otto Kvalsvik
Kjell Alfred Runde
Helge Håberg
Stian Elveseter

Saksopplysninger:

Søre Sunnmøre Tingrett ber i brev datert 10.10.14 om flere meddommarar.

Frå Herøy kommune 26 fleire meddommarar, 13 kvinner og 13 menn.

Dette på bakgrunn av den store mengda straffesaker, samt auke i sivile saker som vert sett med meddommar frå det allmenne utvalet hjå tingretten.

Utdrag frå domstol.no

«Lekdommere velges av kommune- eller bystyret, og valgperioden er fire år.

[Domstoloven](#) (lenke til lovdata.no) stiller visse krav til hvem som kan velges til lekdommere:

Blant annet må du være fylt 21 år og under 70 år, ha stemmerett og være valgbar til kommunestyret. Du må være norsk eller nordisk statsborger eller har vært innført i norsk folkeregister som bosatt i Norge de siste tre årene.

Det er også et vilkår at du snakker og forstår norsk. Videre stilles det krav til lekdommeres lovlidighet. Disse kan ikke velges:

- Den som er idømt ubetinget fengsel i mer enn ett år, forvaring, tvungent psykisk helsevern eller tvungen omsorg, er varig utelukket fra vervet som meddommer.
- Den som er idømt ubetinget fengsel i inntil ett år er utelukket i 15 år, regnet fra når dommen ble rettskraftig.
- Den som er idømt betinget fengselsstraff, uansett straffens lengde er utelukket i 10 år, regnet fra når dommen ble rettskraftig .
- Den som har fått bøtestraff for lovbrudd med en strafferamme på mer enn ett år medfører utelukkelse i 10 år. Dette regnes fra da boten ble vedtatt eller dommen ble rettskraftig. Forenklete forelegg omfattes ikke.
- Den som har fått betinget påtaleunntatelse og domsutsettelse, dersom det straffbare forholdet har en strafferamme på mer enn ett år. Domsutsettelse betyr at retten har avsagt dom på straffeskyld, men har unnlatt å idømme straff.
- Den som er idømt samfunnsstraff blir utelukket i 15 år. Tidspunktet regnes fra da dommen ble rettskraftig hvis den subsidiære fengselsstraffen er mindre enn ett år. De som er idømt en subsidiær fengselsstraff på mer enn ett år, er utelukket for alltid.

Noen yrkesgrupper kan ikke velges som lekdommere. De som ikke kan velges er:

- stortingets representanter og vararepresentanter
- statssekretærer, statsrådenes personlige politiske rådgivere og ansatte ved statsministerens kontor
- fylkesmenn og assisterende fylkesmenn
- utnevnte og konstituerte dommere og ansatte ved domstolene
- ansatte i påtalemyndigheten, politiet og kriminalomsorgen
- ansatte i Justisdepartementet, Politidirektoratet og Domstoladministrasjonen (inkludert styret)
- ansatte og studenter ved Politihøgskolen og Fengselsskolen
- praktiserende advokater og advokatfullmektiger
- kommunens administrasjonssjef eller kommunerådets medlemmer i kommuner som er organisert i samsvar med kommuneloven kapittel 3, og kommunale tjenestemenn som tar direkte del i forberedelsen eller gjennomføringen av valget

Lekdommerne blir trukket tilfeldig fra utvalget til hver enkelt sak. Det skal være like mange av hvert kjønn.»

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 21.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/15 Mellombels bruksløyve - 83/108 17.12.2014 00:00:00 Enerbygg Bolig as

DS 2/15 Sverre Holding AS 37/130 - Løyve til fasadeendring 06.01.2015

00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 3/15 Geir Knotten 45/166 - Ferdigattest 12.12.2014 00:00:00 Myklegard

Consult AS

DS 4/15 Olav Kjellstadli - 16/91 - Endring kotehøgd 22.12.2014 00:00:00

Ørsta Byggservice as

DS 5/15 Herøy kyrkje 37/15 - Mellombels bruksløyve for deler av kjeller

07.01.2015 00:00:00 Moldskred AS v/ Sindre Moldskred

DS 6/15 Karl Anton Voldnes 79/55 - Bruksløyve 14.01.2015 00:00:00

Karl-Anton Voldnes m.fl.

DS 7/15 Bente Larsen Nerland/Magnus Nerland 16/131 - Endring av gitt løyve

15.12.2014 00:00:00 Bente Larsen Nerland og Magnus Sævik Nerland

DS 8/15 Tømrer prosjekt as - 31/4 - Endra plassering hus 1 og 2 15.12.2014

00:00:00 Tømrer Service as

DS 9/15 Ferdigattest 40/22 22.12.2014 00:00:00 Artikon as

DS 10/15 Mellombels bruksløyve - 45/170 22.12.2014 00:00:00 Sporstøl

Arkitekter as

DS 11/15 Villy Kvalsund 63/1 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein

07.01.2015 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 12/15 Herøy kyrkje 37/15 - Ferdigattest for installasjon av

løfteplattform/heis 08.01.2015 00:00:00 ThyssenKrupp Aufzuge Norge AS

DS 13/15 Trond Kleppe - 76/39 - Rammeløyve bruksendring 07.01.2015

00:00:00 Myklegard Consult as

DS 14/15 Bjørn Leikanger - motorisert ferdsel i utmark for transport av

byggevarer til sel. 14.01.2015 00:00:00 Bjørn Leikanger

DS 15/15 Nils Gunnar Valde - 45/159 - Endring av ansvarsrett 09.01.2015
00:00:00 Per Mulvik as

DS 16/15 Anne Ma Solheim og Arthur Almestad 33/116 - Ferdigattest
15.01.2015 00:00:00 KIMA Arkitektur AS v/ Inge Hareide

DS 17/15 Anders Vold Enerhaug - 58/34 - Endring garasje/verkstad
16.01.2015 00:00:00 Anders Vold Enerhaug

DS 18/15 Aurvoll og Furesund AS 29/6,8,9,332 - Løyve til å legge ny
vassleidning 19.11.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 19/15 Herøy Kommune - 29/151 - Tribuneoverbygg 05.01.2015 00:00:00
Christie & Opsahl

DS 20/15 Ferdigattest for parkeringshus i Gerhard Voldnes veg 15.01.2015
00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 21/15 Søknad om serveringsløyve - PEN THORSETH THAI-GODSAKER
19.01.2015 00:00:00 PEN THORSETH THAI-GODSAKER m.fl.

DS 22/15 Herøy Vasslag 29/313 - Ferdigattest oppsetjing av pumpestasjon
02.12.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 23/15 Ferdigattest - 37/101 - tilbygg 03.12.2014 00:00:00 Helge Rødseth

DS 24/15 Jan-Lennart Berge 13/90 - Ferdigattest 15.12.2014 00:00:00
Jan-Lennart Berge

DS 25/15 Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Mellombels bruksløyve seksjon 2
15.12.2014 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 26/15 Ferdigattest - drivhus 15.12.2014 00:00:00 Svein Olav Hatlem

DS 27/15 Herøy kommune - 46/25 - Pipe 15.12.2014 00:00:00 Ståle Berge
VVS as

DS 28/15 Mellombels bruksløyve - 80/14 15.12.2014 00:00:00 Enerbygg Bolig

as

DS 29/15 Ferdigattest pipe - 16/76 17.12.2014 00:00:00 Cementprodukt as

DS 30/15 Ferdigattest seksjon nr 5 - 5/65 17.12.2014 00:00:00 Oluf Teige

DS 31/15 Geir Tjervåg 53/1 - Løyve til oppføring av driftsbygning 06.01.2015
00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 32/15 Grethe Halleråker - 60/277 og 446 - Garasjebygg 05.01.2015
00:00:00 Kvadratbygg as

DS 33/15 Alf-Sigmund Hjelmeseth 29/32 - Ferdigattest for riving av
brannskada hus 14.01.2015 00:00:00 AF Decom AS

DS 34/15 Endre Notø - 32/2 - Riving av naust 14.01.2015 00:00:00 Endre
Notø

Referatsaker

Referatsaker

Fra: postmottak

Sendt: 17. desember 2014 08:06

Til: Arkiv

Emne: FW: Þý S U N N Mýý R S B A D E T F O S N A V ýý G A S . H E R ýý Y K O M M U N E
Þý U T E O M R ýý D E T

Helsing

Þý H E R ýý Y K O M M U N E
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: Þý B j ýý r n M a r t i n A a s e n [mailto:bmaasen@ic

Sendt: 16. desember 2014 20:45

Til: postmottak; Arve Moltubakk; Per Kyrre Kvien

Kopi: Þý B j ýý r n M a r t i n M a r t i n A a s e n

Emne: Þý S U N N Mýý R S B A D E T F O S N A V ýý G A S . H E R ýý Y K O M M U N E
Þý U T E O M R ýý D E T

Þý S t y r e t i S u n n m ýý r s b a d e t F o s n a v ýý g A S g j o r d
92/14 slikt vedtak i pkt 3.:

1. "Styret bed arbeidsutvalet iverksette eit eige arbeid med avklaring av
þý k o s t n a d s d e l i n g m e l l o m S F A S o g H e r ýý y k o m m u n e
þý s k a l v e k t l e g g a s t ýý f ýý f r a m d o k u m e n t a s j o n
þý m e l l o m S F A S o g H e r ýý y k o m m u n e k n y t t t i l
þý a v k l a r a s t k v a e v t l . a v t a l e r o m d i r e k t e f
þý g e n e r a l e n t r e p r e n ýý r t i l H e r ýý y k o m m u n e , s o
þý a r b e i d e t e r a v s l u t t a f ýý r f ýý r s t e e i g a r m ýý t

þý M e d b a k g r u n n i o v a n s t ýý a n d e b e d e g o m
þý 1 . K o p i a v r e l e v a n t e k o m m u n a l e v e d t a k s o
þý k o m m u n e n ýý r d e t g j e l d a r b e i d e r ýý U t o m h u s ýý
þý t i l k o m s v e g , e v t l k o p i a v a v t a l e m e l l o m S
same.

2. Kopi av kommunale vedtak, evtl avtaler, som regulerer forholdet mellom
þý g e n e r a l e n t r e p r e n ýý r e n C h r i s t i e o g H e r ýý y k
þý f o r a r b e i d ýý U t o m h u s ýý m e l l o m C h r i s t i e o g
þý 3 . K o p i a v K - s a k e r m e d a l l e v e d l e g g d e r
þý k r . 2 5 , 0 m i l l t i l u t e o m r ýý d e t v e d S u n n m ýý r

þý A v o m s y n t i l f r a m d r i f t i v ýý r t a r b e i d b e d
sitt vedtak.

þý E g b e d o m s t a d f e s t i n g p ýý m o t t a k a v d e n n e

Med venleg helsing

þý B j ýý r n M a r t i n A a s e n
styreleiar

Fra: postmottak

Sendt: 19. desember 2014 11:09

Til: Arkiv

Emne: FW: Þý H E 0 4 - 1 4 Mýý T E P R O T O K O L L E N - U T S K R I F T

Helsing

Þý H E Rýý Y K O M M U N E

Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Þý J o s t e i n S týý y l e n [mailto:J o s t e i n . s t o y l

Sendt: 19. desember 2014 11:08

Til: postmottak

Kopi: Þý A r n u l f G o k sýý y r ; E r l e n d K r u m s v i k ; O l a u

Emne: Þý H E 0 4 - 1 4 Mýý T E P R O T O K O L L E N - U T S K R I F T T


Her fylgjer utskrift til kommunestyret. Melding.

Mvh

Vest kontroll

Þý J o s t e i n S týý y l e n

Dagleg leiar



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, formannskapssalen
Dato:	10.11.2014
Tid:	13.00 – 15.15

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Frank Lied	Nestleiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

Forfall:

Ingunn Tandberg	Medlem	
Selma Håkonsholm	Medlem	

Varamedlemer som møtte:

Aksel Kvalsvik		
Ingen andre på blå liste som kan		

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
-----------------	--------------	--

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	
---------------	----------------------------	--

Frå kommunen, politisk hald og administrasjonen møte:

Erlend Krumsvik	Rådmann	I sak 33 34 og delvis 35
Jon Rune Våge	Brannsjef, leiar anlegg og drift	I sak 33 og 34
Geir Egil Olsen	Økonomisjef	I sak 33

Andre som møtte:

--	--	--

Gerhard Furø

Frank Lied

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
29/14	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
30/14	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
31/14	MELDINGAR
32/14	GJENNOMGANG AV MØTEBØKER 2014
33/14	ORIENTERING VED RÅDMANNEN
34/14	ORIENTERING VED BRANNSJEFEN
35/14	TILSYNSRAPPORT – HERØY KOMMUNE SITT ARBEID MED OPPFØLGING AV BARN I FOSTERHEIM

SAK 29/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 32 som siste sak.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Frank Lied.

SAK 30/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg:

Møteprotokollen frå møtet den 16.10.2014.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet den 16.10.2014 vert godkjent.

SAK 31/14 MELDINGAR

Vedlegg:

1. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS: Prosjektplan – Spesialundervisning Herøy kommune
2. Revisors beretning – Uttalelse om årsregnskapet Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
3. Vestlandsnytt 28.10.2014: «Ut etter «politisk dragkamp» »
4. Sunnmørsposten 30.10.2014: «Ny millionsprekk for badeland»
5. Sunnmørsposten 31.10.2014: «Ber om meir til badeland»
6. Utdelt melding av 07.11.2014: Notat frå revisjonen vedkomande omsorgsløn.

Samrøystes vedtak:

Meldingane 1 – 6 vert tekne til orientering.

SAK 32/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	30.10
Formannskapet	14.10, 21.10
Maritim og teknisk komite	28.10
Eldrerådet	13.10
Komite for næring kultur og idrett	20.10
Komite for Helse og Omsorg	23.10
Komite for Oppvekst	29.10
Valnemnd	30.10

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 33/14 ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Rådmannen Erlend Krumsvik møtte saman med økonomileiar Geir Egil Olsen og leiar anlegg/drift Jon Rune Våge.

Saksopplysningar:

Orientering 1:

Rådmannen var beden om å orientere om den rekneskapsmessige behandlinga ved kjøp av parkeringsplassar i investeringsprosjekta Fosnavåg Parkering AS og tilhøve vedkomande Havila Stadion.

Økonomileiar Olsen orienterte vedkomande Fosnavåg Parkering AS, og opplyser at den rekneskapsmessige handteringa er godt vurdert og ivareteken.

Leiar for anlegg/drift Våge orienterte om eigarforholda og rekneskapsmessige vurderingar i høve utbygging og drift vedkomande Havila Stadion, spesielt siste utbygginga som gjeld tribunetaket.

Orientering 2:

Rådmannen orienterte om tilsetjingsavtale vedkomande arrangementsleiar Holum (kulturhuset, konserthuset, kommunen). Iflg. rådmannen har Holum i sin tilsetjingsavtale lov til å drive privat firma, under føresetnad at dette ikkje går utover hans 100% stilling i kommunen.

Viser her også til notat frå revisor av 07.11.14.

Orientering 3:

Kontrollutvalet tok opp med rådmannen om praksis kring bruk av offentleglova eller dette med unntak frå offentleg innsyn, då særleg i personalavdelinga. Dette er tilhøve som også tidlegare er teke opp. Utvalet minner også om regelen for meirinnsyn. Rådmannen lova å sjå til at lova var følgt på området, og vil særleg ta dette opp med personalavdelinga.

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen ved økonomileiar og leiar for anlegg/drift vedkomande investeringsprosjekta Fosnavåg Parkering AS og Havila Stadion til vitende, og føreset vidare oppfølging i.h.t. gjeldande regelverk.
2. Kontrollutvalet tek til vitende orienteringa frå rådmannen vedkomande tilsetjingsavtalen for arrangementsleiar Holum.
3. Kontrollutvalet er nøgde med at rådmannen vil skjerpe rutineane for at offentleglova sin reglar, og særleg retten til innsyn, vert følgde.

SAK 34/14 ORIENTERING VED BRANNSJEFEN

Rådmann Erlend Krumsvik og brannsjef Jon Rune Våge var til stades i saka og orienterte.

Saksopplysningar:

Rådmannen/brannsjefen orienterte om tilsetjingsprosedyren og vaktene/vaktordninga i brannvernet, ytre og indre Herøy og skilnadene mellom desse.

Når det gjeld tilsetjing har gjeldande reglar vore følgde. Dei tilsette sine organisasjonar har vore med i prosessane utan innsigelsar.

Brannvesenet har også sørgja for nødvendig kursing i samsvar med krava.

Alle som ynskjer får delta på kurs og får dekkja taпт arbeidsforteneste.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå brannsjefen vedkomande tilsetjingsprosessar m.m. til vitende.

SAK 35/14 TILSYNSRAPPORT – HERØY KOMMUNE SITT ARBEID MED OPPFØLGING AV BARN I FOSTERHEIM

Rådmann Erlend Krumsvik var til stades i deler av saka.

Vedlegg:

Rapport frå tilsyn med Herøy kommune sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim

Saksopplysningar:

Systemrevisjonen gjaldt følgjande område: Kommunen sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim. For å kontrollere om barnevernstenesta følgjer med utviklinga til barn som er plasserte i fosterheim, undersøkte ein desse tilhøva:

- Oppfølging og kontroll av barnet sin situasjon i fosterheimen
- Korleis barnet har fått medverke
- Råd og rettleiing til fosterforeldra
- Oppfølging av biologiske foreldre

Det vart ikkje avdekt avvik eller grunnlag for merknader innanfor dei reviderte områda.

.....

Kontrollutvalet viser til sak 17/14 pkt. 2:

«Kontrollutvalet er positive til innspel om forvaltningsrevisjon, også om barnevern.

Utvalet vil ha fylkesmannen sitt nylege tilsyn av barnevernet til gjennomgang og vurdering før eit tilsyn frå kontrollutvalet på dette området kan vurderast og evt. prioriterast»

Det vart presisert overfor rådmannen at tilsynsrapportar bør fram for kommunestyret f.eks. som melding etter kvart.

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.
2. Kontrollutvalet registrerar at fylkesmannen sin tilsynsrapport kun gir svar på eit avgrensa område i barnevernstenesta (spørsmål kring fosterheim). Utvalet

vil difor vurdere barnevernet som eit prosjekt i neste valperiode, og vil vurdere det i samband med utarbeiding av overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.

MØTET SLUTT.

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**